

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 14.05.2013
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 07.05.2013

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:


Saksnr	Innhold
PS 81/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 82/13	Protokoll frå førre møte
PS 83/13	Delegasjonssaker
PS 84/13	Referatsaker
PS 85/13	Søknad om startlån
PS 86/13	Innløysing av driftsbygning i Frøystadvåg gnr 21, bnr 1.
PS 87/13	Byutviklingsprosjekt Fosnavåg by.
PS 88/13	Frantzen Maskinstasjon AS. Kjøp av grunn, delar av gnr. 37 bnr. 322.
PS 89/13	Miljøopprydding i Fosnavåg hamn - igangsetjing av prosjekt
PS 90/13	Budsjett- og fråværskontroll per 28.02.2013
PS 91/13	Budsjett- og nærværskontroll per 31.03.2013
PS 92/13	Finansiering drift av Runde Turistinformasjon
PS 93/13	Forslag om endring av gjennomgåande perspektiv for kommuneplanen sin samfunnsdel
PS 94/13	Utleiebustader for ungdom/arbeidsinnvandrarar.
PS 95/13	Ragnar Leine. Spørsmål om tomt på Leine.
PS 96/13	Godkjenning av låneopptak, stort kr 15.000.000,-, i Den Norske Stats Husbank for vidareutlån
PS 97/13	Årsmelding Søre Sunnmøre Landbrukskontor 2012.
PS 98/13	Opplæringskontoret Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven - omorganisering/endring av vedtektene
	Delegasjonssaker frå avdelingane
DS 12/13	Søknad om serveringsløyve
	Referatsaker
RS 14/13	Reguleringsplan for Fosnavåg hamn - vurdering/tilbakemelding
RS 15/13	Toalettsituasjonen for besøkande på Runde

PS 81/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 82/13 Protokoll frå førre møte

PS 83/13 Delegasjonssaker

PS 84/13 Referatsaker



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/227
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
86/13	Formannskapet	14.05.2013

INNØYSING AV DRIFTSBYGNING I FRØYSTADVÅG GNR 21, BNR 1.

Tilråding:

Formannskapet ber om at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga på eigedomen.

Særutskrift:

- Per Kristian Frøysa, Frøystadvåg, 6095 Bølandet
- Egedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- F-sak 85/94
- Brev til Synnøve Frøystadvåg datert 06.09.94.
- Brev frå Per Kristian Frøysa datert 12.06.12.

Saksopplysningar:

I formannskapsmøte 04.05.94 vart det gjort slikt vedtak i F-sak 85/94:

«Saka vert utsett.»

Saka kom opp igjen i formannskapsmøte 08.06.94 i F-sak 128/94 der det vart gjort slikt vedtak:

«Det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21 bnr 1 om innløyseing av gamal driftsbygning og areal rundt, avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og av reguleringsgrensa i sør og vest.»

I brev av 06.09.94 kom kommunen med tilbod om å innløyse grunnen til kr 8,- pr m2, koste rivinga av bygget og late grunneigaren behalde taksteinen.

I brev av 12.06.12 tilbyr grunneigaren seg å rive driftsbygninga mot ei erstatning på 50.000 kr.

Utviklingsavdelinga har kome med slik uttale i saka 19.04.13:

«Ein konkluderte med at kommunen ikkje vil ta stilling til saka før ein har "landa" arealdelen av kommuneplanen med omsyn til vidareutvikling av området.»

Kommunen hadde ein gjennomgang av saka med Per Kristian Frøysa 22.04.13. Han skriv så slik i e-post av 24.04.13:

«Utifrå det som kom fram under samtalane, ser eg ingen grunn til at denne saka skal knytast opp mot "landing" av arealdelen av kommuneplanen. Det kom ikkje fram noko innspel i kommuneplanen, eller hensyn til vidare planarbeid, som skulle påvirke denne saka.

Vi synest difor det er heilt urimeleg å sitje på denne saka i 10 månadar, for så å utsetje den mange månader til. Driftsbygninga har fått ytterlegare skader i ventetida, og det er ikkje forsvarleg at den blir ståande slik lenger. No må den enten restaurerast eller rivast.

Kommunen har gjennom tidlegare vedtekne planer lagt opp til at driftsbygninga skal fjernast, men det er aldri gjort noko formelt vedtak. De har 12.06.12 fått eit heilt konkret tilbod om å inngå frivillig avtale om å fjerne bygninga, og må snart kunne ta standpunkt til det.

Ber om at saka blir lagt fram for formannskapet ved første høve.»

Vurdering og konklusjon:

Denne saka handlar no om gamal driftsbygning på gnr. 21, bnr. 1. Kommunen har i F-sak 128/94 og i brev av 06.09.94 tilbode seg å koste rivinga av driftsbygninga. I brev av 12.06.12 tilbyr grunneigaren seg å rive bygninga for 50.000 kr. Grunneigaren har signalisert at det kan vere rom for å forhandle om prisen for rivinga.

Ut frå det som ligg føre i saka, vil eg etter ei samla vurdering rå til at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 29.04.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



HERØY KOMMUNE

Rådmannen

UTSKRIFT AV MØTEBOKA

Arkiv: Rådm -
Vår ref.: OKR
Journal: 94/00740 Dok - 5

Fosnavåg, 09.05.94

Utval	Saksnr	Møtedato	Arkiv
Formannskapet	128/94	08.06.94	-L12

INNØYSING AV GRUNN OG DRIFTSBYGNING. FRØYSTAD.

BOKFØRING I FORMANNSKAPET

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Formannskapet har vedteke:

Det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21 bnr. 1 om innløyning av gamal driftsbygning og areal rundt, avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og av reguleringsgrensa i sør og vest.

Vert med vedlegg sendt Synnøve Frøystadvåg, 6095 Bølandet.

Vi vil kome tilbake for å avklare tid for forhandlingar.

Fosnavåg, 15.06.94.


Oddbjørg Remøy
e.f.



HERØY KOMMUNE

RÅDMANNEN

Ref.: OKR/
Arkiv: Rådm - -L12
Journal: 94/00740 Dok - 4

Formannskapet, 04.05.94
F-sak 85/94
Fosnavåg, 25.04.94

Til: Formannskapet

INNØYSLYSING AV GRUNN OG DRIFTSBYGNING. FRØYSTAD.

Vedlegg: -kart

SAKSOPPLYSNINGAR:

Synnøve Frøystadvåg, eigar av gnr. 21 bnr. 1, skriv slik til Herøy kommune i brev av 22.02.94:

"Viser til reguleringsplan for Frøystad, vedteken av Herøy kommunestyre 25.06.75, og stadfesta av fylkesmannen i Møre og Romsdal 30.09.76.

Eg ber herved kommunen om å innløyse arealet som er regulert til vegføremål for omlegging av kommunevegen over min eigedom, ca. 1,8 da.

Den gamle driftsbygninga som ligg teit utanfor det regulerede området, vert i dag nytta til verkstad og reiskapslagar. Vi har no planar om å byggje om bygninga for å gjere den meir funksjonell til dette bruk.

Etter å ha studert reguleringsplanen fryktar vi at bygninga kan bli kravd fjerna når kommunevegen skal utbetrast. Vi ynskjer ei avklaring på dette før vi går vidare med planlegginga av restaureringsarbeidet, då det vil vere bortkasta arbeid og pengar både for oss og kommunen, dersom bygninga vert ekspropriert etter at restaureringsarbeidet er utført.

Dersom innløysingsvedtak vert gjort no, er vi villige til å la kommunen rive bygninga mot ei rimelig godtgjersle, og avstå naudsynt grunn til vegomlegging ved friviljug avtale."

Kommunen har løyst inn all veggrunn innanfor reguleringsgrensene. Driftsbygninga som Synnøve Frøystadvåg ber om vert innløyst, ligg utanfor det regulerede området.

Teknisk etat har gitt slik uttale:

"Det vert vist til brev frå rådmannen av 04.03.93 der ein bed teknisk etat om å kome med ein uttale vedk. innløysing av veggrunn frå gbnr. 21/1 på Frøystad.

Grunneigar bed om at kommunen tek stilling til kva som skal gjerast med den gamle driftsbygninga når ny veg vert bygd. Ein er villeg til å la denne rivast dersom dette er naudsynt for ny veg.

Kommunen har kjøpt inn ~~all~~ veggrunn til ny fylkesveg innanfor det regulerede området. Førving er det klart at ~~drifts~~bygninga som ligg like utanfor reguleringsområdet vil kome i berøring med vegen. Det er lagt opp til 4,5 m vegbreidd, og 3 m buffer på kvar side (det er førebels ikkje teikna ut skjæring og fylling). Driftsbygninga vil kome inn på bufferområdet, og ligg ~~messig~~ langt innanfor byggegrensa langs vegen. Siktførhølda i krysset ~~austr~~ for bygninga tilseier også at bygninga representerer ein trafikkfare.

Vurderingane ovanfor ~~peiser~~ mot den konklusjon at driftsbygninga bør fjernast. Kommunen kan soleis ~~med~~ fordel nytte seg av tilbodet frå grunneigar om frivillig avståing av bygninga. Det vil samstundes vere naturleg å løyse inn arealet rundt, dvs. avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og reguleringsgrensa i sør og vest.


Teknisk sjef rår med ~~det~~ til at kommunen tek sikte på å gjere innløysingsvedtak basert på ein frivillig ~~avtale~~ med grunneigar."

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21 bnr. 1 om innløysing av gammel driftsbygning og areal ~~med~~, avgrensa av fylkes- og kommuneveg i nord og aust, og av reguleringsgrensa i sør og vest.


Thorleif Andréassen


Oddbjørg Remøy



0,8da

LEIK
0,4da

2,2da

K

3,0da

5,0da

1,2da

FORRETNING

N

FV 17

VEG 5

Frøystadvæg

JORDBRUK

29,6 da

*ofiljs
bygning*

$A=235,845$
 $R=600$

258

259

21/1

21/1

21/23

15,7

7,5

8,8

30,0


39,30

10,47

15,1m

$R=600$
 $A=22,25$

RIK. VEG 854



HERØY KOMMUNE
25.09.2012 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



RÅDMANNEN

Dato: 06.09.94
Journal: 94/00740 Dok - 9
Arkiv: Råd - -L12
Vår ref.: OKR
Dykkar ref.:

Synnøve Frøystadvåg

6095 Bølandet

INNLØYSING AV GRUNN OG LÅVEBYGG, FRØYSTAD

Eg viser til møte 4. juli d.å der Per Kr. Frøysa og Roy Arne Frøystadvåg møtte på Dykkar vegne.

På grunn av sjukepermisjon og ferieavvikling har vi dessverre ikkje gitt noko tilbakemelding til Dykk før no.

Formannskapet drøfta saka i møte 6. juli. Dei meinte at kr. 8,- pr. m2 for grunnen var i orden. Men det var ikkje stemning for å betale noko for driftsbygninga. Kommunen tek på seg å koste rivinga av bygget. Vi forsto det slik at De ynskte å behalde taksteinen. Det skulle vere i orden.

Dersom De framleis er interresert i ein avtale med kommunen, i tråd med dei signal som vi har fått frå formannskapet, høyrer vi frå Dykk.



Thorleif Andreassen


Oddbjørg Remøy

Kopi: Teknisk etat

Per Kristian Frøysa
Frøystadvåg
6095 BØLANDET

Herøy kommune
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
12.06.12 Reg nr	Saksbeh
13 JUNI 2012	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr	Dok nr
Kassasjon	

INNLØYSING AV DRIFTSBYGNING I FRØYSTADVÅG GNR 21, BNR 1

Viser til F-sak 128/94, og skriv frå Rådmannen i Herøy 06.09.94, journal 94/00740 Dok-9.

Dåverande eigar av driftsbygninga fann det heilt urimelig at kommunen ville ha driftsbygninga fjerna av omsyn til regulert veg, og trafikktryggleik i vegkrysset, utan å betale noko form for erstatning. Sjølv om driftsbygninga var gamal, hadde den ein bruksverdi som lager for redskap, bygningsartikler, ved m.m.

Bygninga har vore brukt vidare som lagerbygning, men med eit rivingsvedtak hengende over, har bygninga ikke vorte vedlikehalden. Den er no også påført skade i orkanen.

For å få avklart situasjonen tilbyr vi igjen kommunen å rive driftsbygninga, mot ei erstatning på 50.000 kr. Vi meiner på linje med tidlegare eiga at det er rimelig med ei lita erstatning, sidan det er kommunen som ynskjer bygninga fjerna. Driftsbygninga har no vore i bruk som lagerbygning i 18 år sidan denne saka sist var til vurdering, og bygninga har framleis ein viss bruksverdi.

Driftsbygninga må no enten utbetrast, eller rivast, så vi ber om rask tilbakemelding på om kommunen godtek vårt tilbud.

Med helsing

Inger-Lise Frøystadvåg
sign.




Per Kristian Frøysa

Vedlegg:

F-sak 85/94, 04.05.94

F-sak 128/94, 08.06.94

Rådmannen i Herøy 06.09.94, journal 94/00740 Dok-9.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/519
		Arkiv:	L05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
87/13	Formannskapet	14.05.2013

BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOSNAVÅG BY.

Tilråding:

Formannskapet vedtek å starte opp «Byutviklingsprosjekt- Fosnavåg by» og gjer følgjande vedtak:

1. Formannskapet skal vere styringsgruppe for «Byutviklingsprosjekt- Fosnavåg by».
2. Det vert satt ned arbeidsgruppe for å følgje opp prosjektet med følgjande representantar: ordførar, varaordførar, rådmann, representant frå næringslivet, representant frå fylkeskommunen og representant frå Utviklingsavdelinga.
3. Ein forutsetter at prosjektet vert finansiert med tilskot frå fylkeskommunen og RDA- midler.

Særutskrift:

Utviklingsavdelinga

MR Fylke, Tettstadkoordinatoren, Fylkeshuset 6404 Molde

Vedlegg:


Stadanalysa godkjent i Kommunestyre 27/02-08 K-sak 27/08 (sak 2006/1426)

Saksopplysningar:

Stadanalysa som tidlegare er utarbeidd viser ambisjonar og ein utviklingsvilje for å skape ein samordna by. Analysa såg nærare på utviklingspotensialet og områder for å styrke funksjonar, særpreg og identitet. Moment som å legge vekt på bumiljø, næringsutvikling og skape samlingspunkt i vågen var viktig.


Element som **Identitet - Hamn- Urban – Destinasjon** og styringsverktøy gjennom **Grøntdrag, miljø-områder og byfasade** står sentralt i analysa. Stadanalysa vart godkjent i Kommunestyre 27/02-08 K-sak 27/08 (sak 2006/1426).

Kommunen har vore i dialog med fylkeskommunen for å sjå nærare på eit «byutviklingsprosjekt» som kan bidra til vekst og «ny giv» for Fosnavåg by. Bakgrunnen for dialogen er at gjennom samtaler med grunneigarar (som har sentrale eigedomar i Fosnavåg) er det kome signal om å legge til rette for anna bruk enn det eigedomane vert nytta til i dag. Dette i kombinasjon med store utbyggingsprosjekt i Fosnavåg og nærområdet til Fosnavåg kan ein skape nokre synergieffekter som lokalsamfunnet kan tene stort på.



Prosjektet skal i hovudsak skape «nytt land» for å legge til rette for ein sterkare vekst av Fosnavåg som by. Å skape attraktivitet med omsyn til bumiljø, næringsutvikling, identitet, miljø og legge til rette for spanande arkitekturløysingar vil stå sentralt i det vidare arbeidet.

Deler av området som ein tek sikte på å «utvikle» i dette «byutviklingsprosjektet» er i stadanalysa definert som ei ny «celle». Ei «celle» der ein har sett for seg at det kan utviklast ein ny urban «bydel» i Fosnavåg.



Gjennom dialogen mellom fylkeskommunen og kommunen har ein kome fram til at det vil vere fornuftig at eit evt. prosjekt har fokus på prinsippet om bærekraftig utvikling og byplanlegging. Prosjektet skal også ha som mål å vise Herøy som ein kommune i front av utviklinga. Det finst fleire prosjekter i Norge som har slike element ved seg, men Hammarsby – prosjektet i Stockholm vert ofte drege fram som eit føregangsdøme med omsyn til bærekraft prinsippet.

Forankring

Det vil vere viktig å legge til rette og sikre ei brei forankring i politiske og næringslivsmessige organ for å lukkast med prosjektet. Fylkeskommunen på sin side har uttrykt stor interesse for prosjektet og sagt seg villige til å bidra med inntil 50% av kostnadane i ein arkitekturkonkurranse. Fylkeskommunen viser og til at det vil vere avgjerande at ein «tar turen ut» for å sjå på konkrete prosjekter som kan leggest til grunn i det vidare arbeidet. Det vil vere viktig for kommunen å spele på den verdifulle kompetansen som fylkeskommunen har innanfor slike prosjekter.

Potensialet

Administrasjonen vurderer dette som ein unik mulighet til å vere med å utvikle ein ny bydel med blanke ark. Sett i lys av at kommunen har ei rekkje store prosjekter på gang som skaper store masseoverskot framover (realisering av innfartsveg, mudring av Fosnavåg hamn og private prosjekter som Myklebuståsen 2 m.fl) skaper muligheter for vekst og kan bidra til store synergi effekter over tid.

Proessen vidare

Herøy kommune bør setje ned ei arbeidsgruppe som tek prosjektet vidare og ein rår til at gruppa er samansett av ordførar, vara-ordførar, rådmann, representant frå næringslivet, representant frå fylkeskommunen og representant frå

Utviklingsavdelinga. Formannskapet bør vere styringsgruppe for prosjektet og arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppe jamnleg.

Finansiering

Ein tek sikte på å finansiere prosjektet gjennom tilskot frå fylkeskommunen og RDA-midler.

Vurdering og konklusjon:


Rådmannen viser til at prosjektet kan få stor betydning for utviklinga av Fosnavåg by og ein rår Formannskapet til at prosjektet vert starta opp slik det går fram av tilrådinga.

Fosnavåg, 19.04.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



FOSNAVÅG

Del I_ Stadanalyse

FORORD

I kommuneplan 2002- 2012 for Herøy kommune har ein fleire mål for sentrumsutvikling. Fosnavåg skal vere ein attraktiv og triveleg by for innbyggjarar, næringsliv og turistar. Vidare skal Fosnavåg utviklast til å bli det samlande kommunesenteret i Herøy, ein felles møtestad og utgangspunkt for opplevingar i kommunen og i regionen, både for eigne innbyggjarar og tilreisande. Det er også eit mål at Fosnavåg sentrum skal utviklast til eit pulserande sentrum med mange nye innbyggjarar i områda rundt hamna, og med liv og aktivitet på kveldstid. Eitt av tiltaka i denne prosessen er at kommunen skal utarbeide ein tettstadanalyse for Fosnavåg og omeign. Vidare skal ein utarbeide ein heilskapeleg plan for sentrum og området rundt i samband med analysen. Analysen er todelt. Del 1 er ein stadanalyse og del 2 er vurderingar og konkrete innspel til ein vidare bydiskusjon. Arbeidet er utført i tidsrommet september 2005 til juni 2007, og er basert på informasjon frå kommune og næringsliv, synfaringar og arbeidsmøte med arbeidsgruppe og styringsgruppe, i tillegg til opne møte.

Oppdragsleiar i Herøy kommune har vore utviklingsleiar Hallvard Rusten. Planleggjar Tanja Rafteseth har også vore ein viktig medarbeidar og tettstadkoordinatoren i fylket, Arne Dag Gjerde har vore med frå første møte.

Styringsgruppe har vore planutvalet i Herøy kommune. Arbeidsgruppa har, i tillegg til Rusten og Rafteseth, bestått av rådmann Rune Sjurgard, anleggs- og driftsleiar Jon Rune Våge og kulturleiar Andreas Kvalsund. I tillegg har også representantar frå Herøy næringsforum delteke aktivt i prosessen. Asplan Viak ved landskapsarkitekt Anne Caroline Haugan, sivilarkitekt Aasne Haug og landskapsarkitekt Tiffany Nygård har bistått kommunen i forskjellige faser av arbeidet. Sivilarkitekt Per Einar Saxegaard har kvalitetssikra rapporten.

Alle flyfoto er frå fotograf Harald M Valderhaug. Historiske foto er frå fotograf Furmyr og Ulrik Pettersen. Andre foto og illustrasjonar er, med mindre anna er nemnt, utarbeidd av Asplan Viak AS.

Sandvika juni 2007

INNHALD


Forord		
Innhald		
Introduksjon	1	
1.1	FOSNAVÅG BY	2
1.1.1	Natur og landskap	3
1.1.2	Busetnad i landskapet	4
1.1.3	Vegen som strukturerande element	5
1.1.4	Rollene	6
1.1.5	Fosnavåg by i dag og framover	7
1.2	FOSNAVÅG SENTRUM	8
1.2.1	Natur og landskap	9
1.2.2	Historisk utvikling	10
1.2.3	Trafikkstruktur	16
1.2.4	Busettingstruktur og bygningstypar	18
1.2.5	Grøntstruktur	20
1.2.6	Overordna romlege sammanhengar	21
1.2.7	Dei viktigaste byromma	22
1.2.8	Livet mellom husa, sosiale møteplassar	25
1.2.9	Brukarne av byen, kommersielle attraksjoner	27
1.2.10	Sentrum og havna	28
1.2.11	Fosnavåg sentrum framover	29
Kjelder		30




INTRODUKSJON

Herøy kommune er ein øykommune på Ytre Søre Sunnmøre, samansatt av 359 større og mindre øyer, holmar og skjer. Det er i underkant av 8400 innbyggjarar i Herøy, og kommunen er ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet. Kommunen er knytt til fastlandet med 4 ferjesamband, og innbyrdes er øyene i kommunen knytt saman med ei rekke bruer. Fosnavåg er økonomisk og administrativt senter i Herøy kommune og ligg på Bergsøya. Bergsøya er ikkje den største øya i kommunen, men den som er tettast utbygd.

Denne analysen har hovudvekt på sentrum i Fosnavåg, men vi vil også analysere Fosnavåg by med særskilt vekt på rollene dei ulike områda har i dag. Med Fosnavåg by meiner vi Bergsøya og Mjølstadneset på Leinøya, i tråd med definerte bygrenser.



1.1 Fosnavåg by




1.1.1 Natur og landskap

Landskapet på Bergsøya er som for resten av Ytre Søre Sunnmøre eit strandflatelandskap forma av hav og is. Kystlinja er dominert av bratte svaberg med innslag av langgrunne strender. I dette kyst- og kulturlandskapet er busetnaden konsentrert til lune vikar og hovudvekta av strandlinbusetnaden ligg i det lune lendet mot Straumane og Leinøya. Store deler av Bergsøya er ope lende, med innslag av skogsområde og noko dyrka mark. Sørsida av øya er relativt flat og dominert av eit stort våtmarksområde i tilknytning til Myklebustvatnet. Dette området har eit rikt fugleliv og er verna som naturreservat. Vatnet blir skildra som eit grunt, næringsrikt og vegetasjonsrikt ferskvatn- og sumpmarksområde på www.naturbasen.no. Nordsida av øya er dominert av eit vest/ aust- gåande høgdedrag med bratte fjellsider og med fjellplatå på i overkant av 200 moh.

Som illustrasjonen viser kan ein grovt dele Bergsøya i tre delar; Flata i sør/ aust, det langsgåande fjelldraget og vågen i nord. På det store, relativt flate partiet sør på øya finn vi Eggesbønes og Myklebust. Det langsgåande høgdedraget i nord er delt i eit skar mellom Igesundshetta (217 moh) og Tverrfjellet (100 moh). Her går vegen ned til Fosnavåg sentrum, som ligg trygt plassert inne i den lune vågen.



Fosnavåg sentrum er avgrensa av vågen, fjorden og fjellet.



1.1.2 Busetnad i landskapet

Som illustrasjonen viser er landskapsformene sterke strukturerelement for korleis dei ulike områda har vokse fram i Fosnavåg by. Det gamle administrasjonssenteret, Eggesbønes, og det nye, Fosnavåg sentrum med ei naturleg god hamn, ligg begge trygt plasserte i lune vikar. Fjellet er ein avgrensande faktor og dei bratte fjellsidene er ubebygde.


Myklebust/Berge er det einaste delområdet på Bergsøya som ikkje er direkte knytt til sjøen. Her har vegane generert ein noko oppdelt sentrumstruktur på ei småkupert flate, medan det forøvrig er fjellsidene og Myklebustvatnet som avgrensar området. Mjølstadneset, Eggesbønes og Fosnavåg er relativt klart avgrensa av landskapet, medan det er vanskelegare å definere kvar Myklebust startar og stoppar. På Mjølstadneset er det neset som stikk ut i nærleiken til skipsleia i Herøyfjorden som har gjort staden attraktiv. Neset har gode innseglingstilhøve for større fiskebåtar. Mjølstadneset heng både visuelt og funksjonelt saman med Bergsøya og Fosnavåg by, sjølv om området er lokalisert på Leinøya.




*Kyrkja, som ligg ved skaret i overgangen mellom Myklebust og Fosnavåg er eit viktig landemerke.
Foto frå www.naturbasen.no*




1 Sluttet 1800-talet var vegforbindelse mellom Fosnavåg og Eggesbønes etablert.



2 Tidleg 1900-talet vart kyrkja flytta hit. Vegen frå Berge må ha vore den neste viktige vegen.



3 Trase for dagens hovudveg over Bergsøya.



4 Planlagd ny trase for hovudveg.

1.1.3 Vegen som strukturerande element


Vegane har vore eit viktig strukturerande element for busettinga i Fosnavåg by. Dei eldre vegtraseane har generelt generert lineær busetting.

Sjølv om båten var det mest brukte framkomstmiddelet på Bergsøya heilt fram til 1950- talet gjekk det veg mellom Eggesbønes og Fosnavåg allereie på slutten av 1800- talet (ill 1).

Herøy kyrkje vart flytta til Bergsøya på starten av 1900- talet og plassert ved vegkrysset der vegen mellom Eggesbønes og Fosnavåg møtte vegen frå Berge. Dette indikerer at desse vegane var viktige (ill 2).

I dag går riksvegen frå brua på Bergsneset i sløyfe rundt Myklebustvatnet over til Fosnavåg. Der ifrå går det fylkesveg vidare til Nærlandsøya. Langs denne vegen har det vore etablert fleire daglegvare- og detaljhandelsverksemdar (ill 3).

Det er planlagd ny vegtrase over øya, og dei ulike alternativa er vist på arealdelen av kommuneplanen (2004). Dei skisserte planane vil endre trafikkbildet vesentleg, og legge sterke føringar for vidare utvikling av Fosnavåg by. Traseen som er foreslått vil gå utanom service-tilbodet på Myklebust og istaden gå i randsona mot skule- idretts- og bustadområde. Vegen kan også kome i konflikt med naturvernområdet ved Myklebustvatnet. Ei slik vegføring vil også kunne innebere nye og endra forutsetningar for service- og handels- tilbodet i Fosnavåg by (ill 4). Om vegen blir lagt i tunnel frå kyrkja og ned til sentrum vil også reiseopplevinga verte endra og tilkomsten til Fosnavåg sentrum vert annleis enn i dag.



1.1.4 Rollene

Dei ulike lokalområda innan Fosnavåg by har alle ulike, komplementerende, og i visse høve overlappende roller.

Fosnavåg sentrum er økonomisk og administrativt sentrum, med rådhus, tette bygater og hamna, der både fiskebåtar og turistar legg til. Større fiskebåtar har etter kvart fått begrensa mulegheiter til transport og manøvrering på vågen og deler av deira aktiviter er difor flytta til Mjølstadneset.

Myklebust/Berge er oppvekst- og kultursenteret. Her er det på eit relativt lite område lokalisert kyrkje, skular, barnehagar, kulturhus og idrettshall, badeland og idrettsanlegg. Myklebust er vidare også eit service- område med daglegvaretilbod og bensinstasjonar.

Eggesbønes er det gamle administrasjonssenteret og her er det i dag institusjonar knytt til helse- og omsorgstenester.

Mjølstadneset på Leinøya er eit industri- og serviceområde med allsidig næringsverksemd. Mjølstadneset har fått denne funksjonen i nyare tid.

Mjølstadneset, Bergsøya til venstre. Herøy kyrkje på Myklebust Fosnavåg hamn





1.1.5 Fosnavåg by i dag og framover

Dei naturlege føresetnadene:

Landskapet på Bergsøya med strandline, bratte fjellsider og det freda våtmarksområdet Myklebustvatnet legg sterke føringar for utviklinga av Fosnavåg by. Byfunksjonar i møte med dette karakteristiske landskapet gir Fosnavåg eit viktig særpreg som skil staden frå andre stader. Også i framtida må bygningar, vegar og andre inngrep innrette seg etter landskapet, og fokus på fjern- og nærverknad av nye inngrep må stå sentralt.

Roller og funksjonar:

Fosnavåg by har byfunksjonar spreidd over større område, og det er glidande overgongar mellom desse ulike delområda. Landskapet, spesielt skaret i overgangen Myklebust/Fosnavåg sentrum, hindrar at byen kan gro saman til ein samanhengande struktur, i alle fall visuelt. Overgongane mellom kvar del av byen vil derfor vere sentrale i utviklinga av byen framover.

Infrastruktur og kommunikasjon:



Det ligg også utfordringar i å vidareutvikle og legge til rette for infrastruktur slik at dei samla funksjonane i Fosnavåg blir best mogleg samanknytte. Kollektivtilbodet på Bergsøya er dårleg, og det oppstår derfor ei ekstra utfordring i å få Fosnavåg til å fungere som ein by for alle herøyværingar når funksjonane er så spreidde. Ein bybuss, slik skissert i kommuneplanen, vil truleg ikkje berre gjere det lettare å bruke byen, men også understreke at Fosnavåg by er ein by og ikkje mange små stader. Vidare vil eit samanhengande gang- og sykkelvegnett vere eit viktig ledd i ei slik heilskepeleg byutvikling.

Alternative utviklingsretningar:


Med dei ulike lokalstadene sine ulike roller som utgangspunkt kan ein sjå for seg ulike utviklingsretningar. Anten i form av ei meir reindyrking av funksjonar og identitet på dei ulike stadene, fokus og satsing på ein stad eller ei samanveving der Fosnavåg sentrum, Myklebust og Eggebønes gror saman til ein meir samanhengande by.




1.2 Fosnavåg sentrum



21.juni kl. 1600



21.september kl. 1600



21.desember kl. 1200

1.2.1 Natur og landskap

Det er dei naturgitte føresetnadane med vågen som har lagt grunnlaget for utviklinga av Fosnavåg. Det skålforma landskapsrommet med vågen i botnen og dei bratte fjellsidene rundt har vore med på å strukturere busetting og utvikling. Fosnavåg har blitt eit relativt kompakt bysenter på grunn av dei stramme rammene landskapet gir. Desse stramme rammene vil også prege den vidare utviklinga av Fosnavåg sentrum.

Dei avgrensande fjella, Tverrfjellet (100 moh) mot sør, Grønfjellet mot vest og Hornseten (190 moh) mot aust dannar ikkje berre veggjar i byen, dei er også med på å gjere Fosnavåg til ein relativt lun stad, verna mot det verste været. På same tid kaster dei mykje skugge, spesielt innerst i Vågen, i skaret og øvst i Huldalen. Fosnavåg opnar seg og ligg vendt mot nord, noko som også gjenspeglar seg i solfoholda. Slik sol-/ skuggediagramma syner ligg store delar av Fosnavåg sentrum i skugge om vinteren, medan skuggane på hausten og våren trekk seg tilbake spesielt på flata der sentrum ligg og austsida av Vågen. På sommaren har dei fleste stader gode solforhold.

Fjellsidene er i all hovudsak vegetasjonskledd med gras/lyng og lauvskog, i tillegg til større, relativt skrinne plantefelt med sitkagran. Fjella dannar ei grøn ramme rundt byen. På flatene vestover er det større bustadfelt, og ein del busetting finn ein også på små høgdedrag i bakkant, medan hovudvekta av sentrumsfunksjonane er lokalisert til dei flate områda som ligg på høgd med hamna. Med unntak av kammen som stikk inn i sentrum ved Djupedalen er det ingen mindre landskapsrom inne i Fosnavåg i dag.




Foto: Ulrik Pettersen

1.2.2 Historisk utvikling

Underlagskartet som følger kartserien av den historiske utviklinga av Fosnavåg er situasjonen i dag.

Kapitlet redegjer for hovudtrekka i dei valgte epokane, og er ikkje ein utdjupande historisk dokumentasjon av Fosnavåg si utveking.





1800-talet - 1945: Fiskeværret veks fram


Det er den naturgitte situasjonen med den gode hamna som danna grunnlaget for utviklinga av Fosnavåg.

I byrjinga var det nokre få gardsbruk her, og grunnlaget for fiskevær vart lagt utover 1800- talet med grunnlag i dei gode silde- og torskefiskeria. Motorbåten var det viktigaste framkomstmiddelet, og vågen som botn i det skålforma landskapsrommet virka strukturereande for den sjørelaterte busettinga. I tillegg til vågen har også vegen over skaret generert busetting. Denne vegen knytte tidleg Fosnavåg til Eggebønes (handels- og administrasjonssenteret). Fosnavåg utvikla seg med sildesalteri, klippfisktørkeri og etter kvart handel.



*Foto frå indre del av vågen
Fotograf Furmyr.*

Foto Ulrik Pettersen



1945- 1970: Storheitstida


Denne epoken var ein ny vekstperiode med sildefiskeri og utvikling av handel og fiske. Fosnavåg vart i større grad handels- og administrasjonssenter enn tidlegare, og kommunehuset vart flytta frå Eggebønes til Fosnavåg 1967. I denne perioden gjorde bilen sitt inntog, og ein planla for vidare vekst.

På midten av 1950-talet vart arkitekt og byplanleggjar Sverre Pedersen engasjert til å utforme ein heilheitleg plan for Fosnavåg sentrum. Denne planen viser klart definerte område med visjonar om karakter og kvalitet. Han peiker ut utsiktspunkt og trekk opp viktige siktlinjer. Bustadområde vart strukturert med rettlinja gater som strukturerte busetnaden, også nordvest for Djupedal, og det vart avsett område til idrettsplass og grøne lunger. Sentrum fekk rettare gater, ein la til rette for murgårdskvartal, aksar, offentleg bypark (Fosnavågmyra) og ein opparbeida plass i tilknytning til Rådhuset. Sentrumbusetnaden strekk seg i i hovudsak i søraust/ nordvestleg retning, men i Pedersen sin plan er det trekt ei viktig siktlinje over allmenningen mot Vigra, noko som understrekar tydinga av dette opne rommet der byen møter vågen.


Utbygginga på 1950- og byrjinga av 1960- talet følgde planen og har gitt Fosnavåg mykje av det særpreget staden har i dag. Etter medio 1960- tal minka utbygginga og denne planen fekk mindre tyding. Hus vart plassert meir i høve til landskapet, og den funksjonalistiske tradisjonen slepp taket i bustadhusa.



*Foto sett mot allmenningen, tidleg på 50-talet.
Kommunehuset er enno ikkje bygd.*



Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum utforma av arkitekt og byplanleggjar Sverre Pedersen på midten av 1950-talet.




1970- 1985: "Svakare vekst"

I denne perioden var det svakare økonomisk vekst, og meir områdevis planlegging førte til at Fosnavåg i større grad vart delt opp i område utan ein felles plan. Reguleringsplanen for sentrumskvartalet, som var under arbeid frå 1982 til godkjenninga i 1987, omhandla ein bit av handelssenteret og innebar utfylling i sjø og sanering av gamal sentrumsstruktur til fordel for tett forretningsbusetnad. Endring i forhold til Pedersen- planen ligg mellom anna i at kommunehuset mista visuell kontakt med Vågsplassen, og ein fekk i staden ein siktakse mot hamna gjennom eit smug i det nye kvartalet.

Det blir innført parkeringsareal på alle opne plassar, og det blir planlagd to små torg. Det eine ved hjørnet av parkeringsplassen på Allmenningen og det andre midt inne det nye kvartalet. Dette siste torget finst i dag, men fungerer mest som ein gjennomgangssone. Små pletter hist og pist fekk park- funksjon og planen definerer ingen større offentlige møteplassar. Det meste av planen er gjennomført og set sitt preg på Fosnavåg i dag.



Det nye kvartalet frå 1987- planen. Allmenningen i forgrunnen. Fotografiet heng på rådhuset.



1985- 2007: Hamna i endring


Hamna endrar seg i denne perioden, båtane aukar i storleik og får plassproblem i hamna. Aktiviteten blir gradvis flytta til Mjølstadneset. Det skjer ei endring langs kaikanten, i særleg grad i det ytre området mellom Allmenningen og Vågsplassen der spreidde einiskildhus vert erstatta av store kompleks med restaurant, butikkar og leilegheiter. Den nye utbygginga har auka delen av ikkje- fiskerirelatert verksemd mot hamna. Spaserbryggene og piren, i lag med uteservering, har skapt nye offentlege rom, men framleis saknar byen ein samlingsstad for større arrangement. Medan den ytre delen av vågen har fått lystbåthamn ber den indre delen framleis preg av fiskeri- og fiskerirelatert verksemd.

Fiskerihamna har stort sett vore uendra som hamneformål, med fokus på fiske gjennom alle periodane. Det har vore endringar i areal gjennom utfylling, bortsprenning og utbygging og enkeltverksemdar har endra eigar og innhald, utan at hamna sin karakter elles har endra seg nemneverdig. Ein kan ane ein svak uro for interessekonfliktar på arealutnytting av hamneområdet i tida framover. Tilknyttinga til fiskerirelatert og annan sjøretta næring er tydeleg i hamneområdet, men sett ikkje preg på resten av sentrum.



Allmenningen til venstre, forretning, restaurant- og bustadkompleks frå 2004.

Hamnebygg som ventar på endring



1.2.3 Trafikkstruktur

Dei første som busette seg i Fosnavåg kom sjøvegen. I dag har vegen over Myklebust tatt over funksjonen som hovudinnfartsåre, men enno kjem det både fiskarar og turistar til Fosnavåg med båt. Den regionale tilkomst- og gjennomfartstrafikken nyttar riksvegen over skaret. Riksvegen er hovudtilkomsten til Fosnavåg sentrum og bind sentrum til resten av Bergsøya og fastlandet. Igesundsvegen tar gjennomgangstrafikken i ytterkant av sentrum og går vidare over til Nerlandsøya.

Sentrumstrafikken er definert som den trafikken som bruker gatenettet i sentrum. Vågsata (rv), Rådhusgata, Kjøpmannsgata (fv) og deler av Igesundsvegen utgjør dette gatenettet. Det kan lesast som eit ufullstendig grid, eller eit nett, der vegane inngår i ein tilnærma jambyrdig struktur som knyt fire sentrumskvartal saman (Rådhuset med uteanlegg blir sett på som eit kvartal).

I krysset ved restauranten Maki møter gatenettet i sentrum riksvegen og hamnevegen. Dette er et trafikalt fordelingspunkt i dag, men framstår ikkje som ein sentral plass i sentrum.

Hamnetrafikken er knytta til verksemda på hamna og nyttar Strandgata og Nørvågvegen som følgjer vågen i bakkant av bygningane. Nørvågvegen tar av frå riksvegen like etter skaret og delar av den tyngste trafikken går såleis utanom sentrum.

Boliggatene er enten kopla direkte på ei av de overordna gatene eller, som i Huldalen, dei inngår i eit nett med ei felles kopling til hovudvegen.

Den nye innfartsvegen som er foreslått i kommunedelplanen vil kome ut i Parken og endre tilkomsten til Fosnavåg sentrum og hamna.



Parkeringsplassar i sentrum.

I sentrum er bilen det viktigaste framkomstmiddelet og alle vegar og store delar av hamna er tilgjengeleg for biltrafikk. Fortau, nokre smug, spaserbryggene og piren er dei einaste bilfrie områda.

Når det gjeld parkering, så har dei fleste gatene i sentrum langsgående, uoppmerka gateparkering i dag. Alle opne plassar i sentrum har oppmerka p-plassar. Det er bygd parkeringshus på Almenningen og i kjellaren på Holmsild ved Vågsplassen. På travle dagar kan det likevel vere knapt med p- plassar. Ein kan sjå for seg at det vil vere interessekonflikter knytt til auke i parkeringsareal og alternativ bruk av opne plassar.


Per i dag ligg det ikkje føre noko utrekna tal for parkeringsbehov.

Det er foreslått parkeringsanlegg i fjell i samband med ei evt. ny vegløyising.

Det er ikkje spesielt tilrettelagd for sykklistar i sentrum, men det er i hovudsak plass til sykklistane i vegbanen. Sykkelfelt kan vurderast langs hovudevgen frå Myklebust og gjennom sentrum.



Gateparkering i Rådhusgata.



1.2.4 Busettingsstruktur og bygningstypar

Bildet av busttingsstrukturen i illustrasjonen over er ei grov forenkling av ei meir samansett virkelighet, men forsøker å definere hovudgruppene av busetnad innanfor same strukturelle eining.

Busettinga i Fosnavåg har i hovudsak vakse fram i løpet av det siste hundreåret gjennom periodar med til dels stor vekst. Landskapet med fjella og vågen, vegen og offentlege planar, med Pedersen- planen frå midt på 1950-talet som den viktigaste, har vore med på å gi staden den bygningsstrukturen ein ser i dag.

I området rundt hamna finn ein fine døme på naust og små sjøhus i tre, som er blant dei eldste bygningane i Fosnavåg. Nokre er flytta dit dei står i dag frå andre område. Saman med enkelte andre bygg rundt hamna, som er knytt til den eldre fiskeriverksemda, utgjer desse ein viktig del av den kulturhistoriske arven i Fosnavåg. Elles er spesielt den indre hamna dominert av større industribygg som på eitt eller anna vis er knytta til fiskeriverksemd.

I beltet bak hamnebygningane på Nørvågsida og i Huldalen er det einestader i store hagar som dominerer, i tillegg til restar av små bruk.





Sveitserstil



Jugendstil



Byggmeisterfunkis



50-tals sentrumsbusetnad



80-tals sentrumsbusetnad



2000-tals sentrum/havnebusetnad



frikyrkja



Rådhuset


Dei arkitektoniske stilartane på boligbusetnaden strekk seg frå eldre einebustader i forenkla sveitserstil, nokre døme på jugendinspirerte hus, via byggmeisterfunkis i tre eller mur, til nyare einebustader frå ferdighusprodusentar og moderne leilegheiter.

Sentrumstrukturen er tettare enn dei andre strukturane. Rette gater og kvartalsbusetnad i to- tre etasjar, hovudsakleg i mur dominerer. I den eldre delen av sentrum finn ein funkis inspirert murgårdbygningar frå 1940-50 talet i 2-4 etasjar, med forretning mot vegen og bustad over, i stor grad utført i samsvar med Pedersen- planen.

I kvartalet vis á vis Rådhuset ligg eit forretningskvartal frå 1980-talet, eit betongelementbygg med forblenda teglfasade med saltak og arker. Bygningane har forretningar på gateplan og hotell og kontor over. Gården vendar seg mot alle retningar og organiseringa dannar eit lite torg med små passasjar i mellom.

Dei nye sentrumsbygningane langs hamna kan karakteriserast som ein eigen type struktur; store volum i tre med ein noko hybrid uttrykksform ein stad mellom kvartal og sjøbu. Dei har publikumsretta funksjonar på gateplan og internt via ein passasje gjennom bygningen, og bustader i etasjane over. Dei skil seg likevel frå den føregåande sentrumsbebyggelsen ved at fasaden er meir lukka på bakkeplan og i liten grad vender seg mot byen.

Andre enkeltbygg som har spesiell tyding av sosial, kulturell eller historisk art i tillegg til sjøbuene og eldre hamnebygg, er Frikyrkja og Rådhuset. Begge vart bygd i 1967. Frikyrkja har sal for gudsteneste og kyrkjelydsslokale, og er eit relativt enkelt bygg oppført i kvit mur. Rådhuset er det einaste monumentalbygget i Fosnavåg og eit fint arkitektonisk verk frå si tid, oppført i betong og stein.




1.2.5 Grøntstruktur

Grøntstruktur er veven av store og små naturprega område i byer eller tettstader. Grøntstruktur er ein overordna struktur på line med transportsystem og busetting. For at grøntstrukturen skal fungere er storleiken på areala, breidde på korridorane og samanheng mellom områda viktig.

Fosnavåg sentrum ligg på ei flate omgjeven av ei grøn ramme. Det er innslag av bart fjell i fjellsidene, men dei er i all hovudsak vegetasjonskledd med gras og lyng, lauvskog og/ eller barskog. I området langs hamna er det dei harde flatene som dominerer. Dersom ein forutset at dei bratte fjellsidene ikkje vil bli utbygd, er det områda mellom desse og hamna som inneheld grøntstruktur som blir, eller vil bli, påverka av menneskelege inngrep. Som kartillustrasjonen viser er dei private hagane ein viktig del av grøntstrukturen i Fosnavåg.

Sjølv om det ikkje er knapt med grøntareal i Fosnavåg i dag, vil ofte det grønne måtte vike ved framtidige utbyggingar. Særskild viktig er det grønne beltet av offentlege/ halvoffentlege grønne areal som går frå vest til aust, forbi idrettsplassen, gjennom parken og vidare ned til vagen. Dette er eit viktig grøntdrag ein bør ta vare på og eventuelt forsterke i framtida.

I Fosnavåg er det berre eit større offentleg grøntområde, Parken i Fosnavågmyra. Andre offentlege grønne innslag er buskplantingar og ein del tre i samband med parkeringsplassar.



1.2.6 Overordna romlege samanhengar:

Det er fleire mindre og større byrom, gater og opne plassar i Fosnavåg sentrum, og til saman danner dei ein overordna romleg samanheng.

Hamnefronten og Almenningen:


Rundt Vågen danner bygningane ein nesten samanhengande front med kai eller brygger framfor. Almenningen er ein plass med tre veggar og som opnar seg mot Vågen. Det er i dette rommet sentrum og hamna møter kvarandre.

Gateromma:

Dei viktigaste gateromma i sentrum er Rådhusgata, Kjøpmannsgata og riksvegen frå restauranten Maki ned til Almenningen.

Vågsplassen ligg nord i sentrum. Den vendar seg mot det opne havet, er avstengt mot Vågen og inngår derfor ikkje i denne romlege samanhengen. Den heng heller ikkje tydeleg saman med gatenettet i sentrum, sjølv om den tangerer det.





Hamnefronten



Almenningen

1.2.7 Dei viktigaste byromma:

Byrom er dei romma som bevisst eller ubevisst blir danna rundt og mellom bygningar. Slike byrom kan vere klart definerte eller meir utflytande. Parkar og landskapsrom er også ei form for byrom, og vegetasjon kan vere romavgrensande på same måte som bygningar. Byrom kan delast inn i mange underkategoriar og variantar, men når vi snakkar om byrom med front (som hamnefronten) inneber det at ein har ei samnhengande rekke av bygningar langs den eine sida. Plassar (som Almenningen) har bygningar eller andre element som danner plassvegger på minst tre sider.


Hamnefronten blir danna av bygningane som omrammar Vågen. Bygningane vender seg mot Vågen og vekslar mellom mindre sjøbuer og tyngre industribygningar som ligg heilt i sjøkanten, og noko meir tilbaketrekte bygningar med større kaianlegg framfor. Rommet er tydeligast definert innerst i Vågen der dei tyngre industribygningane danner ein nesten tett vegg, og i sentrum der dei nye bryggebygningane er trekt heilt fram til kanten.

Mellom fryseriet og nausta, og også mellom nausta, er det større opningar der landskapet kjem ned til kaikanten og sjøen, og i dei ytre partia på vestsida løyser fronten seg opp i små enkeltbygg eller grupper av bygg med synlige svaberg i mellom. Arkadane og piren, i samband med den nye bryggebygningane og gjestehamna, etablerer ein ny type byrom i Fosnavåg i kontakt med sjøen.

Almenningen er definert av relativt tette fasadar på tre sider, mens den fjerde opnar seg mot Vågen og landskapet bak. Hovudferdsåra inn til sentrum tangerer Almenningen i bakkant og gjer plassen sentral i tilkomsten til Fosnavåg. Almenningen ligg i hjartet av sentrum og er det einaste opne byrommet med kontakt til Vågen, samtidig som retning og lokalisering gjer det til et vèrmessig beskytta rom. Plassen skrånar ned mot Vågen og endar i ei kaiflate som har samband med andre brygger og kaier vidare innover i vågen og gjestebrygger utover. Plassen er delt i to nivå gjennom eit parkeringsanlegg, som ligg delvis under og delvis over bakken, inn mot det nye bryggekvartalet. Dette nivåspranget gjer at denne fasaden sitt forhold til plassrommet blir uklar, og gir heile rommet eit noko splitta preg.



Vågsplassen



Rådhusgata

Vågsplassen er det største byrommet i sentrum. Det er ein stad med fantastisk utsikt, kontakt med havet og med vør og vind. Plassen er avgrensa av bygningar på tre sider, men kan vere vanskelig å oppfatte som eit klart definert og opent byrom; Hovudformen flyt ut fordi veggane ikkje er tydelege og fordi plassen er underdelt både fysisk og funksjonelt.

Ytterst mot havet er det etablert ein steinsett promenade og eit podium med ein statue som vendar seg mot havet og utsikten. Materialval og gjennomføring er forseggjort, men promenaden verker lausreven fordi det ikkje er noko klart samband mellom denne og resten av sentrum eller hamnefronten. Innanfor promenaden er det etablert ein busstasjon og ein stor parkeringsplass med parkeringskjellar, avgrensa av relativt høg vegetasjon i steinkasser. Dette, ilag med skiljevoggar i stein, hindrar både sikt og fri passasje over plassen og set begrensingar for ein alternativ bruk som til dømes marknads- eller festplass.

Vågsplassen vart i Sverre Pedersen-planen planlagt som eit torg og ein rutebilstasjon. Rådhuset hadde visuell kontakt med torget. Den visuelle kontakten frå Rådhuset er i dag stengt av "forretningsgården" frå 1987-reguleringa og kontorbygget til Trico Supply.

Rådhusgata er hovudaksen i sentrum og eit viktig element frå Pedersen-planen. Gata strekk seg frå Parken og ned forbi rådhuset før den stoppar i nord av vegen på Sunnmørsfisk. Aksen knekk litt på toppen mot parken, truleg på grunn av tilpassing til eksisterande bebygging. Dette gjer at ein ikkje har nokon tydeleg visuell kontakt med Parken frå kommunehuset, og det fører til at parken sin rolle som Bypark og viktig element i Rådhusgate- samanhengen forsvinn.

På sørsida av Kjøpmannsgata startar Rådhusgata som ei relativt stringent byggate klart definert av bygningane, medan gateløpet opnar seg opp og endrar karakter nord for krysset. Parkeringsplassen ved sida av Rådhuset og p-plassen litt på skrå vis å vis mot søraust skaper luft og avstand til Rådhuset sin sørlege del, medan forretningsgården over gata mot aust stenger for den andre halvdel. Det er etablert eit smug og ein siktakse frå Rådhustrappa og ned til Vågen. I nordenden av Rådhusgata er samanhengen til Vågsplassen delvis skjult bak kontorbygninga til Trico Supply.



Riksvegen



Kjøpmannsgata

Riksvegen (Hovudgata Fosnavåg-Eggesbønes) er hovudferdselsåren inn i til Fosnavåg sentrum. Frå skaret og ned mot sentrum har den strukturert bustnad, hovudsakleg einestader, medan gata skiftar karakter inn mot sentrum; frå spredtbygd boliggate til tett bygata der låge murgårdsbygningar overtek. Den delen av vegen som kan definerast innanfor sentrum er satt saman av to parti , eit øvre og eit nedre. Det øvre utgjør overgangen frå boliggate til bygata og strekk seg ned til krysset Vågsgata-Igesundsvegen-Strandgata. Den nedste delen går frå krysset og munnar ut i Almenningen. Denne nedre delen kan opplevast som eit eige gaterom/byrom fordi vegen skiftar retning i krysset og gaterommet er avgrensa av bygningsfasadar med Fosnavåg Brygge og restauranten Maki i kvar ende. Dette gaterommet er ein viktig og karakteristisk del av den eldre sentrums konteksten.

Kjøpmannsgata går frå Igesundsvegen og strekk seg forbi Rådhusparkeringa og ned til Almenningen. Denne gata er den viktigaste tverrgående aksa i sentrum og den einaste av bygataene med ein klar visuell kontakt med Vågen og landskapet bak. Gata er relativt klart definert av forretningsgårdene og Frikyrkja, medan parkeringsplassen ved Rådhuset og busetnaden i øvre del av gateløpet ikkje gir same romlege avgrensing.



1.2.8 Livet mellom husa - sosiale møteplassar

Sosiale møteplassar er stadar der folk møter kvarandre. Dei kan være planlagde som møteplassar, men dei kan også ha oppstått tilfeldig fordi det er ein plass der folk ferdast, eller dei ligg i tilknytning til aktivitetar som tiltrekk folk. Nokon viktige kriterium som må ligge til rette for at ein stad skal fungere som ein god sosial møteplass er tilgjengelighet, kvalitet og gode dimensjonar. Menneske skal kunne gå til og frå utan hinder, og rommet bør invitere til opphald og samvær gjennom møblering og stadar utan trafikk. Rommet bør også vere dimensjonert i forhold til det talet menneske det er meint å skulle romme.


Illustrasjonen som viser korleis fordelinga mellom trafikkareal, gate og parkeringsplassar, samt offentlege opphaldsareal med fotgjengarprioritet er i dag, viser at biltrafikk og parkering har lagt beslag på dei større offentlege plassane som Almenningen og Vågsplassen, medan opphaldsoner utan biltrafikk finst i det vi har kalla "torget", "smuget" og "spaserbrygga", i tillegg til promenaden ytst på Vågsplassen og i parken i enden av Rådhusgata. Kvaliteten på desse areala varierer og ingen av plassane fungerer ved større arrangement eller som ein tydelig samlingsplass for innbyggerane i byen.

Almenningen har tradisjonelt vore byen sitt samlingspunkt langs kaia og er framleis ein viktig sosialt møtestad i sentrum. Det er både ein stad der ulike fiskebåtar kan legge til og selje fangst direkte, og der ungdom kan møtast i bilane sine om kvelden. Lokalisering av gjes-tebrygge rett i nærleiken og etablering av restaurant med uteservering (ut mot plassen og vågen) bygger opp under denne rollen, men inntrykket av plassen som sosialt byrom blir i dag forstyrra fordi den i stor grad ber preg av å vere ein snu- og parkeringsplass



Allmenningen

Promenaden på Vågsplassen



Piren



"smuget"



Rådhusgata

Promenaden på Vågsplassen har spektakulær utsikt og kunne vore eit flott opphaldsstad der byen møter havet, men dei fleste kjem i dag med bil og staden er ikkje knytta opp mot aktivitetar eller servicetilbod som gjer det naturleg å nytte promenaden til fots. Det er heller ikkje sett opp benkar som ein kan sette seg på og nytte utsikten.

Trafikken til og frå ein framtidig daglegvare på filetfabrikken, bør planleggast ut frå ein helskapeleg tankegang rundt bruken av heile dette området i byen.

Medan det vesle "**torget**" i kjernen av forretningskvartalet manglar gode byromskvalitetar for opphald og har sin viktigaste funksjon som ein passasje gjennom kvartalet på langs, mot Vågsplassen, har det nyare "smuget" skapt ein praktisk gangpassasje og verdifull visuell kontakt mellom Rådhuset og Vågen. Dei nye spaserbryggene/arkadane og den vesle piren i enden av "Rådhusaksen", har fine kvalitetar i møtet med Vågen og innbyr til opphald og gode stunder i fint vær. **Rådhusgata** har Kommunehuset som viktigaste formelle og karaktergivande element, medan livet i gata hovudsakleg blir generert av trafikken til og frå forretningskvartalet vis a vis, og til og frå Vågsplassen. Butikkane i forretningskvartalet vender seg ikkje primært ut til sjølve Rådhusgata, men innover mot "torget" eller mot parkeringsplassen, slik at den viktigaste gangaksen ligg parallelt med, og ikkje langs, Rådhusgata.

På sørsida av Kjøpmannsgata ligg ein populær kafé som trekk folk, men det sosiale tyngdepunktet er likvel i norddelen.

Parken er ei stor grøn, skålforma slette med benker omkransa av terreng og bustader. Den ligg ikkje sentralt i sentrum og verkar noko bortgøymd, men var ein viktig del av Pedersen- planen og er det einaste opparbeidde parkrommet i sentrum. Parken er ein møteplass ved større og mindre samankomstar av uformell karakter. Kva som vil skje med denne parken ved ei eventuell ny vegløyning med tunnelinnslag her er usikkert. Ein bør vurdere denne parken si rolle i samanhang med ein overordna plan for byen sine sosiale møteplassar og byrom.



Serveringstader er vist med svarte symboler, "shopping" eksemplifisert med orange symboler

1.2.9 Brukarane av byen- dei kommersielle attraksjonane

Kommersielle tilbod er ein viktig faktor for liv og røre i byen. Ein del kommersielle tilbod kan fungere som attraksjonar i ein by og lokaliseringsringa av desse skaper bevegelsesmønstre og danner møtestader som kan auke tydinga til enkelte deler av byen framfor andre, og kan vere med på å gi område ulik status og funksjonell karakter.

Ei kartlegging av denne typen attraksjonar i sentrum er eit forsøk på å sjå kva for tilbod som finns og kvar dei er lokalisert. Dette kan gi ein peikepinn på kva profil Fosnavåg sentrum har, og kven den primært rettar seg mot. Vi understrekar at dette ikkje er eit sosiologisk studie og at registreringane er basert på forfattarane sine besøk i byen og derfor mest bør oppfattast som eit inntrykk.

Serveringsstader er ein slik attraksjon. Kartlegginga viser at Fosnavåg har fire restaurantar i tillegg eit hotell som tilbyr varm mat til lunsj og på kveldstid. Hotellet er einaste overnattingsstilbod ved sidan av gjestebrygga. To av restaurantane, Brygga og Maki, har moglegheit for uteservering. Disse tilboda fungerer som attraksjonar for turistar, forretningsfolk og andre vaksne brukarar, medan pizzeriaen også kan være ein møtestad for unge.

Det finst to kafear som har opent på dagtid; Madelynn espressobar og bakeri og konditoriet. Kafeane er møtestader både for unge og vaksne, samt turistar. I tilknytning til frivillighetsentralen er det også ein internettkafé. Alle disse serveringsstadane ligg spreitt innanfor Fosnavåg sentrum og er ikkje med på definere noko bestemt restaurantstrøk.

Shopping er ein annan type attraksjon. Da er daglegvare og anna nyttehandel halde utanfor, medan klede, sko, gåveartiklar o.l. er innanfor definisjonen. Butikkar for moteklede, barneklede- og leiker, blomster og gåver ligg i all hovudsak lokalisert i forretningskvartalet og det nye bryggekvartalet. Dette er med på å sette sitt preg på denne kjernen i sentrum som "shopping-strøket", medan annan detaljhandel som daglegvare, fargehandel o.l. hovudsakleg er å finne i andre deler av sentrum.




1.2.10 Sentrum og hamna

Hamna og fiskeriverksemd har alltid vore, og er framleis, bærebjelken i Fosnavåg både når det gjeld økonomi og identitet. Verksemdene relatert til fiske og spesielt offshoreverksemd utviklar seg kraftig; føresetnadane endrar seg og næringa må tilpasse seg. I Fosnavåg kjem dette til uttrykk både i vekst i nye næringar som offshore og turisme, samt endring og nedbygging av meir tradisjonell fiskeriverksemd og industri. Fysisk sett er fiskerirelatert verksemd framleis dominerande i hamna, samstundes som det er tydeleg at er endringar på gong. I Indre hamn, den mest industrielle delen av hamna, er det inga omfattande fysisk endring på gang i dag, men enkeltanlegg skiftar verksemd og eigar, og somme anlegg står tomme og det finst ledige areal. I dei meir sentrumsnære hamneareala i Midtre hamn har endringprosessen starta og fører til at byen gradvis utvidar kontakten med Vågen i takt med at hamna gir meir plass til lystbåtflåte og turistretta verksemd. I sentrum og det vi har kalla Sentrumshamna har endringane allereie skjedd med etablering av bustader på kaikanten, restaurantar og lystbåthamn.


Sentrum i Fosnavåg er prega av ein relativt tett busettingsstruktur der "Gamle sentrum" framleis har ivaretatt karakteren frå "1950-talsbyen" og der oppgradering skjer gradvis. "Sentrum" er prega av sanering og nybygging i hht 1987-reguleringa og av den seinare tids endring av bryggekvartalet. Rådhuset står igjen som et spor frå den gamle Pedersen-planen og knyt dei to sentrumsområda saman.

Vågsplassen eller "Ytre hamn- Ytre by" er både knytta til havet og fiskeriverksemda gjennom båtserviceanlegg og fabrikk, og til byen med busshaldeplass og parkering. Endring av verksemd i den nedlagte fabrikk frå direkte fiskerirelatert næring over til daglegvare, vil endre bruk og identitet av denne delen av byen.





Den arealmessige fordelinga mellom hamn og sentrum i dag viser at sentrum har relativt liten kontakt med sjøen og vågen.



I planar for framtida, mellom anna i reguleringsplanen for Fosnavåg sentrum/vestre del av hamneområdet, som no nærmar seg fullføring, ser ein at sentrum vil utvide kontakten med sjøen og vågen.

1.2.11 Fosnavåg sentrum framover

Fosnavåg har ein klar identitet knytt til hamna og fiskeriverksemda. Sentrum har opna seg meir mot vågen dei siste åra, noko som har ført til auka opplevingsverdi og at Fosnavåg som by har forsterka identiteten sin knytt til dei maritime aktivitetane.

Fosnavåg har ein relativt tett bygningstruktur og blir oppfatta som ein liten by med godt handelstilbod og eit variert serveringstilbod. Dette er ein styrke ved staden ein bør bygge vidare på i framtida.

Vi ser at det er ei utfordring å utvikle fiskeinteresser, andre næringsinteresser og turisme parallelt. Det er viktig at ein ikkje berre konserverer den gamle kystkulturen, men sørgjer for å ei fortsatt utvikling samstundes som ein tek vare på viktige og identitetsskapande trekk ved det gamle.

Fosnavåg har, som dei fleste andre stader, til dels problem med trafikkavvikling og mangel på parkering, og den nye hovudvegen vil vere svært viktig i utviklinga av staden framover.

Å dyrke fram ein klar identitet og ein overordna samanheng i Fosnavåg by vil vere viktig i framtida. Pedersen- planen frå 1950- talet er eit viktig døme på kvaliteten av å sjå på staden som ein heilskap og sjølv om ein 50 år gammal plan ikkje kan takast opp og brukast direkte, kan ein la seg inspirere av eit heilskapeleg grep.

Fosnavåg har ei rekke kvalitetar ein bør bygge vidare på framover, både naturgitte og menneskeskapte. Det er i møtet mellom desse ein kan foredle Fosnavåg til å bli noko heilt for seg sjølv, ikkje berre i nasjonal, men også i internasjonal samanheng.

Kjelder

Ellefsen og Tvilde, 1991. Realistisk byanalyse

Herøy kommune, 2001. Kommuneplan for Herøy 2002-2012

Miljøverndepartementet, 1993. Stedsanalyse og gjennomføring

Studentoppgåve

Turkart - Ytre Søre Sunnmøre


Solheim og Søvik sivilarkitekter AS, Forstudie og reguleringsplan for Fosnavåg, 2004

Reguleringsplan, 1985

Pedersen, Reguleringsplan for Fosnavåg sentrum, 1957

Heimesider:

www.naturbasen.no



HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2006/1426
		Arkiv:	L05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
21/08	Fast utval plansaker	19.02.2008
27/08	Kommunestyret	27.02.2008

STADANALYSE FOSNAVÅG - SLUTTBEHANDLING

Tilråding:

Med basis i den utarbeidde stadanalysen for Fosnavåg skal følgjande retningslinjer leggst til grunn med tanke på den vidare utvikling av Fosnavåg by og Fosnavåg sentrum:

RETNINGSLINER FOR UTVIKLING AV FOSNAVÅG BY

- Det skal leggst til rette for at dei ulike delar av byen fortsatt skal kunne utvikle sine særpreg og kvalitetar samstundes som ein prioriterar ei best mogleg samordning/samanknytning mellom bydelane.
- Realisering av ny innfartsveg til Fosnavåg vert vurdert som svært viktig for å knyte saman bydelane, for utløyising av vidare vekst og for tilrettelegging for ein framtidig vidareført riksveg frå Hjelmeset til Røyra/Koppen.
- Eksisterande riksveg frå Hjelmeset til sentrum må etter at ny riksveg har kome på plass, utviklast med vesentleg vekt på miljøgatepreg.
- Det skal arbeidast målretta for å styrke kultur- og opplevingstilbod.
- Kommunen skal intensivere arbeidet med tilrettelegging av bustad- og næringsareal.
- Med bakgrunn i at det ikkje er registrert forventningar til at kommunen skal vere nokon aktiv pådrivar for etablering av eit evt. varehus i byen vert det lagt til grunn at det er ønskje om å vidareutvikle dagens handelstilbod basert på små og mellomstore nisjebutikkar.
- Etablering av gangsti rundt Myklebustvatnet vert vurdert som eit viktig trivsels- og miljøskapande element.

- Det skal arbeidast aktivt for å få på plass eit godt ringbusstilbod (nærkollektivtrafikknett).
- Vidare utvikling av hurtigrutetilbodet i kommunen skal viast merksemd, her under vurdere både anløp og tilhøyrande fasilitetar på landsida.

RETNINGSLINER FOR UTVIKLING AV FOSNAVÅG SENTRUM

Arealbruk/byutvikling

- Sentrumsutviklinga skal dei komande åra i hovudsak rette seg mot vestsida av hamna innover mot fiskerikaia og på Nørvågsida frå og med Notaneset og utover til Vågsholmen. På deler av Notaneset bør det kunne vurderast å lokalisere bygningar av kulturhistorisk interesse i tilknytning til kystkultursenteret som no er under utvikling.
- Ved framtidig utvikling av Vågsholmen skal også moglege utfyllingar mot nordaust vurderast med sikte på å tilrettelegge nytt/meir sentrumsareal.
- Det skal arbeidast for å etablere ei gangbru over hamna då dette vert vurdert som eit svært viktig og naudsynt element for å knyte sentrum saman.
- På litt lenger sikt vil vestre del av sentrum mot Igesund vere ei aktuell utviklingsretning.
- Industri- og servicerelevante næringar skal sikrast vidare utvikling i indre del av hamna.
- Viktige grøntområde/grøntdrag skal oppretthaldast/utviklast med høg grad av parkbehandling.
- Byfasaden og sentrumsavgrensinga mot sjøsida må viast merksemd.

Parkering

- All ny bebyggelse i sentrum skal som hovudregel dekke sine parkeringsbehov innanfor egne bygg/grenser.
- Nye parkeringsareal skal berre unntaksvis kunne etablerast på gatenivå.
- Det skal utarbeidast ein trafikk- og parkeringsplan for sentrum der følgjande element skal vere sentrale:

Trafikkregulering
 Nye parkeringsanlegg
 Tidsavgrensa parkering
 Avgiftsparkering

Hamna

- Indre del av hamna skal reserverast til industri- og servicerelevante verksemd.
- Ytre del av hamneområdet skal aktiviserast, men utan at det går på bekostning av fiskerirelevante hamnefunksjonar.
- Sentrumskontakten mot hamneområdet skal forbeholdast gjennom etablering av promenadar/opphaldssoner langs/ved hamna.
- Mulegheitene for etablering av djupvasskai (cruisehamn) i ytre hamn (mot Holmefjorden) skal klarleggast/utgreiast.

Estetikk og sentrumskvalitetar

- Viktige siktliner/aksar i sentrum må sikrast/oppretthaldast. Den aller viktigaste i denne samanheng er siktlinja frå almenningen via Vågshomen til Holmefjorden.
- Nye reguleringsplanar skal ha rammevilkår som sikrar at omsyn til etasjehøgder, fasadeutforming m.v. vert ivaretekne, evt. med basis i ein utarbeidd formingsrettlei for sentrumsområdet.
- Det skal leggest stor vekt på å utvikle gode møteplassar i sentrum.
- Det skal leggest fysisk betre til rette for kulturaktivitetar i sentrum (scene/amfi, lys, straumuttak m.v.).
- Nye uterom (gater, plassar, grøntanlegg m.v.) skal etablerast med høg kvalitet.
- Vedlikehald av uteroma skal prioriterast.

Særutskrift:

Møre og Romsdal Fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Kystverket Midt-Norge, Servicebos 6, 6025 Ålesund

Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal, Boks 1323, 6001 Ålesund

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Herøy hamnestyre/maritimt utval, her.

Asplan Viak AS, Rådhusorget 5, Postboks 24, 1300 Sandvika

Eldrerådet i Herøy, her.

Barnerepresentanten v/Laila Solhaug, her.

Per Bj. Vågsholm og Ragnvald L. Vågsholm, 6090 Fosnavåg

Nabolaget velforening v/Ramona Brandlistuen Remøy, Sørli, 6092 Eggesbønes

Anleggs- og driftsavdelinga, her.

Kulturavdelinga, her.

Utviklingsavdelinga, her.

Vedlegg:
FPL-sak 10/08 med alle tilhøyrande vedlegg.

Saksopplysningar:

FPL drøfta konklusjonane i stadanalysa i møte den 22.01.08 (FPL-sak 10/08). I denne saka oppsummerte rådmannen følgjande forslag til retningsliner for korleis konklusjonane frå stadanalysen kunne førast vidare med omsyn til utviklinga av Fosnavåg by og Fosnavåg sentrum:

RETNINGSLINER FOR UTVIKLING AV FOSNAVÅG BY

- Det skal leggst til rette for at dei ulike delar av byen fortsatt skal kunne utvikle sine særpreg og kvalitetar samstundes som ein prioriterar ei best mogleg samordning/samanknytning mellom bydelane.
- Realisering av ny innfartsveg til Fosnavåg vert vurdert som svært viktig for å knyte saman bydelane, for utløyning av vidare vekst og for tilrettelegging for ein framtidig vidareført riksveg frå Hjelmeset til Røyra/Koppen.
- Eksisterande riksveg frå Hjelmeset til sentrum må etter at ny riksveg har kome på plass, utviklast med vesentleg vekt på miljøgatepreg.
- Det skal arbeidast målretta for å styrke kultur- og opplevingstilbod.
- Kommunen skal intensivere arbeidet med tilrettelegging av bustad- og næringsareal.
- Med bakgrunn i at det ikkje er registrert forventningar til at kommunen skal vere nokon aktiv pådrivar for etablering av eit evt. varehus i byen vert det lagt til grunn at det er ønskje om å vidareutvikle dagens handelstilbod basert på små og mellomstore nisjebutikkar.
- Etablering av gangsti rundt Myklebustvatnet vert vurdert som eit viktig trivsels- og miljøskapande element.
- Det skal arbeidast aktivt for å få på plass eit godt ringbusstilbod (nærkollektivtrafikknett).

RETNINGSLINER FOR UTVIKLING AV FOSNAVÅG SENTRUM

Arealbruk/byutvikling

- Sentrumsutviklinga skal dei komande åra i hovudsak rette seg mot vestsida av hamna innover mot fiskerikaia og på Nørvågsida frå og med Notaneset og utover til Vågsholmen. På deler av Notaneset bør det kunne vurderast å lokalisere bygningar av kulturhistorisk interesse i tilknytning til kystkultursenteret som no er under utvikling.
- Det skal arbeidast for å etablere ei gangbru over hamna då dette vert vurdert som eit svært viktig og naudsynt element for å knyte sentrum saman.
- På litt lenger sikt vil vestre del av sentrum mot Igesund vere ei aktuell utviklingsretning.
- Industri- og servicerelaterte næringar skal sikrast vidare utvikling i indre del av hamna.

- Viktige grøntområde/grøntdrag skal oppretthaldast/utviklast med høg grad av parkbehandling.
- Byfasaden og sentrumsavgrensinga mot sjøsida må viast merksemd.

Parkering

- All ny bebyggelse i sentrum skal som hovudregel dekke sine parkeringsbehov innanfor egne bygg/grenser.
- Nye parkeringsareal skal berre unntaksvis kunne etablerast på gatenivå.
- Det skal utarbeidast ein trafikk- og parkeringsplan for sentrum der følgjande element skal vere sentrale:

Trafikkregulering
 Nye parkeringsanlegg
 Tidsavgrensa parkering
 Avgiftsparkering

Hamna

- Indre del av hamna skal reserverast til industri- og servicerelatert verksemd.
- Ytre del av hamneområdet skal aktiviserast, men utan at det går på bekostning av fiskerirelaterte hamnefunksjonar.
- Sentrumskontakten mot hamneområdet skal forbedrast gjennom etablering av promenadar/opphaldssoner langs/ved hamna.

Estetikk og sentrums kvalitetar

- Viktige siktliner/aksar i sentrum må sikrast/oppretthaldast. Den aller viktigaste i denne samanheng er siktlinja frå almenningen via Vågshomen til Holmefjorden.
- Nye reguleringsplanar skal ha rammevilkår som sikrar at omsyn til etasjehøgder, fasadeutforming m.v. vert ivaretekne, evt. med basis i ein utarbeidd formingsrettleiar for sentrumsområdet.
- Det skal leggest stor vekt på å utvikle gode møteplassar i sentrum.
- Det skal leggest fysisk betre til rette for kulturaktivitetar i sentrum (scene/amfi, lys, straumuttak m.v.).
- Nye uterom (gater, plassar, grøntanlegg m.v.) skal etablerast med høg kvalitet.
- Vedlikehald av uteroma skal prioriterast.

I tillegg til det som er oppsummert ovanfor kom det i møtet også innspel med utgangspunkt i følgjande tema:

- Framtidig utvikling av hurtigrutetilbodet i kommunen.
- Mulegheitene for ei meir omfattande sentrumsutvikling med utgangspunkt i Vågsholmen.
- Djupvass-/cruisekai i Fosnavåg.

Sidan stadanalysesaka sist var lagt fram til førebels drøfting gjorde FPL i denne omgang følgjande vedtak:

Fast utval plansaker behandlar i denne omgang den utarbeidde stadanalysen for Fosnavåg som ei drøftingssak. Utvalet ber om at saka vert lagt fram til realitetsbehandling på eit seinare møte.

Rådmannen viser elles til utgreiing m/vedlegg frå FPL-sak 10/08 som følgjer saka som trykt vedlegg. Sjølve stadanalysedokumenta vart utsendt i tilknytning til ovannemnde sak og er i ettertid også sendt øvrige medlemar og varamedlemar i kommunestyret.


Vurdering og konklusjon:

Rådmannen konkluderer med å tilrå at Fast utval plansaker/kommunestyret vedtek tidlegare oppsette retningsliner med tillegg av dei moment som vart trekt fram under drøftinga av FPL-sak 10/08.

Fosnavåg, 05.02.2008

Rune Sjurgard

Hallvard Rusten



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/509
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
88/13	Formannskapet	14.05.2013

FRANTZEN MASKINSTASJON AS. KJØP AV GRUNN, DELAR AV GNR. 37 BNR. 322.

Tilråding:

Søknaden frå Frantzen Maskinstasjon AS v/Gustav Frantzen om kjøp av parsell på ca 230 m2 frå gnr 37, bnr 322 vert ikkje imøtekommen.

Særutskrift:

- Frantzen Maskinstasjon AS v/Gustav Frantzen
- Assisterande rådmann
- Egedomsavdelinga
- Anlegg og driftsavdelinga

Vedlegg:

- K-sak 152/92

Saksopplysningar:

I K-sak 152/92 var det oppe ei sak om sal av deler av gnr . 37, bnr. 322 til Sørøy-buss AS og Br. Frantzen. Kommunestyret vedtok å selje ein parsell på 350 m2 til Sørøy- buss. Sal av 230 m2 til Br. Frantzen vart ikkje vedtatt.

Gustav Frantzen tok kontakt 15.04.2013. Han ynskjer at spørsmålet om sal av 230 m2 til Frantzen Maskinstasjon AS vert vurdert på nytt.

Spørsmålet om sal av parsellen har vore lagt fram for anleggs- og driftsavdelinga som har kome med slik uttale:

«Det resterande stykket mellom Fjor1 Buss Møre AS (tidlegare Sørøybuss) og Frantzen Eiendom AS er einaste arealet kommunen eig og som kan nyttast som tilkomst frå FV654 frå sørsida av Myklebustvatnet. Kommunen må her ha tilkomst til avlaupsanlegg som ligg langs sørsida av vatnet samt tilkomst til ein evt. framtidig tursti slik det er tenkt i arealdelen til kommuneplanen.»

Vurdering og konklusjon:

Eg viser til vedtaket i K-sak 152/92 og uttale frå anleggs- og driftsavdelinga og rår frå sal av omsøkt parsell frå gnr 37, bnr 322.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Sal kan vere til hinder for tilgang til avlaupsanlegg.

Fosnavåg, 18.04.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

6090 FOSNAVÅG
TLF. 070-88 114 FAX 070-88 340

UTSKRIFT AV MØTEBOKA

	Saknr.:	Møtedato:	Arkiv:
KOMMUNESTYRET	152/92	28.08.92	702
FORMANNSKAPET	176/92	17.08.92	

SPØRSMÅL OM TOMT TIL SØRØY-BUSS A/S. SAL AV DELER AV GNR. 37, BNR. 322.

Skriv av 10.08.92 frå Sørøy-Buss AS vart referert.

3 røysta med fleirtalet nedanfor, men slik at berre om lag [redacted] m2, parsell FGED, vart avsett til Sørøy-Buss AS.

6 røysta for slik tilråding:

Herøy kommune avstår vederlagsfritt ca. [redacted] m2, parsell BGEL, til Sørøy-Buss AS i samsvar med vedlagde kart.

Kommunestyret reknar då med at evt. utgifter i tilknytning til hovedkloakken vert dekt av Sørøy-Buss AS.

Føresetnaden er elles at tomta vert nytta til sekundæranlegg for bussar.

~~Møteboka i kommunestyret lyder:~~

Leif K. Igesund fremja mindretalstilrådinga frå formannskapet.

Ved 2 prøverøystringar røysta 18 for framlegget frå Leif K. Igesund og 15 for tilrådinga frå formannskapet.

Ved endeleg røystring røysta 23 for framlegget frå Leif K. Igesund. 10 røysta for formannskapet si tilråding.

~~Kommunestyret har vedteke:~~

Herøy kommune avstår vederlagsfritt ca. 350 m2, parsell FGED, til Sørøy-Buss AS i samsvar med vedlagde kart.

Kommunestyret reknar då med at evt. utgifter i tilknytning til hovedkloakken vert dekt av Sørøy-Buss AS.

Føresetnaden er elles at tomta vert nytta til sekundæranlegg for bussar.

Rett utskrift:
Else N. Reite


Vert med vedlegg sendt:

Sørøy-Buss A/S
Br. Frantzen
Teknisk etat

Fosnavåg, 18.09.92.



Oddbjørg Remøy
e.f.



HERØY KOMMUNE

RÅDMANNEN

6090 FOSNAVÅG

TLF. 070-88 114 FAX 070-88 340

Ref.: OR

Formannskapsmøte, 17. aug. 1992

F-sak 176/92

Fosnavåg, 26.06.92

Til formannskapet:

SPØRSMÅL OM TOMT TIL SØRØY-BUSS A/S. SAL AV DELER AV GNR. 37 BNR. 322:

Vedlegg: - kart

SAKSOPPLYSNINGAR:

Saka gjeld spørsmålet om Herøy kommune skal avstå deler av kommunen sin eigedom gnr. 37 bnr. 322 til Sørøy-Buss A/S og Br. Frantzen.

Sørøy-Buss A/S har ved fleire høve hatt forespurnad til kommunen om mulegheitene for ei tomt, helst i Fosnavåg-området, der dei kan etablere sekundæranlegg for bussar.

Saka vart sist drøfta i eit møte på rådhuset den 18. mars, d.å. der disponent Per Pettersen og Jon Djupvik møtte for Sørøy-Buss A/S og ordførar Svein Gjelseth og planleggar Olav Torvik møtte for kommunen.

Etter møtet har ein så motteke brev datert 24.03.1992, frå Sørøy-Buss A/S. I brevet skriv dei at dei vil vurdere kjøp av tomta mellom Fosnavåg Bilverkstad og Frantzen Maskinstasjon, men dei ønskjer først å få avklara eindel ting nærare, og dei stiller m.a. følgjande 3 spørsmål:

- 1: Kan vi overta arealet som grensar mot Frantzen og som er planlagt til veg ?
- 2: Kloakkleidninga som går over tomta lagar begrensningar i bruken av tomta. Kan kommunen tenke seg å flytte denne?
- 3: Får vi løyve til å etablere oss på tomta med parkering og bygging av vaskehall og sosialrom ?

Den aktuelle tomta, gnr. 37 bnr. 310 som Voldnes Bilservice A/S eig, ligg lagleg til ved riksveg 654 på Demninga. Arealet på tomta er 2,7 dekar, og her er opparbeidd tosidig avkjørsel til riksvegen, hovedkloakk går over tomta og vassleidning tilhøyrande Bergsøy Vasslag er lagt inn på området.

Mellom 37/310 og Brødrene Frantzen si verkstad-/garasjetomt, gnr. 37 bnr. 309, eig kommunen eit areal som i si tid var tenkt for ein framtidig veg. Frå Sørøy-Buss si side er det ønskjeleg å få overta denne eigedomen i tillegg til 37/310.

Teknisk sjef si vurdering"

"Teknisk sjef viser til kartvedlegget, der kommunen sin eigedom 37/321 er merka A- C- E- H- A, samla areal 0,8 da.

Brødrene Frantzen har tidlegare uttrykt ønskje om å få overta denne eigedomen, men det vart avslått.

Etter ei nærare vurdering av saka har teknisk sjef kome til at kommunen kan avhende noko av dette arealet, då slik at sjølve avkjørsla vert liggande att på kommunen (A-B-G-H-A).

Ein har sett nærare på tilhøva for Frantzen sin eigedom, av driftsmessige grunnar finn ein det naturleg at dei får tillagt noko av 37/322 til sin eigedom, slik som skravert på kartvedlegget og merka B-C-D-F-B. Dette arealet er omlag 230 m² målt på kartet.

Restarealet merka F-D-E-G-F, og som er omlag 350 m² kan Sørøy-Buss A/S få kjøpe, og tillagt 37/310. Med dette tillegget vil Sørøy-Buss A/S kunne få ei tomt på tilsaman vel 3 dekar.

Svaret på spørsmål 1 vert såleis at rår kommunen til å selje til Sørøy-Buss A/S nemnde areal på omlag 350 m².

Når det gjeld spørsmål 2 om flytting av kloakkleidninga, så har ikkje teknisk etat disponible midlar til dette. Løysinga her må såleis vere at Sørøy-Buss A/S sjølve syter for ei sikring av røra i samråd med teknisk etat, ved oppfylling/planering av tomta.

Same kravet vart også sett til Br. Frantzen då dei fekk løyve til tilbygg til verkstaden sin.

På spørsmål 3 om bygging på tomta, så har teknisk sjef for sin del ikkje merknader til omsøkte arealbruk av den aktuelle tomta, men før bygging må planane (teikningar/byggemelding m.v.) vere godkjente.

Teknisk sjef reknar elles med at Sørøy-Buss A/S tek kontakt med teknisk etat slik at ein på tidlegst muleg tidspunkt kan drøfte planeringshøgder, byggplassering, utforming og arealbruk før detaljplaner vert utarbeidd.

Ein viktig del i planlegginga er sjølsagt å sikre felles frie inn- og utkjøringstilhøve til riksvegen over dei berørte eigedomane."

Teknisk utval hadde saka føre i møte 02.06.92, TU-sak 42/92, og gjort slikt samrøystes vedtak:

- "1: Teknisk utval (byggningsrådet) ser positivt på at Sørøy-Buss A/S etablerer sekundæranlegg på Voldnes Bilservice A/S sin eigedom på Eggesbønes, gnr. 37 bnr. 310 i Herøy kommune.

- 2: Utvalet er samd med teknisk sjef, når det gjeld deling av kommunen sin eigedom gnr. 37 bnr. 322. Teknisk utval vil difor rå formannskapet til å selje omlag 350 m2 frå denne eigedom til Sørøy-Buss A/S, og vidare omlag 230 m2 til Br. Frantzen, slik vist på kartvedlegget til denne saka.
- 3: Teknisk utval reknar elles med at Sørøy-Buss A/S si vidare planlegging av tomta og bruken av denne skjer i nært samarbeid med teknisk sjef."

VURDERINGAR:

Eg har ikkje noko å merke til at Sørøy-buss A/S og Br. Frantzen får kjøpe deler av kommunen sin eigedom, slik som teknisk utval har tilrådd.

Når det gjeld pris, kunne det vere greitt at formannskapet fastsette den samstundes som ein evt. sa at kommunen var villig til å selje. Eg ber om at formannskapet vurderer det.

Kommunen har kjøpt grunn i dette området, til slike prisar:


1989 - trygdebustadar, avtale	kr. 42,50 pr. m2
1990 - HVPU-bygg, skjøn	" 50,- " "
1991 - sjukeheimsområdet, skjøn	" 50,-/60,- pr. m2

FRAMLEGG TIL TILRÅDING:

Herøy kommune avstår omlag 350 m2 til Sørøy-Buss A/S og omlag 230 m2 til Br. Frantzen, av gnr. 37 bnr. 322, i samsvar med vedlagde kart.


Thorleif Andreassen


Oddbjørg Remøy




KARTUTSNITT AV OMRÅDE VED DEMNINGA PÅ
EGGESBØNES I HERØY KOMMUNE.

Mål. 1:1000 - dato: 26.mai, 1992.

Spørsmål om tomt til Sørøy Buss A/S.
Herøy kommune, Teknisk etat,
6090 FOSNAVÅG.

Ref. T11 UTE Vee SAE Ege ut Det Voi mal i ut og ut ER He ut bn



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/508
		Arkiv:	K24

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/13	Maritim og teknisk komite	23.04.2013
89/13	Formannskapet	14.05.2013

MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG HAMN - IGANGSETJING AV PROSJEKT

Møtebehandling:

Utviklingsleiaren møtte og orienterte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Maritim og teknisk komite - 23.04.2013

Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.

Tilråding:

Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.

Særutskrift:
Anleggs- og driftsavdelinga
Kystverket

Bakgrunn:

Samferdselsdepartementet la i møte 12. april fram Stortingsmelding nr. 26. Nasjonal transportplan 2014-2023 (NTP) for statsråd. Planen skal no ut på høyring

I Nasjonal transportplan (NTP) er utdjuping av Fosnavåg hamn gitt prioritet, ved at det er sett av 50 millionar kroner. Ei utdjuping skal gjere det mogleg for større båtar å anløpe og nytte dei fasilitetar som eksisterer i hamna. Hamna har stor aktivitet og har dei fleste funksjonar innan eit totalt fiskerihamntilbod.


Prosjektet er kostnadsrekna til ca. 49 millionar kroner. Kystverket krev at det må liggje føre godkjend reguleringsplan som ivaretek fiskeriinteressene i området, før utdjuping kan skje.

Saksopplysningar:Kystverket sine planar:

Kystverket har utarbeidd ein rapport som omhandlar utdjuping av Fosnavåg hamn. I rapporten går det fram at innløpet til hamna tidlegare er utdjupa til – 7,0 meter under sjøkartnull, medan sjøve hamnebassenget er utdjupa til – 6,0 meter til – 6,5 meter under sjøkartnull.

Kystverket skriv i rapporten at hamnebassenget skal utdjupast over eit areal på 40 daa til djupne – 7,0 meter. Det inneber at 40.000 pfm³ skal mudrast med noko innslag av fjell i mindre parti. I tillegg er det planar om forlenging av ledekant på renna sin NV kant.

I samband med Kystverket sine planar om utdjuping av Fosnavåg hamn, gjennomførte NGI miljøtekniske og geotekniske undersøkingar i hamna i 2010. Det er i hovudsak berre gjort undersøkingar i området der Kystverket ser føre seg at mudring skal skje. Med unntak av området utanfor slippen på Notaneset.



Kart som viser mudringsområdet. Sirklane viser punkt for prøvetaking.

Punkta FM9 og FM10 ligg utanfor mudringsområdet

Analyseresultata viser at det er høge nivå av miljøgifter i botnsedimenta i hamna også for dei to områda som ligg utanfor mudringsområdet. Rapporten frå NGI konkluderer med at det vil vere behov for miljøtiltak i samband med mudring av hamna.

Det er truleg også forureina botnsediment elles i hamna og i grunnen på land. Kystverket tek berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna.

Samarbeid – gjennomføring av prosjekt utdyping av Fosnavåg hamn

Som nemnt ovanfor, tek Kystverket berre på seg arbeidet med mudring av delar av hamna, jf. kart ovanfor.

Herøy kommune har egne planar om opprydding av utslepp (jf. avløpsplanen). Kommunen ser det som viktig at ein får rydda opp i heile hamneområdet, både i sjø og på land, når ein først er i gang med mudring i hamna.

I tillegg til analyserte forureina botnsediment, kan det kan tenkjast at det ligg kjelder til forureining på land, som kan føre til utlekking av miljøgifter til hamnebassenget over tid.

Kommunen bør ta initiativ til eit samarbeid med Kystverket, slik at ein kan få mudra ut heile den forureina delen av hamna og eventuelt rydda opp i grunnen både i sjø og på land. Etter administrasjonen si vurdering vil det vere positivt å få til ei samarbeid med Kystverket, både reint praktisk og økonomisk. Massane som skal takast ut av hamna må deponerast. Kommunen vil m.a. sjå nærare på om massane kan nyttast i samband med byutviklingsprosjektet for Fosnavåg.

I dette arbeidet vil KLIF (Klima- og forureiningsdirektoratet vere ein naturleg samarbeidspartnar). KLIF lyser ut årleg ut midlar til tiltak i forureina grunn.

Det er vanskeleg på noverande tidspunkt å sei noko om kva ei miljøopprydding vil koste. Ein kjenner til at det har vore gjennomført liknande prosjekt, der Kystverket, KLIF (Klima og forurensningsdirektoratet), kommunen og grunneigarar har samarbeidd om finansiering av tiltak.

Vurdering:

Herøy kommune må engasjere seg aktivt i arbeidet med mudring av Fosnavåg hamn. Det er viktig å få rydda opp i heile hamna. Det vil få positive miljøkonsekvensar for Fosnavåg.

I dette arbeidet er det sentralt å få til eit godt samarbeid med Kystverket, fylket og KLIF.

Konklusjon:


Rådmannen rår til at det vert sett i gong arbeidd med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.

Fosnavåg, 18.04.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1014
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
90/13	Formannskapet	14.05.2013

BUDSJETT- OG FRÅVÆRSKONTROLL PER 28.02.2013

Tilråding:

Budsjett- og fráværssrapporten per 28.02.2013 vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Avdelingane, he
- Revisjonen, her
- Vest Kontrollutvalssekretariat

Vedlegg:

- Budsjettkommentarar frå avdelingane
- Fråværskommentarar frå avdelingane.

Saksopplysningar:

Målet med budsjettkontrollane er at dei stadig skal bli betre og syne at kommunen har god kontroll både på inntekts- og utgiftssida og kan varsle avvik så snart dei oppstår. På den måten vil politikarar og administrasjon få ei god oversikt over dagens drift og kva resultat denne drifta har å seie på rekneskapsresultatet ved utgangen av året.

Lønn er den viktigaste og største posten i rekneskapen. Den er vanlegvis meir å jour enn enn dei andre utgifts- og inntektspostane. Til orientering kan ein nemne at ein til ei kvar tid har mellom 50 og 100 fakturaer som ligg i avdelingane for kontering og tilvising. Desse er ikkje med i grunnlaget budsjettkontrollen er bygd på.

1. Tabell som syner situasjonen slik den einskilde leiar skildrar

I denne tabellen tek ein for seg rekneskapen per 28.02.2013 og samanliknar dette med budsjettet for 2013.

Netttotal i 1000 kr.

Avdeling/område	Rekneskap per 28.02.2013	Rev budsjett 2013	Forbruk i %	Meldt avvik	Rekneskap per 31.12.13
Folkevalde	688	4.350	15,8		4.350
Adm. Leining	259	3.275	7,9		3.275
Servicetorget	474	2.775	17,1		2.775
Fellessekretariatet	599	2.300	26,0		2.300
Økonomiavdelinga	909	5.975	15,2		5.975
Pers- og org. Avd.	2.353	8.400	28,0		8.400
IKT	805	4.225	19,1		4.225
Overføringar	6.989	8.600	81,3		8.600
Barnehagar	12.729	56.850	22,4		56.850
Grunnskular m.m	19.081	106.220	18,0		106.218
Barn, familie og helse	5.577	32.390	17,3		32.390
Pleie- og omsorg	18.076	95.000	19,0		95.000
Bu- og habilitering	5.994	34.700	17,3		34.700
Barnevern					
Sosial og flyktning	2.691	9.100	26,6		9.100
Kulturavdelinga	1.240	7.530	16,5		7.532
Utviklingsavdeling	943	5.600	16,8		5.600
Anlegg og drift	6.204	15.110	41,0		15.110
Eigedomsavd.	3.312	15.900	20,8		15.900
Samhandlingsreforma	2.034	12.400	16,4		12.400
Skatt, ramme, fin.	-84.811	-405.170	20,9	4.000	- 401.200
Sum	6.136				3.970

(normalt forbruk etter 2 mnd bør ligge på om lag 17,0%. Lønskostnadane bør ligge på om lag 18,1 % og forbrukspostane på om lag 15,0 %)

Det er registrert eit stort underskott per 28.02.2013 trass i at vi i tala ovanfor har regulert avdragsbelastninga og skatteinntektene. Under Overføringar ligg det ei feilkjelde i og med at ein allereie i årets 2 første månader har betalt ut om lag 5,5 mill kr frå Næringsfondet og

RDA midlar utan at ein har henta dette inn frå bundne fond. Resultatet vert då endra tilsvarande.

På motsett side er finanskostnadane positive per 28.02.2013 pga ei internføring. I staden for ei inntekt på 5,5 mill kr er det rette ein kostnad på om lag 6,0 mill kr, slik at totalresultatet per 28.02.2013 (når vi tek omsyn til ovannemnde faktorar) er på nær 12,2 mill kr. Dette er ikkje unaturleg når vi veit at inntektene frå skatt og ramme er om lag 4,0 mill lavare enn budsjettert. I januar og februar er det utgiftsført ein del eingongskostnadar som gjer at belastninga på utgiftssida er noko skeiv.

2. Usikre punkt

1. Barnehageavdelinga. Avviket skuldast at kommunalt tilskot til private barnehagar er utbetalt for tre månader. Periodiseringa gir då eit litt skeivt bilete.
2. Avdeling for Barn, Familie og Helse. Her vil det nok bli ein sprekk på det som gjeld Herøy legesenter då kommunestyret i Budsjetthandsaminga gjorde ei budsjettkorrigeringsom auka kostnadane i avdelinga med nær 0,5 mill kr.
3. Pleie- og omsorgsavdellinga melder om fullt belegg og til dels overbelegg, samt at mange heimebuande treng meir tid til hjelp og oppfølging etter at Samhandlingsreforma vart innført. Dette har ført til at samla lønskostnadar er noko høgare enn budsjettert.
4. Bu- og habiliteringsavdelinga. Her kan ein få eit positivt budsjetttavvik då budsjettert øyremarka statstilskott for ressurskrevjande brukarar er noko er budsjettert lavare enn i 2013 enn det reelle tilskotet fekk/får i 2012.
5. Sosial/Flyktning. Utgiftene til sosialhjelp er høgare enn budsjettert. Sjølv om ein set i verk tiltak for å få desse redusert framover vil det mest truleg bli eit meirforbruk her i 2013. Det er også slik at avdelinga etter kvart kan få auka refusjonskrav frå andre kommunar i og med at sjukehusa har lagt ned/ redusert omfanget på 2. linetenester som t.d. rus og psykiatri og overlatt ansvaret til kommunane.
6. Vi var optimistiske då vi budsjetterte skatteinntektene for 2013. Allereie per 28.02.2013 er dei faktiske inntektene på dette området om lag 10,6 mill lavare enn budsjettert. Dette klarer ein ikkje å ta att på årets 10 siste månader. Mest truleg vil skatteinntektene bli om lag 10,0 mill lavare enn budsjettert noko som i sin tur medfører auka rammetilskott på om lag 6,0 mill kr. Det vil gi ein manko i budsjettet for 2013 på om lag 4,0 mill kr. Vi kan kome litt heldigare ut om skatteveksten på landsbasis blir høgare enn regjeringa har forutsett i statsbudsjettet for 2013.

Litt for tidleg å seie korleis den økonomiske stoda vil bli i 2013. Her er nokre teikn som er eigna for bekymring. I tillegg til det som er nemnt ovanfor kjem usikkerheit knytt til lønsoppgjeret for 2013 og kva den endelege pensjonskostnaden vil bli for kommunen dette året. Eit par andre ting som vil bli avgjerande for resultatet er utviklinga på aksjemarknaden og på lånerentene. For begge dei sistnemnde faktorane håper og trur vi på ein positiv trend.

4. Rådmannen sine kommentarar

Hittil ser det ut til at skatteinntektene ikkje vil kome på det nivået vi har budsjettert med for 2013. I tillegg kan det vere at avdeling for Barn, Familie og Helse har for låta ramme i høve til det den skal ha for å halde fram dagens drift. Dette skuldast i første rekke mistydingar i samband med handsaminga av budsjettet i kommunestyret i desember.

Vi har prøvd å tilpasse rammene til den einskilde avdeling etter deira ynskjer kombinert med dei midlane vi har til rådvelde. Likevel er det klart at avdelingane sine behov på mange områder er større enn det budsjettet gjev opning for. Arbeidspresset er aukande bl.a. på grunn av endra regelverk, nye og utvida oppgåver og større etterspurnad frå publikum.

Kommunen sine ulike disposisjonsfond er på om lag 15,3 mill kr og gjennom budsjettdisponeringar for 2013 på i alt om lag 2,8 mill kr vil dei bli om lag 12,5 mill kr om kommunen ikkje klarer å skape eit mindreforbruk i 2013. Blir det meirforbruk vil driftsfonda bli redusert tilsvarande.

5. Om avvika kan dekkast inn

Det er utfordrande å dekkje inn avvik i avdelingar som driv rettighetsstyrte tenester, der nivået på tenestene frå før er dimensjonert til minimumsstandard etter lova.

Det er også ei utfordring at tiltak som får effekt på drifta føreset langsiktig planlegging og verknadane kan først godskrivas etter ein lang tidshorisont.

Herøy kommune må kontinuerleg jobbe med tiltak som ikkje får konsekvensar for drifta og tenestene. I revidert nasjonalbudsjett har regjeringa knytt forventingar til effekt av lågare sjukefråvær og reduksjon i energikostnadane ved ENØK-tiltak. Arbeidet med sjukefråveret er komplisert og involverer arbeidstakaren sjølv, arbeidsgjevar, legen og NAV.

Staten har framleis ein strategi på å innlemme tidlegare øyremerka tilskott i rammetilskottet. Sist galdt dette finansieringa av barnehagesektoren. Samstundes endrar ein vilkåra slik at det ikkje blir kompensert for eventuelle meirkostnadar/mindreinntekter slik det har blitt gjort før. Det vil seie at staten får kontroll med sine kostnadar, medan kommunane igjen får all risiko.

Samhandlingsreforma har no virka i 14 månader og ein har enno ikkje den fulle oversikta over verknadane den har hatt på kommuneøkonomien. Tilsynelatande såg det ut til at overføringa Herøy kommune fekk i 2012 var stor nok til å betale rekningane frå Helse Midt/Helse Møre og Romsdal. Det er for så vidt rett, men meirkostnadane og meirarbeidet Herøy kommune har hatt med å ta inn «ferdigbehandla» pasientar innan tidsfristen og gitt desse pasientane god nok hjelp er ikkje med i dette reknestykket. Vi ser at tilbodet til Helseforetaket når det gjeld 2 linetenestene blir bygt ned og kommunane (i tillegg til pasientane) er dei som kjem dårleg ut av denne endringa.

Momskompensasjonsordninga for investeringar er endra. Før kunne alt av inntekter frå dette førast i drifta. I år skal 80% førast i investeringsrekneskapen og 20% i driftsrekneskapen. Her stramar staten inn kommunesektoren sine driftsinntekter. Med 10,0 mill i momskomp årleg vil Herøy kommune få redusert sine driftsinntekter i 2012 med om lag 8,0 mill kr. Som både Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har innrømt fører dette til ei innstramming for kommunesektoren på kort og mellomlag sikt. Tilførselen av midlar til sektoren vert imidlertid uforandra (det meste ført som inntekter i investeringsrekneskapen).

Tabellar som syner stoda per dato samanlikna med tilsvarande periode i 2012

Område	Rekneskap per 28.02.2013	Rev budsjett 2013	Rekneskap per 29.02.2012	Rev. Budsjett 2012	Avvik rekneskap i kr
Folkevalde	688	4.350	936	3.630	- 248
Administrativ leing	259	3.275	601	2.765	- 341
Servicetorget	474	2.775	459	2.785	15
Fellessekretariatet	599	2.300	598	2.245	1
Økonomiavdelinga	909	5.975	762	5.685	147
Personal- og org.	2.353	8.400	2.073	8.045	280
IKT	805	4.225	890	4.465	-85
Overføringar	6.989	8.600	9.764	8.400	- 2.775
Barnehagar	12.729	56.850	11.492	56.520	1.237

Grunnskular m.m	19.081	106.220	18.027	99.875	1.054
Barn,familie og helse	5.577	32.390	5.180	31.065	397
Pleie- og omsorg	18.076	95.000	16.578	86.400	1.498
Bu- og habilitering	5.994	34.700	6.085	32.600	- 91
Barnevern					
Sosial og flyktning	2.691	9.100	2.347	8.045	- 344
Kulturavdelinga	1.240	7.530	1.195	6.830	45
Utviklingsavdeling	943	5.600	1.240	5.360	- 297
Anlegg og drift	6.204	15.110	4.286	13.185	1.918
Eigedomsavd.	3.312	15.900	3.703	15.300	- 391
Samhandlingsref.	2.024	12.400	1.893	11.968	131
Skatt, ramme, fin.	-84.811	-430 700	- 75.714	- 405.168	- 9.097
Sum	6.136		12.395	5	-6.259

Av tabellen ser ein at det er store ulikskapar mellom rekneskap 2012 og rekneskap 2011 per 29.02 på fleire av avdelingane. Dette kan skuldast ulik periodisering i høve til når inntekter og utgifter er ført dei ulike åra.

Som nemnt tidlegare i saka er nettoutgiftene i Sentraladministrasjonen om lag 5,5 mill kr høgare enn reelt då ein ikkje har inntektsført utbetalingar frå Næringsfondet og RDA midlane ved bruk av fonds.

(Alle tal i heile 1.000)

	Rekneskap per 28.02.2013	Budsjett 2013	Forbruk i %
Lønn inkl sosiale utgifter	65.342	357.492	18,3
Kjøp av varer og tenester	12.368	65.898	18,8
Kjøp av varer og tenester som erstattar komm eigenprod.	17.855	63.320	28,2
Overføring til andre	10.897	60.092	18,1
Finansieringsutgifter	- 5.126	63.222	
Sum utgifter	101.336	610.025	16,6
Salsinntekter	- 7.477	- 65.272	11,5
Refusjonar	- 5.731	- 28.193	20,3
Overføringar frå andre	- 80.999	- 454 552	17,8
Finansieringsinntekter	- 995	- 62.007	1,6
Sum inntekter	-95.202	- 610.025	15,6
Netto	6.134		

Ser ein på dei ulike utgiftsartane hittil i 2013 og samanliknar dei med budsjettet og situasjonen per 29.02.2012 er lønnskostnadane noko høgare enn dei burde vere, men også refusjon sjukeløn er høgare enn i tilsvarande periode i 2012 så samla sett ser dette ok ut.

Finanskostnadane er positive med 5,1 mill kr. Dette kjem av nokre interne føringar i samband med rekneskapsavslutninga for 2012 og den vil etter kvart bli korrigeret. Det rette vil vere ein kostnad på minst 6,0 mill kr.

Skatteinntektene er som nemnt 10,6 mill kr lavare enn budsjettet og det er ikkje grunn til å tru at dette kan snuast. Vi skal vel vere glade om vi får skatteinntekter tilsvarande det budsjettete resten av året.

Vurdering og konklusjon:

Usikkerheita er stor på fleire områder og året 2013 har enno ikkje sett seg. Slik ein ser det er det endringar i når utgifter og inntekter har blitt utgifts- og inntektsført i 2013 sett i høve til 2012 og ein vil få eit klarare bilde av situasjonen når ein kjem til kontrollen per 30.04.2013.

Vi har dei siste åra hatt god kontroll på drifta og våre budsjett har synt godt samsvar med rekneskapen. Vi voner denne trenden også held fram i 2013.

Men det er teikn til bekymring over inntektssituasjonen og det gjev grunnlag for å vurdere samanhengen mellom utgifts- og inntektssida i budsjettet.

Fråværsrapporteringa for feruar

I februar 2013 er nærværsprosenten på om lag 90,04%. Det er ein litt lavare nærværsprosent enn det ein har som målsetjing. Nærværet varierer mykje frå avdeling til avdeling. Fleire avdelingar (8) har nærvær på meir enn 95%, medan 2 avdelingar har eit nærvær på under 80%. Samla nærværsprosent er litt høgare enn i januar 2013 men høgare enn i november 2012.

Grunnane til fråværet er ulikt. Noko skyldast fødselspermisjonar, noko skuldast langvarig sjukdom, men det som kanskje er verdt å merke seg i januar og februar er eit høgt korttidsfråvær. I januar og februar utgjer det hhv 3,38% og 3,16%, medan det før nyttårsskiftet var på i overkant av 2,0%.

For meir informasjon sjå vedlagte fråværskommentarar frå avdelingane.

Fosnavåg, 05.04.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Rapporteringstre	Enhetsleder vurdering	Avvik hiå (kr)	Årsbudsjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0	43	4 350	0,00	Godkjent
12 Administrativ leiling	Akseptabelt	0	329	3 275	0,00	Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	0	30	2 775	0,00	Godkjent
14 Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-434	2 300	0,00	Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	131	5 975	0,00	Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-868	8 400	0,00	Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	-61	4 225	0,00	Godkjent
18 Overføringer	Akseptabelt	0	-34	8 600	0,00	Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	0	-3 041	56 850	0,00	Godkjent
22 Grunnskular, PPT, Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	143	106 450	0,00	Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	0	131	32 390	0,00	Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 169	95 000	0,00	Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 250	34 700	0,00	Godkjent
34 Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00	Ikke rapportert
38 Sosial og flyktning	Akseptabelt	0	-1 099	9 100	0,00	Godkjent
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	79	7 300	0,00	Godkjent
50 Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0	106	5 600	0,00	Godkjent
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	-3 482	15 110	0,00	Godkjent
60 Eigedomsavdelinga	Akseptabelt	0	-414	15 900	0,00	Godkjent
70 Samhandlingsreforma	Akseptabelt	0	43	12 400	0,00	Godkjent
90 Skatt, ramme, finans, tilskot	Akseptabelt	0	11 567	-430 700	0,00	Godkjent
Sum		0	749	0	0,00	

Beskrivelse	Rekneskap hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.12	Rev. årsbudsjett	Forventet årsresultat	Forbruk i %
Sum totalt	15 632	3 662	4 411	749	0	0	0,00
Utgifter	116 472	95 843	106 082	10 239	0	610 024	15,71
Løn inkl. sosiale utgifter	60 578	65 342	63 634	-1 708	0	357 492	18,28
Kjøp av varer og tenester	27 322	24 310	21 912	-2 398	0	129 218	18,81
Overføringer og andre utgifter	28 572	6 191	20 536	14 345	0	123 314	5,02
Inntekter	-100 839	-92 181	-101 671	-9 490	0	-610 024	15,11
Salsinntekter	-7 048	-7 294	-10 879	-3 584	0	-65 272	11,18
Refusjon sjukeløn	-2 007	-3 367	-487	2 880	0	-2 920	115,31
Andre refusjonar og tilskot	-91 784	-81 520	-90 305	-8 786	0	-541 833	15,05
I alt	15 632	3 662	4 411	749	0	0	0,00

Folkevalde

Førebels ikkje noko avvik å kommentere.

Administrativ leiling

Førebels ikkje noko avvik å melde.

Fellessekretariatet

Avviket skulast periodisering av utgifter til IKA og porto og ein voner dette rettar seg litt opp litt til neste rapportering.

Økonomiavdeling

Det meste ser normalt ut etter 2 månaders drift. Må rekne med litt ekstra lønskostnadar i mars/april grunna mykje arbeid med avslutninga av mange rekneskap.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avvik er på bakgrunn av manglande periodisering av gruppe og ulykkesforsikringa til KLP som i si heilheit no er betalt for 2013. Slik eg vurderer det ligg personal og organisasjonsavdeinga per februar innanfor budsjettet for 2013.

Informasjonsteknologi

Ikkje noko avvik å kommentere.

Overføringer

Dei faste månadlege overføringane har starta opp og er i rute. Ikkje noko som tilseier vesentlege avvik frå budsjettet på noverande tidspunkt.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Skuleavdelinga har pr.02 2013 hatt eit forbruk på 17,88% av totalen for året, mot 18,07% på same tid i 2012. Vi er omtrent på budsjett, med eit underforbruk jfr. periodisering på kr. 143'

Utgifter: Lønnsutgiftene er litt lavare enn budsjett, sjølv om refusjon sjukelønn er inntektsført over budsjett. Kjøp av varer og tenester ligg over budsjett, med årsak i at skuleskyss er forskotsbetalt også for mars (bet. kr.1.159' mot budsjett 728')

Inntekter: Salgsinntekter ligg over budsjett, med årsak i tidspunkt for fakturering. Refusjon sjukelønn ligg også over budsjett. Det er ikkje mottatt noko refusjonar så langt i år, verken tilskot til norskopplæring for vaksne eller frå andre kommunar som betaler foropplæring av barn i fosterheimar i Herøy.

Det er altfor tidleg å spå i høve prognose, men så langt ser bildet greitt ut. Vi har enno ikkje oversikt over tilflytting av minoritetsspråklege born eller born med behov for anna særleg tilrettelegging for neste skuleår. Det er derfor først i august/september skuleavdelinga kan seie noko reelt om prognose for 2013.

Barn, familie og helse

Det er eit lite meirforbruk som isolert sett er akseptabelt, men som må følges nøye. Dei nye avtalane med Herøy legesenter kan sjå ut til å få ein positiv virkning såvel på inntektssida som på utgiftssida.

Pleie og omsorgsavdelinga

Forbruket ligg omlag på same nivå som i fjor totalt sett. Forbruket svinger mellom avdelingane i takt med endring i behova. Det er brukt omlag 70 000 kr meir i overtid enn på same tid i fjor. Dette samsvarer med den meldte situasjonen med mange dårlege pasientar. Dei to første månadane har institusjonane hatt fullt belegg, og til tider overbelegg. I heimetenestene er det stort press med fleire pasientar og meir tid- og ressurskrevjande oppdrag. Det er høgare sjukefråvær og refusjon sjukeløn vert høgare, men det same vert då og forbruk av vikarar. Avdelinga har stort fokus på samarbeid over avdelingsgrenser og økonomi er fast tema på leiarmøta.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Butilboda har eit negativt avvik. Har utfordringar i høve overtid. Arbeidet med å redusere overtid har i periodar synt resultat. Kvar einskild avdelingsleiar tek grep i eiga avdeling. Nokre av personale har fått høgare stilling og endringar på turnus i høve dette vil truleg gje resultat.

Manglande salsinntekter er hovudgrunnen til negativt avvik. Itillegg til nye investeringar på nødvendig utstyr på dagtilbodet. Vi reknar med at dette betrar seg i løpet av året.

Øyremerka tilskott for ressurskrevjande bruuarar er ikkje inntektsført hittil i 2013. For 2 mnd utgjer desse omlag 1,45 mill kr og tek ein omsyn til dette er ein omlag i balanse i høve budsjettet

Sosial og flyktning

Budsjettrapport februar

Avvik kr 1 099 347 Overforbruk sosialhjelp 357 890 Ikke overført fra fond flyktning 152 900 Manglende

Integreringstilskudd (kvartalsvis) 595 500 Bruk av fond Barnefattigdom ikke overført regnskapet 235 003 Av disse postane er det overforbruket på sosialhjelp som vil bli ståande. Dei andre postane vil bli endra ved interne overføringar og kvartalsvis utbetaling av statlege midlar. Budsjettet for økonomisk sosialhjelp er redusert fra 3 490 000 i 2012 til 2 500 000 i 2013. Det vil kreve mykje av sosialtenesta å nå budsjettet, men kontoret har lagt ein plan for omorganisering av arbeidet som ein håpar får effekt. Budsjettet for sosialhjelp har stått uforandra i mange år, og sjølv om ein har ønske om ein reduksjon vil det vere sannsynlig at den budsjetterte reduksjonen er litt for stor. Ei anna sak vi fekk store kostnader med i 2012 var refusjonskrav frå kommunar. Også i år kan dette bli ei problemstilling då stadig fleire behandlingstiltak vert lagt ned og oppgåver/ansvar blir overlatt kommunene.

Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapen for utviklingsavdelinga eit mindreforbruk på om lag 106 000.- pr. 28.02.2013. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Hovudårsak til avvik mellom rekneskap og budsjett er mindre utgifter på kjøp av varer og tenester og mindre inntekter på plan, byggesak.

Konklusjon:

Totalsituasjonen er bra.

Anleggs- og driftsavdelinga

Ved utgangen av februar syner rekneskapen med justering for inntekter som ikkje er rekneskapsført og interne føringar som ikkje er gjennomført at det er små avvik i forhold til periodisert budsjett. (Eigedomsinntekter vert fakturert 2 gongar pr. år. I mars og oktober. Dette medfører at det kan vere til dels store avvik mellom inntekter og utgifter alt etter kor mykje av inntektene som er fakturert til ei kvar tid.) I januar og februar er det utført tøming av private slamavskiljarar hos omlag halvparten av abonnentane. Forbruk vegvedlikehald er omlag 160.000 kroner lågare enn på same tid i 2012. Dette skuldast mindre snø enn føregående år. Det er ikkje registrert avvik som medfører overskriding av budsjettet så langt.

Eigedomsavdelinga

Ikkje noko avvik å melde per 28.02.2013. I høve til periodisert budsjett ligg ein litt etter med inntektene, men dette vil jamne seg ut etter kvart.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Skatteinntektene for dei 2 første månadane i 2013 er mykje lavare enn det vi har budsjettert med og det KS har i sine prognoser. I januar og februar sit Herøy kommune att med pmlag 36,0 mill kr i skatteinntekter. Tilsvarende var skatteinntektene i januar og februar 2012 på omlag 44,6 mill kroner. Det vil seie ein nedgang på 8,6 mill kr medan vi faktisk hadde budsjettert med ein vekst på 10,6 mill kr.

Det vil i realiteten seie at rammetilskotet vil bli omlag 6,6 mill høgare enn budsjettert og at vi etter 2 månaders drift manglar totalt 4,0 mill kr i inntekter frå skatt og ramme.

For dei andre postane er det mindre avvik mellom rekneskap og budsjett.

Heller ikkje i mars klarer vi å ta igjen noko av dei "tapte" skatteinntektene så mest sannsynleg vil måtte gjere endringar i budsjett 2013 for å få det i balanse.

Rapporteringstre	Sykefraværs %	Utførte arbeidsdager	Mulige arbeidsdager	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0,00	69	69	Godkjent
12 Administrativ leing	Akseptabelt	1,19	166	168	Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	4,59	287	305	Godkjent
14 Fellessekretariatet	Akseptabelt	2,86	102	105	Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	1,94	403	413	Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	11,71	493	598	Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	22,02	120	168	Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	18,57	1113	1427	Godkjent
22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	9,07	7243	8166	Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	2,77	1471	1517	Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	11,51	5518	6462	Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	13,68	2273	2793	Godkjent
38 Sosial og flyktning	Akseptabelt	21,90	315	420	Godkjent
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	12,33	320	365	Godkjent
50 Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0,26	376	378	Godkjent
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	1,52	1021	1050	Godkjent
60 Eigedomsavdelinga	Akseptabelt	7,76	1223	1418	Godkjent
Sum		9,96	22513	25822	

	Langtidsfrav.%	Mulige dager	Faktiske dager	Egenmelding	Legemelding 1-8 dager	Legemelding 8-16 dager	Legemelding < 16 dager	Legemelding > 56 dager	Sykt barn	Omsorgs
Fravær	3,16	6,79	25822	22513	391	147	278	1754	1	
	3,48	7,78	20768	17782	345	138	239	1615	1	
	1,86	2,75	5054	4731	46	9	39	139	0	
I alt	3,16	6,79	25822	22513	391	147	278	1754	1	

Folkevalde

Ikkje noko å kommentere.

Administrativ leing

Ingen merknad.

Servicetorget

Stillingsheimlar tilsvarende 70% er ute i langtidsjukmelding. Årsaka er ikkje knytt til arbeidsplassen og det kan ikkje gjerast tilpassningar på arbeidsplassen for å endre situasjonen. Det er leigd inn vikar i 30% av stillingsheimelen og ein vil vurdere situasjonen for eventuelt å måtte leige meir vikar for å klare å gjennomføre dei arbeidsoppgåvene som ligg til servicetorget.

Fellessekretariatet

Ingen merknad

Økonomiavdeling

Fråværet skuldast i all hovudsak influensaliknande sjukdomar og samla fråvær er lavare enn januar/februar 2012

Personal- og organisasjonsavdelinga

Sjukefråværet det vert rapportert på gjeld personal- og organisasjonsavdelinga, lærlingar og frikjøpte hovudtillitsvalde. Sjukefråværet er høgt i denne perioden, men har ingen ting med fysisk eller psykisk arbeidsmiljø å gjere. Det er kjende årsaker og personar er under medisinsk behandling.

Informasjonsteknologi

Høgt sjukefråvær pga omsorgspermisjon m.m.

Barnehagar

Sjukefråværet er framleis høgt i barnehageavdelinga og skuldast kronisk sjukdom, operasjonar, skader og graviditet. Korttidsfråværet skuldast vanlege sjuke og influensa. Det er ikkje meldt om sjukefråvær p.g.a arbeidsmiljøet. Sjukefråvær vert fulgt opp i samsvar med IA avtalen, og barnehagane set kontinuerleg godt arbeidsmiljø på dagsordenen.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Etter gjennomgang av fråværsrapport pr.dato, har skuleavdelinga så langt i år eit fråvær på 7,44%. Det er kjende og forklarlege årsaker bak talet. Igjen ser vi at prosenten vert forholdsvis høg pga eit fåtal sjukmelde personar i avdelingar med få tilsette. Sjukefråvær vert som vanleg følgt opp i tråd med retningslinene.

Barn, familie og helse

I gamle Helseavdelinga er fråværet er lavt og i det vesentlege har vi langtidsfråvær. Dette er fråvær som har vært over tid og som ikkje knyttast til arbeidsforhold. Vi ser det som ei utfordring å klare å behelde det lave fråværet vi har i denne delen av avdelinga. Også innan avdelinga for Barnevernet er fråværet lågt og det er her knytt til korttidsfråvær grunna bl.a. influensa.

Pleie og omsorgsavdelinga

Sjukefråværet er relativt høgt for det som vedkjem Heimehjelp, og også nokre av avdelingane på Herøy Sjukeheim og Myrvåg sjukeheim har eit sjukefråvær som er litt over målsetjinga.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Sjukefråvær knytt til eindele sjukemeldingar og noko eigenmelding. Er ikkje relatert til arbeidsmiljø.

Sosial og flyktning

Sykefråværet er på vei ned To langtidsfravær. En person går over på AAP og tar ut permisjon ut året. En annen person er på vei tilbake gradvis. Begge disse fraværene er delvis arbeidsrelatert, handler om belastning i oppgavene. Ikke arbeidsmiljø. Begge personene er i tenkeboksen på hvorvidt de skal fortsette i denne typen jobb.

Kulturavdelinga

Februar: Månadsrapporten for kulturavdelinga viser eit totalt fråvær på 12%, 6% på korttidsfråvær og 6% på langtidsfråvær. Dette er ein liten oppgang frå sist haust . Sjukefråværet i kulturavdelinga har vore lavt det meste av det foregåande året, men har fått ein liten topp i vinter pga eit par sjukmeldingar, og ei delvis langtidsjukmelding i tillegg av nokre kortvarige eigenmeldingar. I ei avdeling med få tilsette slår fråvær fort ut i %. Kulturavdelinga har ein nærversprosent på 90%

Utviklingsavdelinga


Lite fråvær og såleis lite å rapportere om.

Anleggs- og driftsavdelinga

Sjukefråværet er lågt og innafor avdlinga si målsetjinga om ein nærversprosent på 97.

Eigedomsavdelinga

Nærversprosenten ligg på i overkant av 92%. Det er omlag som målsetjinga, Korttidsfråværet har vore høgt i denne perioda, men vi voner at det vil stabilisere seg / bli redusert i tida som kjem.



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1014
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
91/13	Formannskapet	14.05.2013

BUDSJETT- OG NÆRVÆRSKONTROLL PER 31.03.2013

Tilråding:

Budsjett- og nærværskontrollen per 31.03.2013 vert teke til vitande.

Særutskrift:

- Avdelingane, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest Kontrollutvalssekretariat

Vedlegg:

- Budsjettkommentarar frå avdelingane
- Fråværskommentarar frå avdelingane.

Saksopplysningar:

Målet med budsjettkontrollane er at dei stadig skal bli betre og syne at kommunen har god kontroll både på inntekts- og utgiftssida og kan varsle avvik så snart dei oppstår. På den måten vil politikarar og administrasjon få ei god oversikt over dagens drift og kva resultat denne drifta har å seie på rekneskapsresultatet ved utgangen av året.

Lønn er den viktigaste og største posten i rekneskapen. Den er vanlegvis meir à jour enn enn dei andre utgifts- og inntektspostane. Til orientering kan ein nemne at ein til ei kvar tid har mellom 50 og 100 fakturaer som ligg i avdelingane for kontering og tilvising. Desse er ikkje med i grunnlaget budsjettkontrollen er bygd på.

1. Tabell som syner situasjonen slik den einskilde leiar skildrar

I denne tabellen tek ein for seg rekneskapen per 31.03.2013 og samanliknar dette med budsjettet for 2013.

Netttotal i 1000 kr.

Avdeling/område	Rekneskap per 31.03.2013	Rev budsjett 2013	Forbruk i %	Meldt avvik	Rekneskap per 31.12.13
Folkevalde	886	4.350	20,4		4.350
Adm. Leiring	620	3.275	18,9		3.275
Servicetorget	692	2.775	24,9		2.775
Fellessekretariatet	799	2.300	34,7		2.300
Økonomiavdelinga	1.394	5.975	23,3		5.975
Pers- og org. Avd.	2.799	8.400	33,3		8.400
IKT	1.110	4.225	26,3		4.225
Overføringar	37.594	8.600	437,1		8.600
Barnehagar	13.910	56.850	24,5		56.850
Grunnskular m.m	27.206	106.220	25,6		106.218
Barn, familie og helse	8.878	32.390	27,4		32.390
Pleie- og omsorg	25.806	95.000	27,2		95.000
Bu- og habilitering	5.994	34.700	25,0		34.700
Barnevern					
Sosial og flyktning	3.076	9.100	33,8		9.100
Kulturavdelinga	269	7.530	3,6		7.532
Utviklingsavdeling	1.397	5.600	24,9		5.600
Anlegg og drift	3.691	15.110	24,4		15.110
Eigedomsavd.	5.050	15.900	31,8		15.900
Samhandlingsreforma	3.027	12.400	24,4		12.400
Skatt, ramme, fin.	-133.506	-405.170	32,9	10.000	- 395.200
Sum	13.363				9.970

(normalt forbruk etter 2 mnd bør ligge på om lag 24,5%. Lønnskostnadane bør ligge på om lag 26,0 % og forbrukspostane på om lag 21,0 %)

Det er registrert eit stort underskott per 30.04.2013 trass i at vi i tala ovanfor har regulert avdragsbelastninga og skatteinntektene. Under Overføringar ligg det ei feilkjelde i og med at ein allereie i årets 3 første månader har betalt ut om lag 35,5 mill kr frå Næringsfondet og

RDA midlar utan at ein har henta dette inn frå bundne fond. Resultatet vert då endra tilsvarande.

På motsett side er finanskostnadane positive per 31.03.2013 pga ei internføring. I staden for ei inntekt på 1,5 mill kr er det rette ein kostnad på om lag 9,3 mill kr. Inntektene frå skatt og ramme og utbytte Tussa ser ut til å bli om lag 10,0 mill kr lavare enn budsjettert. I første kvartal er det utgiftsført ein del eingongskostnadar som gjer at belastninga på utgiftssida er noko skeiv.

2. Usikre punkt

1. Avdeling for Barn, Familie og Helse. Her vil det nok bli ein sprekk på det som gjeld Herøy legesenter då kommunestyret i Budsjetthandsaminga gjorde ei budsjettkorrigerering som auka kostnadane i avdelinga med nær 0,5 mill kr.
2. Pleie- og omsorgsavdellinga melder om ei aukande pasientgruppe spesielt innan heimetenestene, eit sterkt arbeidspress for dei tilsette og aukande sjukefråvær. Noko av dette skuldast verknadane av Samhandlingsreforma. Samhandlingsreforma dekkjer utgiftene til sjukehusopphald, men meirarbeid og meirkostnadar som følge av raskare utskrivning frå sjukehusa må kommunen ta på eiga rekning. Pleie- og omsorgsleiaren peikar på at dei hittil har tatt unna auka pasienttal utan auka personalressursar, men at ein no har kome til eit metningspunkt og kanskje litt over det også. Lønskostnadane er noko over det budsjetterte. Det skuldast bl.a. innleige av vikarar som følge av auka sjukefråvær.
3. Bu- og habiliteringsavdelinga. Her kan ein få eit positivt budsjettavvik då budsjettert øyremerka statstilskott for ressurskrevjande brukarar er noko er budsjettert lavare enn i 2013 enn det reelle tilskottet fekk/får i 2012. På negativ side ser ein at kostnadane til overtid stadig er høgt og avdelinga har att ein del kostndar til advokat i samband med to saker.
4. Vi var optimistiske då vi budsjetterte skatteinntektene for 2013. Allereie etter 1 kvartal er dei faktiske inntektene på dette området om lag 10,5 mill lavare enn budsjettert. Dette klarer ein ikkje å ta att på årets 10 siste månader. Mest truleg vil skatteinntektene bli om lag 10,0 mill lavare enn budsjettert noko som i sin tur medfører auka rammetilskott på om lag 6,0 mill kr. Det vil gi ein manko i budsjettet for 2013 på om lag 4,0 mill kr. Vi kan kome litt heldigare ut om skatteveksten på landsbasis blir høgare enn regjeringa har forutsett i statsbudsjettet for 2013.
5. Utbyttet frå Tussa AS vart budsjettert til kr 13.000,- per aksje. Basert på resultatet frå 2012 og vedteken aksjonæravtale vil utbyttet utbetalt i 2013 bli på like i overkant av kr 2.000,- per aksje noko som igjen fører til at inntektene vert om lag 5,6 mill lavare enn budsjettert.
6. Avstemming av kundereskontro NAV kan medføre mindreinntekter for nokre avdelingar. No og då har det skjedd at innbetalingar vert ført manuelt utan at kundereskontoren vert endra. Revisjonen har bedt om ei totalavstemming i 2013 og det kan medføre ein innteksreduksjon på nokre hundre tusen kroner.

Litt for tidleg å seie korleis den økonomiske stoda vil bli i 2013. Her er nokre teikn som er eigna for bekymring. I tillegg til det som er nemnt ovanfor kjem usikkerheit knytt til lønsoppgjeret for 2013 og kva den endelege pensjonskostnaden vil bli for kommunen dette året. Eit par andre ting som vil bli avgjerande for resultatet er utviklinga på aksjemarknaden og på lånerentene. For begge dei sistnemnde faktorane håper og trur vi på ein positiv trend.

4. Rådmannen sine kommentarar

Hittil ser det ut til at skatteinntektene ikkje vil kome på det nivået vi har budsjettert med for 2013. I tillegg kan det vere at avdeling for Barn, Familie og Helse har for lita ramme i høve til det den skal ha for å halde fram dagens drift. Dette skuldast i første rekke mistydingar i samband med handsaminga av budsjettet i kommunestyret i desember.

Vi har prøvd å tilpasse rammene til den einsskilte avdeling etter deira ynskjer kombinert med dei midlane vi har til rådvelde. Likevel er det klart at avdelingane sine behov på mange områder er større enn det budsjettet gjev opning for. Arbeidspresset er aukande bl.a. på grunn av endra regelverk, nye og utvida oppgåver og større etterspurnad frå publikum.

Kommunen sine ulike disposisjonsfond er på om lag 15,3 mill kr og gjennom budsjett disponeringar for 2013 på i alt om lag 2,8 mill kr vil dei bli om lag 12,5 mill kr om kommunen ikkje klarer å skape eit mindreforbruk i 2013. Blir det meirforbruk vil driftsfonda bli redusert tilsvarande.

5. Om avvika kan dekkast inn

Det er utfordrande å dekkje inn avvik i avdelingar som driv rettighetsstyrte tenester, der nivået på tenestene frå før er dimensjonert til minimumsstandard etter lova.

Det er også ei utfordring at tiltak som får effekt på drifta føreset langsiktig planlegging og verknadane kan først godskrivas etter ein lang tidshorisont.

Herøy kommune må kontinuerleg jobbe med tiltak som ikkje får konsekvensar for drifta og tenestene. I revidert nasjonalbudsjett har regjeringa knytt forventingar til effekt av lågare sjukefråvær og reduksjon i energikostnadane ved ENØK-tiltak. Arbeidet med sjukefråveret er komplisert og involverer arbeidstakaren sjølv, arbeidsgjevar, legen og NAV.

Staten har framleis ein strategi på å innlemme tidlegare øymerka tilskott i rammetilskottet. Sist galdt dette finansieringa av barnehagesektoren. Samstundes endrar ein vilkåra slik at det ikkje blir kompensert for eventuelle meirkostnadar/mindreinntekter slik det har blitt gjort før. Det vil seie at staten får kontroll med sine kostnadar, medan kommunane igjen får all risiko.

Samhandlingsreforma har no virka i 15 månader og ein har enno ikkje den fulle oversikta over verknadane den har hatt på kommuneøkonomien. Overføringane til samhandlingsreforma, som no er ein del av rammetilskottet, er så «små» at dei knapt dekkjer rekningane frå Helse Møre og Romsdal for sjukehusopphald. Alle meirkostnadane kommunen har med omsyn til tidlegare heimsending frå sjukehusa må Herøy kommune dekkje av eigne midlar. Kor mykje det kan dreie seg om er vanskeleg å talfeste, men det er snakk om ein 7-sifra sum. Vidare ser vi at tilbodet til Helseforetaket når det gjeld 2 linetenestene blir bygt ned og kommunane (i tillegg til pasientane) er dei som kjem dårleg ut av denne endringa. Også dette fører til auka kostnadar for Herøy kommune og vi kan estimere dette til minst eit par millionar kroner i 2013. Det vil seie at Herøy kommune «taper» mellom 3,0 og 4,0 mill kroner i 2013 i høve til tilskottet.

Momskompensasjonsordninga for investeringar er endra. Før kunne alt av inntekter frå dette førast i drifta. I år skal 80% førast i investeringsrekneskapen og 20% i driftsrekneskapen. Her stramar staten inn kommunesektoren sine driftsinntekter. Med 10,0 mill i momskomp årleg vil Herøy kommune få redusert sine driftsinntekter i 2013 med om lag 8,0 mill kr. Som både Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har innrømt fører dette til ei innstramming for kommunesektoren på kort og mellomlag sikt. Tilførselen av midlar til sektoren vert imidlertid uforandra (det meste ført som inntekter i investeringsrekneskapen).

Konklusjonen er såleis at alle endringar staten gjennomfører påverkar den kommunale økonomien i negativ lei. Dette kan bli ytterlegare forsterka dersom staten vel å sette ned grunnlagsrenta frå 2,5% til 2,0% som finansdepartementet har foreslått. Dette vil kunne føre til at kommunen sine pensjonskostnadar vil auke med ytterlegare eit par prosent i 2014.

Tabellar som syner stoda per dato samanlikna med tilsvarande periode i 2012

Område	Rekneskap per 31-31.03.2013	Rev budsjett 2013	Rekneskap per 31.03.2012	Rev. Budsjett 2012	Avvik rekneskap i kr
Folkevalde	886	4.350	1.160	3.630	- 274
Administrativ leiging	620	3.275	892	2.765	- 272
Servicetorget	692	2.775	680	2.785	12
Fellessekretariatet	799	2.300	766	2.245	33
Økonomiavdelinga	1.394	5.975	1.206	5.685	188
Personal- og org.	2.799	8.400	2.396	8.045	403
IKT	1.110	4.225	1.308	4.465	- 198
Overføringar	37.594	8.600	10.670	8.400	26.924
Barnehagar	13.910	56.850	23.265	56.520	- 9.355
Grunnskular m.m	27.206	106.220	26.601	99.875	605
Barn, familie og helse	8.878	32.390	8.271	31.065	607
Pleie- og omsorg	25.806	95.000	22.560	86.400	3.246
Bu- og habilitering	5.994	34.700	8.448	32.600	-2.454
Barnevern					
Sosial og flyktning	3.076	9.100	2.598	8.045	478
Kulturavdelinga	269	7.530	1.968	6.830	- 1.699
Utviklingsavdeling	1.397	5.600	1.856	5.360	- 459
Anlegg og drift	3.691	15.110	592	13.185	3.099
Eigedomsavd.	5.050	15.900	4.861	15.300	189
Samhandlingsref.	3.027	12.400	3.786	11.968	- 759
Skatt, ramme, fin.	- 133.506	-430 700	- 124.907	- 405.168	- 8.599
Sum	13.363		- 1.015	5	14.378

Av tabellen ser ein at det er store ulikskapar mellom rekneskap 2013 og rekneskap 2012 per 31.03 på fleire av avdelingane. Dette kan skuldast ulik periodisering i høve til når inntekter og utgifter er ført dei ulike åra.

Som nemnt tidlegare i saka er nettoutgiftene som gjeld område 18 Overføringar om lag 35,5 mill kr høgare enn reelt då ein ikkje har inntektsført utbetalingar frå Næringsfondet og RDA midlane ved bruk av fonds.

Tabell som syner utgifter og inntekter på dei ulike hovudpostane

(Alle tal i heile 1.000)

	Rekneskap per 31.03.2013	Budsjett 2013	Forbruk i %
Lønn inkl sosiale utgifter	97.840	357.492	27,4
Kjøp av varer og tenester	17.720	65.898	26,9
Kjøp av varer og tenester som erstattar komm eigenprod.	19.187	63.320	30,3
Overføring til andre	42.480	60.092	70,7
Finansieringsutgifter	478	63.222	0,8
Sum utgifter	177.704	610.025	29,1
Salsinntekter	- 17.116	- 65.272	26,2
Refusjonar	- 9.594	- 28.193	34,0
Overføringar frå andre	- 135.838	- 454 552	29,9
Finansieringsinntekter	- 1.578	- 62.007	2,5
Sum inntekter	- 164.336	- 610.025	26,9
Netto	13.363		

Ser ein på dei ulike utgiftsartane hittil i 2013 og samanliknar dei med budsjettet og situasjonen per 31.03.2012 er lønnskostnadane noko høgare enn dei burde vere, men også refusjon sjukeløn er høgare enn i tilsvarande periode i 2012 så samla sett ser dette ok ut.

Skatteinntektene er som nemnt 10,6 mill kr lavare enn budsjettert og det er ikkje grunn til å tru at dette kan snuast. Vi skal vel vere glade om vi får skatteinntekter tilsvarande det budsjetterte resten av året.

Vurdering og konklusjon:

Usikkerheita er stor på fleire områder og året 2013 har enno ikkje sett seg. Slik ein ser det er det endringar i når utgifter og inntekter har blitt utgifts- og inntektsført i 2013 sett i høve til 2012 og ein vil få eit klarare bilde av situasjonen når ein kjem til kontrollen per 30.04.2013.

Vi har dei siste åra hatt god kontroll på drifta og våre budsjett har synt godt samsvar med rekneskapen. Vi voner denne trenden også held fram i 2013.

Men det er fleire teikn til bekymring når det gjeld inntektssituasjonen og det gjev grunnlag for å vurdere samanhengen mellom utgifts- og inntektssida i budsjettet. Spesielt gjeld dette manglande inntekter frå skatt/ramme og aksjeutbytte Tussa AS. På utgiftssida er signala så langt at det er varsla meirforbruk på Avdeling for familie, barn og helse og Pleie- og omsorgsavdelinga melder også om strammare tider.

Fråværsrapporteringa for 1 kvartal

For 1. kvartal 2013 er nærværsprosenten på om lag 90,15%. Det er ei betring i høve til rapporten per 28.02.2013 som synte ein nærværsprosent på 90,04. Likevel er det slik at nærværsprosenten framleis er litt lavare enn det ein har som målsetjing. Nærværet varierer mykje frå avdeling til avdeling. Fleire avdelingar (6) har nærvær på meir enn 95%, medan 3 avdelingar har eit nærvær på under 85%.

Grunnane til fråværet er ulikt. Noko skyldast fødselspermisjonar, noko skuldast langvarig sjukdom. Korttidssjukefråværet er på veg ned i høve til dei 2 første månadane i 2013, noko som er naturleg. Ved utgangen av mars var den på 2,68% medan den ved utgangen av hhv februar og januar var 3,16% og 3,38%.

Arbeidet med oppfølging av sjukefråværet tek stadig meir tid og om ein ikkje held seg til oppsette fristar i dette arbeidet utsteder NAV saftige bøter.

For meir informasjon sjå vedlagte fråværskommentarar frå avdelingane.

Fosnavåg, 30.04.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Rapporteringstre	Enhetsleder vurdering	Avvik hiå (kr)	Årsbudsjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0	221	4 350	0,00	Godkjent
12 Administrativ leing	Akseptabelt	0	264	3 275	0,00	Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	0	72	2 775	0,00	Godkjent
14 Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-184	2 300	0,00	Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	220	5 975	0,00	Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-551	8 400	0,00	Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	17	4 225	0,00	Godkjent
18 Overføringer	Akseptabelt	0	-35 460	8 600	0,00	Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	0	629	56 850	0,00	Godkjent
22 Grunnskular, PPT, Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	1 532	106 218	0,00	Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	450	-556	32 390	1,39	Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	-532	95 000	0,00	Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	0	622	34 700	0,00	Godkjent
34 Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00	Ikke rapportert
38 Sosial og flyktning	Alvorlig	0	-1 582	9 100	-17,38	Ikke rapportert
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	99	7 532	0,00	Godkjent
50 Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0	121	5 600	0,00	Godkjent
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	406	15 110	0,00	Godkjent
60 Eigedomsavdelinga	Alvorlig	0	-683	15 900	-4,30	Ikke rapportert
70 Samhandlingsreforma	Akseptabelt	0	73	12 400	0,00	Godkjent
90 Skatt, ramme, finans, tilskot	Alvorlig	-10 000	25 749	-430 700	-2,32	Godkjent
Sum		-9 550	-9 526	0	0,00	

Beskrivelse	Rekneskap hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.12	Rev. årsbudsjett	Forventet årsresultat	Forbruk i %	
Sum totalt	-1 119	16 509	6 983	-9 526	-9 550	0	9 550	0,00
Utgifter	163 142	179 151	161 439	17 713	450	617 824	617 374	29,00
Løn inkl. sosiale utgifter	91 404	97 840	95 470	-2 370	0	357 492	357 492	27,37
Kjøp av varer og tenester	45 973	36 688	33 205	-3 482	450	129 218	128 768	28,39
Overføringer og andre utgifter	25 765	44 623	32 763	-11 860	0	131 114	131 114	34,03
Inntekter	-164 261	-162 642	-154 456	8 187	10 000	-617 824	-607 824	26,33
Salsinntekter	-17 841	-16 596	-16 318	278	0	-65 272	-65 272	25,43
Refusjon sjukeløn	-4 718	-5 230	-730	4 500	0	-2 920	-2 920	179,09
Andre refusjonar og tilskot	-141 702	-140 817	-137 408	3 409	-10 000	-549 633	-539 633	25,62
I alt	-1 119	16 509	6 983	-9 526	-9 550	0	9 550	0,00

Folkevalde

Det er så langt ingen grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i 2013.

Administrativ leing

Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i 2013.

Serviceforbruket

På utgiftsida har ein eit overforbruk noko som skuldast auka lønsutgifter i samband med innleige vikar. Sjølv om ein ikkje har fått refusjon sjukepengar har ein eit positivt resultat på inntektsida som totalt gir eit mindreforbruk. Det er forventa og kunne halde seg innanfor rammene om ikkje noko uforutsett skulle skje.

Fellessekretariatet

Avviket skuldast i hovudsak at at heile kontigenten til IKA for 2013 er betalt.

Økonomiavdeling

Det er godt samsvar mellom budjett 2013 og rekneskap 2013. Grunnen til at ein har eit mindreforbruk i månadsrapporten er feil periodiserte utgifter. Slik det ser ut i dag vil ein ikkje kome ut med eit meirforbruk i 2013.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avviket skuldast betaling av gruppelivsforsegning til KLP som ikkje er periodisert. I tillegg skuldast avviket vikarutgifter for langtidsfråvær og manglande førde inntekter vedkomande trekk gruppelivsforsegning. Så langt ein kan sjå, vil ikkje desse avvika ha negative konsekvenser for sluttrekneskapen i avdelinga. Tiltak for å få eit mindreforbruk i avdelinga i 2013 vil være å halde attende ei 20% stilling som vert vakant siste halvår.

Informasjonsteknologi

Det er så langt ingen grunn til å tru at vi skal få eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i 2013.

Overføringar

Grunnen til meirforbruket er at vi har betalt ut omlag 35,47 mill i RDA midlar utan at vi har henta inn tilsvarende sum frå bundne fond. Det andre følger utbetalingsplanane. Dette ansvarsområdet vil ende omlag som budsjettet. Det er ikkje enkelt å få avslutta dette området med eit mindreforbruk då det meste av løyvingane her er knytt opp mot overføringar til andre (Landbrukskontoret, kyrkja, andre trudomsamfunn, Dragsund ASVO, Destinasjon Ålesund og Sunnmøre med meir).

Barnehagar

Mars månad gir eit resultat som forventa då kommunalt tilskot er betalt ut for 1. kvartal i januar. Resultatet i mars blir då i samsvar med periodiseringa. Lønsutgiftene er høgare enn budsjettet, men blir langt på veg kompensert med refusjon sjukeløn. Barnehagane prøver spare vikarutgifter der dette er muleg, og slik vere med å bidra til mindreforbruk.

Grunnskular, PPT, Kulturskolen m.m.

Pr. 310313 25,6% forbruk, mot 27,19% på same tid i 2012. Utgifter 26,6%, mot 27,88% på same tid i 2012. Årsaka er mindre vikarutgifter, samt lite innkjøp av varer hittil i år. Det vert større innkjøp rundt sommaren, med bøker og materiell for neste skuleår. Inntekter 34% mot 32,8% på same tid i 2012. Årsaka er fakturering av foreldrebetaling SFU og kulturskule, som ligg 600' over budsjett. Ref. sjukelønn 570' over budsjett. Mva 398' over budsjett. I tillegg har staten utbetalt kr.785' til norskopplæring for vaksne, på eit tidlegare tidspunkt enn før. Ang. sparing i 2013: Planlegg med ein buffer i samband med utdeling av timeramme for skulane neste skuleår. Om dette går til innsparing eller til elevar med særlege behov som vi i dag ikkje kjenner til (t.d. tilflytting), er uråd å seie pr.dato.

Barn, familie og helse

Helsetenestene viser eit meirforbruk på omlag 1. mill. for dei tre første månadene av 2013. Dette kan tildels forklarast ved nokre feilføringar, manglande periodeisering av større poster på budsjettet, forskuttering av utgifter ved til dømes legevakta med Sande. Dei kommunale legesenterene ligg og inne med eit meirforbruk som ikkje fullt ut er reelt. Det er likevel slik at den reduksjonen i budsjettet for avdelinga som skjedde frå 2013 er særst vanskeleg, nærast umogleg å kunne få til. Dette skuldast at det i fleire år har vore eit underskotet ved legesenteret som

dei nye avtalane ikkje fullt ut kan dekkje inn. Meirforbruk varslas dermed. Ser ein separat på helseavdelinga er det derfor rett allereide nå å varsle om eit meirforbruk totalt sett sjølv om ein gjer det som er mogleg elles for å kunne levere eit regnskap i balanse for avdelinga. Barneveret har eit mindreforbruk per mars. Det er likevel vanskeleg å kunne ha nokon formeining om så tidlege i året om ein totalt vil kunne rekne med eit mindreforbruk. Ein står foran ein enda større satsning på barnevern frå sentralt hold. Erfaringsmessig vil også dette føre til fleire sakar lokalt for barnevernet. Kompliserte sakar som vil kunne føre til store utgifter både når det gjeld utredning og ikkje minst tiltak for dei utsette barna. Avdelinga Barn-, familie og helse samla set vil og ha store problem med å halde seg innafor det vedtekne budsjettet, slik at eit eventuelt mindreforbruk innan barnevern vil kunne gå til dekning innan dei andre områda avdelinga har ansvar for.

Pleie og omsorgsavdelinga

Generelt ligg avdelinga med eit meirforbruk på ca 600 000 meir enn på same tid i fjor. Dette er for det meste knytt til ei avdeling. Avdelinga har hatt ressurskrevande pasientar med påfølgande ekstra innleige og forbruk av utstyr. Vi vil ha ein gjennomgang med leiaren for å sjå på årsakssamanhengar og evt feilkilder. Pasienttalet er svingane i sjukeheim, men jamnt aukande i heimetenestene. Personalet rapporterer om sterkt arbeidspress og ynskjer meir folk. Sjukefråværet er aukande. Det er eit dokumentert aukande pasienttal gjennom dei siste åra. Dette har vi mestrta uten meir ressursar, men vi har no kome til eit punkt der vi ikkje kan tøyse personellressursen meir. Det meste av vårt budsjett består av lønn, og der er det ingenting å hente. Økonomi er fast tema på leiarmøta, og vi sparer der vi kan.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Butilboda har eit negativt avvik. Har utfordringar i høve overtid. Arbeidet med å redusere overtid har i periodar synt resultat. Kvar einskild avdelingsleiar tek grep i eiga avdeling. Nokre av personale har fått høgare stilling og endringar på turnus i høve dette vil truleg gje resultat. Manglande salsinntekter er hovudgrunnen til negativt avvik. I tillegg til nye investeringar på nødvendig utstyr på dagtilbodet. Vi reknar med at dette betrar seg i løpet av året. Påløpande utgifter til advokat på to av bueinheitene. Nytte ressursar mellom tuna og dagtilboda der det er mogleg.

Kulturavdelinga

Netto forbruk etter periodisering på dei ulike tenesteområda innan ansvar 40 som gjeld kulturavdelinga, tilseier eit forbruk på 26 % av samla nettoramme, medan eit gjennomsnittleg forbruk fordelt likt over året, tilseier eit forbruk på 25% pr. 31.03.13 Så tidleg i året er det lite av overføringar, tilskot, refusjonskrav og leigekrav som er ført på dei fleste tenesteområda. Kulturhuset har eit noko høgt forbruk på lønn pga etterslep av feil avlønning frå tidlegare år, overtid, ekstra mannskap i høve og innleige av sjukevikar, samt overforbruk på nokre driftspostar og mindreinntekt i høve til utleige / arrangement. Elles må ein seie at kulturavdelinga ligg i rute.

Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapan for utviklingsavdelinga eit mindreforbruk på om lag 132 000.- pr. 31.03.2013. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned. Plan har mindreinntekter i forhold til budsjett på kr 79 000.- . Byggesak har meirinntekter i forhold til budsjett på kr 45 000.-. Oppmåling har meirinntekter i forhold til budsjett på kr 175 000.-. Konklusjon: Totalsituasjonen er bra.

Anleggs- og driftsavdelinga

Ved utgangen av mars syner rekneskapan eit mindreforbruk på om lag 400' kroner. På same tid i fjor synte rekneskapan eit mindreforbruk på om lag 3 mill. kroner. Forskjellen skuldast m.a kostnader i samband med slamtøming hittil i år samt manglande føringar av renter og avskrivningar i 2012. Dei største budsjettpostane syner ved utgangen av mars følgjande forbruk i forhold til periodisert budsjett: Brannvern: Mindreforbruk kr. 423' Veglys: Meirforbruk kr. 134' Vegvedlikehald: Meirforbruk kr. 265' Når det gjeld Hamn må det påreknast ei mindreinntekt på kr. 120' på årsbasis pga. at Statoil har lagt ned oljenalegget på Mjølstadneset. Etter ei samla vurdering av rekneskapan ved utgangen av mars 2013 der ein tek omsyn til variable inntekter, etterslep på interne føringar m.m. er forbruket omlag som budsjettet.

Samhandlingsreforma

Dei faste månadlege overføringane går som normalt. Kommunen har fått nær kr 995.000,- i øymerka tilskott til oppretting av akutt plassar. Ein har no byrja å bruke av desse midlane til kursing av personell, utstyr etc. Så inn til vidare ser dette ansvarsområdet ok ut.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Litt tidleg i året for å kome med nokre bastante uttaler her. Vi ser også at budsjettperiodiseringa ikkje er rett og det gjer at avviket er positivt, medan det burde vere svakt negativt.

Vi ser svikt i inntektene på to områder. Skatteinntektene 1 kvartal er meir enn 10,0 mill kr lavare enn budsjettert. Dette kan skuldast fleire tilhøve. Eit av dei er omlegging av rapporteringsrutinene innan fiske og fangst. Det er vel gjerne dette som var ei viktig årsak til den store skatteveksten i 2012 også. Med 10,0 mill kr i lavare skatteinntekter vil rammetilskotet bli omlag 6,0 mill høgare enn budsjettert slik at inntektssvikten totalt når det gjeld skatt og ramme er på omlag 4,0 mill kr.

Den andre inntektsposten som vil bli kraftig redusert i høve til budsjettet er utbyttet frå Tussa AS. Vi har budsjettert med eit utbytte på kr 13.000,- per aksje, medan Tussa sitt rekneskapsresultatet og aksjonæravtalen tilseier eit utbytte på omlag kr 2.000,- per aksje. Det vil gi ein inntektssvikt på omlag 5,64 mill kr.

Totalt er det snakk om ein prognostisert inntektssvikt på omlag 10,0 mill kr i 1. kvartal 2013.

Ikkje lett med korrigerande tiltak innan dette ansvarsområdet, då det er snakk om store summar og mange av inntekts- og utgitspostane er vanskeleg å korrigere.

Rapporteringstre	Sykefraværs %	Utførte arbeidsdager	Mulige arbeidsdager	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0,00	110	110	Godkjent
12 Administrativ leiling	Akseptabelt	5,33	226	244	Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	7,49	415	454	Godkjent
14 Fellesekretariatet	Akseptabelt	1,97	149	152	Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	2,45	594	611	Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	12,64	714	878	Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	16,39	173	244	Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	16,74	1656	2079	Godkjent
22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	9,01	10546	11877	Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	4,42	2091	2194	Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	11,27	8174	9508	Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	13,21	3315	4042	Godkjent
38 Sosial og flyktning	Akseptabelt	22,45	490	637	Ikke rapportert
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	14,29	456	532	Godkjent
50 Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0,18	547	549	Godkjent
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	1,05	1489	1525	Godkjent
60 Eigedomsavdelinga	Akseptabelt	6,91	1846	2099	Ikke rapportert
Sum		9,85	32991	37735	

	Langtidsfrav.%	Mulige dager	Faktiske dager	Egenmelding	Legemelding 1-8 dager	Legemelding 8-16 dager	Legemelding < 16 dager	Legemelding > 56 dager	Sykt barn	Omsorgs
Fravær	2,68	7,13	37735	32991	541	187	285	2689	2	
	2,97	8,22	30374	26068	477	185	239	2498	2	
	1,52	2,59	7361	6923	64	2	46	191	0	
I alt	2,68	7,13	37735	32991	541	187	285	2689	2	

Folkevalde

Ikkje registrert fravær i mars.

Administrativ leiling

Litt skeptisk til om fraværssrapporteringa er rett for 1. kvartal.

Servicetorget

Det er ein auke i sjukefraværet i avdelinga, då spesielt langtidsfraværet. Stillingsressurs på 70% er ute i langtidsfravær der ein har fått vikar for deler av stillingane, totalt 40%. Sjukefraværet er ikkje knytt til arbeidet.

Fellesekretariatet

Ingen merknad

Økonomiavdeling

Framleis inne i ei periode det det er ein del magevirus og influensa i omløp. Difor litt korttidsfråvær. Totalt sett er fråværet betre enn målsetjinga om ein nærværspersent på 93.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Sjukefråværet det vert rapportert på gjeld personal- og organisasjonsavdelinga, lærlingar og frikjøpte hovudtillitsvalde. Det er kjende årsaker til langtidsfråværet og oppfølging vert gjort etter lovverk og interne rutiner.

Informasjonsteknologi

Grunnen til langtidsfråværet er kjent. Elles ingen merknad.

Barnehagar

Sjukefråværet held fram med å vere høgt i barnehageavdelinga. Korttidsfråværet (totalt 3,51%) er akseptabelt og er pga smittsame omgongssykjer og influensa. Langtidsfråværet (totalt 13,13%)skuldast skader, kronisk sjukdom (muskel og skjelett sjukdomar) og svangerskapsrelaterte plager/sjukdom. Det er ikkje rapportert sjukefråvær som skuldast arbeidsmiljøet. Barnehagane held fram med å ha fokus på godt arbeidsmiljø, og dei sjukmelde vert fulgt opp i samsvar med IA rutinene.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Skuleleiar kjenner ikkje til den fråværsprosenten som er oppgitt pr.dato. Ved gjennomgang av registrert sjukefråvær i Agresso, ser ein eit fråvær i avdelinga på 7,25% hittil i år og 6,6% i mars. Fråværet er i hovudsak relatert til rehabilitering etter operasjonar, sjukdom i samband med graviditetar, langtidsjukmelding før pensjon/AFP og andre kjende årsaker. Gjennomgang på avdelingsnivå viser ikkje noko som vert vurdert som unormalt.

Barn, familie og helse

For barnevernsavdelinga er samla fråvær høgt denne måneden: Dette skuldast både korttidsfråvær pga sesongprega sjukdom og ikkje minst langtidsfråvær. Langtidsfråværet skuldast kjente forhold som ikkje kan relaterast til arbeidsmiljø- Det har vore ei fallskade knytta til arbeidsreise.

Fråværet er lavt i Helseavdelinga og da særleg korttidsfråværet. Langtidsfråværet er og lågt og kan forklarast ved kjent forhold.

Totalt sett er sjukefråværet akseptabelt og betre enn kommunen sitt nærværsmål.

Pleie og omsorgsavdelinga

Etter lang tid med jevn nedgang er sjukefråværet desverre på vei opp. Årsakene er samansette. Det har vore mange runder med diverse forkjøling, influensa og omgangssykjer. Vi har gravide, langvarig sjukdom og mange med kroniske plager som er ute i perioder.

Nokre opplever arbeidskvardagen som stressande. Overtidsbruken er aukande. Dette må ein ta med i betraktning når ein skal vurdere det totale sjukefråværet. På sikt kan det føre til lavare terskel for fråvær. Vi har starta ein prosess med å vurdere arbeidssituasjonen i heimetenestene der leiarar, tillitsvalgte og verneombod går saman om dette.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Sjukefråvær knytt til ein del sjukemeldingar og noko eigenmelding. Er ikkje relatert til arbeidsmiljø.

Kulturavdelinga


Månadsrapporten for kulturavdelinga viser eit totalt fråvær på 14.28%. Sjukefråværet i kulturavdelinga har vore lavt det meste av siste heile året med ein liten topp i vinter / vår pga ei sjukmelding, nokre eigenmeldingar, og ei langtidsjukmelding. I ei avdeling med få tilsette slår fråvær fort ut i %. Kulturavdelinga har ein nærværspersent på 90% som ein denne månaden ligg litt over.

Utviklingsavdelinga

Fråværet hittil i 2013 er minimalt.

Anleggs- og driftsavdelinga

Fråværet er no svært lågt og godt innafør målsetjinga om ein nærværspersent på 97.



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/261
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/13	Komite for næring, kultur og idrett	08.04.2013
92/13	Formannskapet	14.05.2013

FINANSIERING AV RUNDE TURISTINFORMASJON

Samrøystes tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 08.04.2013

Komite for næring, kultur og idrett vil vurdere å nytte midlar frå kommunalt næringsfond til delvis finansiering av turistinformasjon på Runde i 2013 under føresetnad av fylkeskommunal løyving til kommunalt næringsfond i 2013 og ber formannskapet om medfinansiering.

Når det gjeld finansiering av Runde Turistinformasjon frå og med 2014, må dette takast opp som ein del av prioriteringane i budsjettet for 2014

Tilråding:

Komite for næring, kultur og idrett kan vurdere å nytte midlar frå kommunalt næringsfond til heil eller delvis finansiering av turistinformasjon på Runde i 2013.

Når det gjeld finansiering av Runde Turistinformasjon frå og med 2014, må dette takast opp som ein del av prioriteringane i budsjettet for 2014

Særutskrift:

- Runde Grendalag v/Oddmar Remøy
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterande rådmann
- Servicetorget
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Søknad om finansiering av Runde Turistinformasjon for 2013.
- Søknad om finansiering av Runde Turistinformasjon frå og med 2014.
- Sesongrapport for Runde Turistinformasjon 2012.

Saksopplysningar:

Runde har hatt turistinformasjon finansiert av RDA- midlar dei siste fem åra. Denne ordninga kan ikkje forlengast.

Runde Grendalag søker Herøy kommune om eit driftstilskot avgrensa inntil 250.000 kr for 2013. Vidare søker grendalaget om ei årleg løyving på inntil 250.000 kr frå og med driftsåret 2014, jfr vedlegg.

Vedlagt fylgjer også sesongrapport for Runde Turistinformasjon 2012.

Herøy kommune har også turistinformasjon i Servicetorget på Herøy rådhus.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde slikt vedtak i KN-sak 4/13 Marknadsføring av Herøy:

«1. Komite for næring, kultur og idrett meiner at det er viktig å klargjere ansvarfordelinga når det gjeld marknadsføring og omdømebygging.

- *Bedriftene må ha eit sjølvstendig ansvar for å marknadsføre seg.*
- *Herøy Næringsforum si rolle er å ivareta ei meir overordna omdømebygging og marknadsføring av bedriftene og vere ein pådrivar for samarbeid og utvikling.*
- *Herøy kommune sitt ansvar er omdømebygging og informasjon om kommunen sine tenester og om kommunen som lokalsamfunn.*
- *Herøy kommune sitt ansvar som turistkontor er å formidle informasjonen som er utarbeidd av reiselivsbedriftene, festivalarrangørar m.m. og formidle meir generell informasjon om Herøy si historie, turområde, opplevingar m.m.*

2. Komite for næring, kultur og idrett ber om at rådmannen utarbeider ei bestilling med kostnadsoverslag når det gjeld informasjonsmateriell servicetorget opplever som mangelfullt i sitt ansvar som turistkontor og i si profilering av kommunen som organisasjon..

3. Komite for næring, kultur og idrett ber styret i Herøy Næringsforum om å vurdere om arbeidsmarknadsinformasjon og rekruttering i større grad kan integrerast i opplegget for Fosnavåg- konferansen og Maritime sommardagar.

4. Komite for næring, kultur og idrett er positiv til at det vert utarbeidd eit magasin 2 gonger i året som m.a. informerte om arbeidsmarknaden, bustadmarknaden, festivalar og ulike opplevingar og meiner at dette bør skje i eit samarbeid mellom Herøy kommune, Herøy Næringsforum og Herøy Varmvassbasseng AS.

5. Komite for næring, kultur og idrett ber om at retningslinene for tildeling av kulturmidlar vert lagt fram på neste møte.

6. Når det gjeld omdømebygging, meiner komiteen at det det er viktig å profilere

kvinner i ulike sammenhengar.»

Administrasjonen arbeider med å gjennomføre vedtaket i KN-sak 4/13.

Vurdering og konklusjon:

Runde er den viktigaste destinasjonen for turistar som vitjar Herøy kommune. Turistane reiser gjerne direkte til Runde utan å besøke kommunesenteret Fosnavåg og turistinformasjonen på rådhuset. Turistinformasjon på Runde, som i tillegg til å informere om Runde også kan informere om resten av kommunen, vil vere viktig for å marknadsføre heile kommunen.

Retningslinene for RDA- midlane gir ikkje høve til å finansiere turistinformasjonen på Runde utover dei fem åra som midlane allereie har finansiert.

Kommunen har ein stram økonomi og rådmannen vil vere restriktiv når det gjeld tilleggsløyvingar utover løyvingane som ligg i budsjettet for 2013. Rådmannen vil likevel peike på at komite for næring, kultur og idrett kan vurdere å nytte midlar frå kommunalt næringsfond til heil eller delvis finansiering av turistinformasjon på Runde i 2013. Per i dag er det ikkje midlar i næringsfondet, men kommunen vil få påfyll i næringsfondet i løpet av våren.

Når det gjeld finansiering av Runde Turistinformasjon frå og med 2014, må dette takast opp som ein del av prioriteringane i budsjettet for 2014.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Må vurderast i samband med budsjett 2014.

Fosnavåg, 07.03.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Runde Grendalag
v/Oddmar Remøy
6096 Runde

Herøy Kommune
6090 Fosnavåg

SØKNAD OM FINANSIERING AV RUNDE TURISTINFORMASJON FRÅ OG MED 2014

Eg viser her til søknad om finansiering av Runde Turistinformasjon for driftsåret 2013.

Runde Grendalag har som alle grendalag ein liten økonomi. Når vi då kjem i ein situasjon som i år der vi må forskottere drifta av Runde Turistinformasjon med over 30 000,- er dette ei stor belastning på vår likviditet. Vi har også erfart at skal vi vere i stand til å rekruttere dei vi ynskjer til å arbeide i Informasjonen er vi nødde til å ha ei forutsigbarheit når det gjeld finansieringa. Dei aller fleste som er aktuelle er studentar som har dette som sommarjobb, og dei må kunne vere sikre på at denne jobben er der når tida kjem.

Runde Grendalag vi dermed søke Herøy Kommune om årlige bevilgningar begrensa oppad til **NOK 250 000,-** frå og med driftsåret 2014 og vidare framover inntil anna vert vedteke. Vi ber også om at dette beløpet kan forskotterast i si heilheit til Runde Grendalag ved behov.

Ønskjer ein meir informasjon, ta kontakt med underteikna.

Runde, 18. februar 2013

Med helsing
Runde Grendalag
v/Oddmar Remøy

Runde Grendalag
v/Oddmar Remøy
6096 Runde

Herøy Kommune
6090 Fosnavåg

SØKNAD OM FINANSIERING AV RUNDE TURISTINFORMASJON FOR 2013

Eg viser til møte 30.01.2013 med assisterande rådmann O.J. Kopperstad og G.I. Kvalsvik frå Herøy Næringsforum.

Runde har hatt ein turistinformasjon finansiert av RDA-midlar dei siste fem åra. Denne ordninga kan ikkje fornyast. I 2008, 2009 og 2010 blei informasjonen dreven av Runde Miljøseier. I 2011 og 2012 tok Runde Grendalag over driftsansvaret.

	2008	2009	2010	2011	2012
Besøkstal:	6154	6375	4293	4428	5084

Tabell 1: Besøkstal ved Runde Turistinformasjon frå og med 2008 til og med 2012.

Besøket har i snitt vore om lag 5 300 med ein variasjon på maksimalt 20%. Mykje av desse variasjonane kan tilskrivas variasjonar i organiseringa av Turistinformasjonen. Her viser vi til tidligare tilsende rapportar.

Kostnadane for drifta i Grendalaget sin regi var i 2011 Kr. 175 000,- og i 2012 Kr. 217 000,-. Forskjelane skuldast i hovudsak lengre opningstid i 2012. Her visast til tidligare tilsende rekneskap og rapportar.

Grendalaget har sett på Turistinformasjonen som ein arbeidsplass for ungdom frå øya. Vi har i størst mogleg grad overlatt den daglige drifta til dei som var tilsett i Turistinformasjonen, og Grendalaget må seie seg særns nøgd med det arbeidet desse ungdomane har lagt ned. Dei har også teke på seg å rekruttere fleire ungdomar frå øya inn i arbeidet omkring Turistinformasjonen, noko som kan vise seg å vere særns viktig for at bygda Runde skal kunne overleve som ei levande bygd.

Runde Grendalag er innstille på å fortsette drifta på om lag det nivå som vi hadde i 2012. Det blir dermed søkt om driftstilskot begrensa oppad til **NOK 250 000,-** for driftsåret 2013. Vi ber også om at dette beløpet kan forskotterast i si heilheit til Runde Grendalag ved behov.

Ønskjer ein meir informasjon, ta kontakt med underteikna.

Runde, 18. februar 2013

Med helsing
Runde Grendalag
v/Oddmar Remøy

Sesongrapport for Runde Turistinformasjon 2012

av Marie Runde og Marianne Goksøyr

Innhald

Bakgrunn.....	2
Lokale og opningstider.....	2
Informasjonshandtering.....	3
Besøktal.....	3
Bemanning og rekneskap.....	4
Utviklingspotensiale for turistinformasjonen.....	4
Forslag til utbetring av reiselivet i Herøy.....	5
Anna.....	6
Konklusjon.....	6

Bakgrunn

Det vart inngått avtale mellom Herøy Næringsforum og Runde Miljøsenter om å drive ein sesongen turistinformasjon på Runde i 2008, 2009 og 2010. Dette vart gjort på

bakgrunn av ei undersøking utført i 2007 som stadfesta at Runde er den viktigaste destinasjonen for turistar som vitjar Herøy kommune. Turistinformasjonen heldt først til i den gamle butikken på Runde og sidan på Runde Miljøseier. Dei to siste åra (2011 og 2012) har Runde grendalag drive turistinformasjonen vidare i lokala til tidlegare Runde kafé. Drifta er heilfinansiert av Herøy Næringsforum.

Lokale og opningstider

Lokala ligg idyllisk og praktisk til ved Runde hamn og har god plass. Lokala vert utleigde av eigarane Olaug Pareliussen og Sigbjørn Runde. Kaféinteriøret (bord, stolar, hyller og disk) får vi nytte slik det høver for oss. Mange turistar har valt å nytte kaféborda som rasteplass om det skulle vere for kaldt og vått til å ete ute. I tillegg får dei slappe av og lese i brosjyrar og bøker frå det vesle biblioteket vårt. Turistane har også hatt høve til å bruke internett, anten ved å nytte den tilgjengeleg datamaskina eller ved å kople seg til det trådlause nettverket med sine eigne maskiner. Mange har gjort seg nytte av dette tilbodet.

Informasjonen opna 28. mai og heldt ope fram til 26. august. I byrjinga var opningstidene frå 09.00 – 18.00. Frå 15. juni utvida opningstidene til 09.00 – 20.00. På grunnlag av tidlegare erfaringar om færre turistar i august reduserte vi opningstidene frå 1. august til 10.00 – 18.00. Dette systemet ser ut til å ha fungert godt. Også turistane har kome med positive tilbakemeldingar om gode opningstider. Vi ser føre oss å halde fram med desse opningstidene. Ein kunne nok ha opna turistinformasjonen tidlegare i mai, men sidan alle dei tilsette er studentar, har det vore vanskeleg å finne arbeidskraft midt i eksamenstida.

I år vart det gjort forsøk med open turistinformasjon i påska (5. april – 8. april). Dette vart gjort i samband med arrangementet ”Påskeøya Runde” og ei utstilling som vart halde i turistinformasjonslokala. Det var ein del folk innom desse dagane (rundt 180), men dei fleste kom truleg for å sjå utstillinga. Det var få av dei som hadde turismerelaterte spørsmål, og vi kjem ikkje til å gjenta dette neste år.

Informasjonshandtering

Dei fleste som kjem til Runde er ute etter å sjå fugl, då særleg lunde. Den vanlegaste

Sjå vedlegget for fleire detaljar kring besøkstala.

Bemanning og rekneskap

Fire personar har vore tilsette for å ta seg av den daglege drifta av turistinformasjonen.

Det har vore éin person til stades på kontoret kvar dag, berre under opplæringa og oppryddinga etter sesongen var det to personar på jobb samstundes. Alle som jobba i informasjonen snakka flytande norsk og kvar av dei beherska to framandspråk. Følgjande personar arbeidde i turistinformasjonen 2012:

Namn	Stilling	Tilsetjingsperiode	Timar
Marie Runde	Informasjonsmedarbeidar	28.05. – 31.08.	315,00
Marianne Goksøyr	Informasjonsmedarbeidar	28.05. – 31.08.	151,00
Lisa Vanvikaas	Informasjonsmedarbeidar	01.06. – 15.08.	161,00
Elise Runde	Informasjonsmedarbeidar	01.06. – 15.08.	325,00

Det vart samanlagt utført 952 betalte arbeidstimar denne sesongen. Her har vi ikkje teke med planlegginga og dugnads- og administrasjonsarbeidet som vart gjort både på førehand og undervegs. Dette har vore gjort gratis, og vi har difor ikkje ei nøyaktig oversikt over timetalet.

Utviklingspotensiale for turistinformasjonen

Om ein får ei stabil drift av turistinformasjonen i åra som kjem, vil der vere eit stort utviklingspotensiale. Dei gamle kafélokala er ypparleg eigna for samdrift med andre føretak, og det vert no arbeid med å få til eit utsal med lokalproduserte varer til neste år.

Slik reglane er i dag skal ikkje ein turistinformasjon vere ein kommersiell aktør. Ei eventuell forretningsverksemd måtte difor haldast klårt åtskilt frå informasjonsdelen. Etter vår meining vil det vere uproblematisk å få til ei slik åtskiljing i dei noverande lokala.

førespurnaden gjeld vegen til fuglefjellet og kvar ein kan observere dei ulike artane. Dernest kjem spørsmål kring båtturar, toalett og overnattingar. Mange lurar også på kvar dei finn næraste daglegvarebutikk eller restaurant. Fleire spør etter båtutleige og aktivitetar på dei andre øyane i nærområdet. I tillegg til dette ser vi det som viktig å informere om ferdselsforbod og retningslinene for freding. Bandtvangen er også noko ein må minne om for å verje både fuglar og sauer.

Vi har kontakta så og seie alle reiselivsaktørane i nærområdet (Søre Sunnmøre) for å spørje om dei vil ha brosjyrar eller anna reklame liggjande hjå oss. Samla sett har det vore stor interesse for å marknadsføre seg på Runde. Dette har gjeve oss eit breitt utval av brosjyrar og plakatar, hovudsakleg frå Møre og Romsdal men også frå Sogn og Fjordane.

Vi kjem til å halde fram med å svare på e-postar og førespurnadar på Facebook også etter at turistinformasjonen stengjer for sesongen. Vi meiner dette er viktig for å vere mest mogleg serviceorienterte og for å leggje til rette for dei som planlegg neste års ferie. Her vil det verte rekna ein halv arbeidstime per svar (dette vil tilsvare den gjennomsnittlege arbeidstida).

Besøktal

Talet på besøkande i turistinformasjonen, fordelt på nasjonalitetar, vart notert kvar dag. I 2012 vart det registrert 5084 besøkjande (mot 4428 i 2011). Her har vi ikkje teke med dei som tok kontakt via telefon eller e-post. Vi reknar dette talet som forholdsvis korrekt. I travle stunder kan det vere fort gjort å notere eit for høgt eller for lågt besøktal, men samla sett trur vi dette går opp i opp. Eit besøktal på 5084 gjev eit snitt på 56 besøkjande per dag (mot 64 i 2011). Det har vore ei jamn tilstrøyming heile sommaren, utan store svingingar.

Tidlegare besøktal: 2008 – 6154, 2009 – 6375, 2010 – 4293, 2011 – 4428. Vi trur kanskje dei ekstra høge tala i 2008 og 2009 kan ha samband med at Runde miljøsender, som dreiv turistinformasjonen, og Runde vandrarheim heldt til i dei same lokala. I 2010 kunne det sjå ut til at sesongen var noko prega av finanskrisa, men dette kan kanskje vere i ferd med å betre seg.

Forslag til utbetring av reiselivet i Herøy

Hadde ein fått til ei meir stabil finansiering av turistinformasjonen vidare, ville det truleg vere enklare å marknadsføre seg og å vidareutvikle konseptet. Om ein fekk til dette ville ein også kunne oppnå meir stabilitet når det gjeld telefonnummer, lokale, e-postadresse, nettstad, og facebookside. I tillegg kunne opplysingar om Runde turistinformasjon kome med i diverse brosjyrar og nettstadar, både i inn- og utland. På denne måten vil ein kunne gje turistane eit betre og meir stabilt tilbod, også utanom sesongen. Stabilitet vil truleg vere noko av det viktigaste for å byggje opp eit mest mogleg brukarvenleg tilbod.

I fjor etterlyste vi ein god og informativ brosjyre for turistattraksjonar i Herøy kommune. I år fekk vi utlevert ein perm med diverse opplysingar. Dette tykkjer vi er eit godt initiativ, og vi ser den praktiske sida ved det. Ein kan skifte ut materialet etter kvart som det vert utdatert, og han vil hjelpe dei som arbeider på informasjonen til å halde seg oppdaterte om tilboda i kommunen. Permen såg likevel ikkje ut til å slå an blant turistane. Vi trur at ein brosjyre som turistane kan ta med seg vil interessere dei mykje meir, og inspirere dei til å besøkje fleire stadar i Herøy kommune.

Ein god Herøy-brosjyre for turistar kunne vere med på å gi auka interesse for heile kommunen. Her kunne ein til dømes ha med oversikter over ulike attraksjonar, overnattingstilbod, restaurantar og butikkar osb. Brosjyren bør vere tilgjengeleg på norsk, engelsk og tysk, og ho må oppdaterast årleg. Vi kan nemne "Reiseguide 2011. Den offisielle reiseguiden for Ålesund og Sunnmøre" og "Kapp det gode liv" som døme på brosjyrar som etter vår meining er svært gode og informative.

Vi vil understreke at det heller ikkje finst nokon skikkeleg brosjyre om Runde. Dette vert etterlyst av *mange* turistar. Runde er definitivt den mest populære turistattraksjonen i kommunen, men vi meiner det er eit *kommunalt ansvar* å utarbeide gode brosjyrar som reklamerer både for Runde og resten av Herøy. Vi ser at mange av brosjyrane frå andre plassar vert sponsa av lokalt næringsliv, og dette burde nok vere mogleg å få til i Herøy

også. Dei tre største reisemåla på Sunnmøre er Geiranger, Runde og Ålesund.¹ Runde er den einaste av desse utan eigen brosjyre.

Anna

Skiltet ved byrjinga av stien i Goksøyra er værslite og anonymt. Mange turistar har difor problem med å finne fram, og endar ofte opp i private hagar. Dette har vi løyst ved å vise dei bilete av starten på stien, og vise til husa i området. Vi meiner likevel det ville vere ein stor fordel om dette skiltet var mykje tydelegare. Det er ikkje alle turistane som kjem innom turistinformasjonen, og dessutan er han stengd utanom sommarsesongen.


Mange av turistane har lundefuglen som sitt hovudmål. Diverre er mange av dei forholdsvis feilinformerte både når det gjeld tilhaldsstad og hekkesetid for fuglane generelt. Dei er ikkje klar over at fuglane held til i fuglefjellet, og trur dei kan finne dei over heile øya. Dei veit heller ikkje at sist i juli / byrjinga av august er slutten av sesongen for lundefuglen. Dette fører til ein god del frustrasjon hjå enkelte. Vi trur at ei god og informativ nettside om Runde / Herøy kunne vore til hjelp her.

Konklusjon

2012 ser ut til å ha vore ein god sesong der turistinformasjonen jamt over har vore godt besøkt. Slik vi opplever det, har samarbeidet med turistaktørane på Runde og elles i kommunen vore godt, og vi har fått veldig positive tilbakemeldingar frå fleire av dei. Kaféløkala og plasseringa ved hamna er heilt ideell, og vi meiner dette vil vere den aller beste plasseringa for turistinformasjonen på Runde – også i framtida.

For Runde turistinformasjon,
Marie Runde og Marianne Goksøy

¹: [http://www.visitnorway.com/no/Reisemal/Vestlandet/Alesund-og-Sunnmore/Aktiviteter-i-Alesund-og-Sunnmore/](http://www.visitnorway.com/no/Reisemal/Vestlandet/Alesund-og-Sunnmore/Aktiviteter-i-Alesund-og-Sunnmore/Attraksjoner-i-Alesund-og-Sunnmore/)



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/7
		Arkiv:	143

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/13	Formannskapet	14.05.2013

FORSLAG OM ENDRING AV GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV FOR KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Tilråding:

Formannskapet vedtek å endre det gjennomgåande perspektivet *Kvinner* til *Likestilling* i kommuneplanen sin samfunnsdel

Særutskrift:
Alle resultateiningane

Saksopplysningar

Bakgrunn for val av «Kvinner» som satsingsområde i Kommuneplan for Herøy 2002 – 2012

Utdrag frå kommuneplan 2002-2012:

Det er stor skilnad mellom menn og kvinner i Herøy, både når det gjeld deltaking i arbeidslivet, inntektsnivå og utdanningsnivå. Spesielt stor er forskjellen i inntekter mellom kvinner og menn i kommunen. Utdanningsnivået på kvinner i kommunen er lågt i forhold til for menn, men det er også svært lågt i forhold til utdanningsnivået til kvinner i andre kommunar, både i vår eigen region og elles i landet.

...Kvinner i Herøy har også langt lågare inntekt enn kvinner elles i landet, også samanlikna med nabokommunane.

Og det er interessant for Herøy kommune å sjå at kommunen kjem så dårleg ut på denne statistikken, og at Møre og Romsdal gjer det same. Det har vi også sett teikn på i utdanningsstatistikken og lønnsstatistikken. Kvinner i Herøy kommune har generelt låg utdanning og låg inntekt, både i forhold til menn i eigen kommune og i forhold til kvinner i andre kommunar, også dei vi kan samanlikne oss med.

Kommuneplan for Herøy 2002-2012 vart vedteken med «kvinner» som satsingsområde med fylgjande åtte målsettingar:

- *Likestilling i form av like moglegheiter som menn til utdanning, yrkesliv og sosialt liv.*
- *Sjølvtendige kvinner med trua på seg sjølve.*
- *Fleire kvinnelege etablerarar i Herøy.*
- *Fleire kvinnelege leiarar i Herøy, i det private og det offentlege.*
- *Auka utdanningsnivå blant kvinner i Herøy.*
- *Auka inntektsnivå blant kvinner i Herøy.*
- *Eit breiare og betre barnehagetilbod og SFO og full barnehagedekning.*
- *Behalde Herøy vidaregåande skule - den einaste arenaen for jenter som kan tenke seg å gå vidare på skule etter ungdomsskulen, men ikkje vil reise frå kommunen.*

Mykje har blitt gjort sidan 2002 og kvinner har i dag har betre føresetnadar for å kunne lukkast i ein framleis mannsdominert arbeidsmarknad i kommunen enn dei tidlegare har hatt. Dette viser også *likestillingsindeksen* når ein ser utviklinga over fleire år, men Herøy kommune er framleis av kommunane med lavast likestilling og dette er eitt område kommunen må vere bevisst i alt arbeid som vert gjort i offentleg regi.

Herøyløftet har vore eit av dei viktigaste prosjektet innanfor satsingsområdet «kvinner» og har sett i gang fleire tiltak som til dømes: Tilflyttardagane, romjulssamling, kurs i styrekompetanse, kvinnenettverkssamling og Herøykonferansen. Med bakgrunn i sitt arbeid fekk *Herøyløftet* tildelt Møre og Romsdal fylkeskommune sin likestillingspris for 2011 for sitt engasjement i likestillingsaka.

Herøy kommune har i fleire år vore langt nede på SSB sine likestillingsindeksar. I 1999 var Herøy på nest siste plass og i 2000 var Herøy på siste plass av Noreg sine kommunar på likestillingsindeksen.

Likestillingsindeks for Herøy kommune, perioden 1998-2008

Publiseringår	Plassering	Indeks	Barne- hage- dekning	Kvinnelige kommune- styrerepr.	Kvinner pr. 100 menn 20- 39 år	Andel med høyere utdanning	Andel i arbeids- styrken	Inntekt
Herøy (M. og R.) 1999	431 av 433	1,2	1	1	2	1	1	1
Herøy (M. og R.) 2000	435 av 435	1,2	1	1	2	1	1	1
Herøy (M. og R.) 2001	-	-	-	-	-	-	-	-
Herøy (M. og R.) 2002	431 av 434	1,3	1	1,5	2	1,5	1	1
Herøy (M. og R.) 2003	429 av 434	1,3	1	1	1,5	2	1	1
Herøy (M. og R.) 2004	416 av 434	1,6	1	3	1,5	2	1	1
Herøy (M. og R.) 2005	415 av 434	1,6	1	3	1,5	2	1	1
Herøy (M. og R.) 2006	424 av 431	1,4	1	1,5	1	1	1	3
Herøy (M. og R.) 2007	431 av 431	1,3	1	1,5	1	1	1	2
Herøy (M. og R.) 2008	406 av 431	1,7	2	1,5	2	1,5	1	2

I 2009 gjekk SSB over til ein ny metode for å vurdere grad av likestilling i kommunane i Noreg og delte dei inn i fire kategoriar:

Høyest grad av likestilling (score mellom 0,696 – 0,776),
Nest høyest grad av likestilling (score mellom 0,671 – 0,695),
Nest lavest grad av likestilling (score mellom 0,641 – 0,670) og
Lavest grad av likestilling (score mellom 0,538 – 0,640).

Likestillingsindeksen for Herøy, perioden 2009- ->													
Publiseringsår	Andel barn 1-5 år i barnehage	Kjønnsfordeling blant kommune-styrerepr.	Forholdet mellom kvinner og menn med høyere utdanning	Forholdet mellom kvinner og menn i arbeidsstyrken	Forholdet mellom menn og kvinners bruttoinntekt	Forholdet mellom menn og kvinners deltidsarbeid	Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepengeperioden	Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur	Kjønnsbalanse i offentlig sektor	Kjønnsbalanse i privat sektor	Kjønnsfordeling blant ledere	Grad av kjønnsbalanserte utdanningsprogram i videregående skole	Total score
Herøy (M. og R.) 2009	0,861	0,727	0,773	0,866	0,459	0,247	0,59	0,453	0,4	0,687	0,525	0,604	0,615
Herøy (M. og R.) 2010	0,937	0,727	0,772	0,861	0,488	0,223	0,579	0,452	0,405	0,68	0,545	0,629	0,626
Herøy (M. og R.) 2011	0,96	0,85	0,75	0,87	0,48	0,27	0,62	0,46	0,4	0,7	0,54	0,62	0,629
Herøy (M. og R.) 2012	0,96	0,85	0,7	0,88	0,47	0,2	0,63	0,49	0,4	0,7	..	0,64	-

Herøy er framleis i den kategorien med lågast likestilling, men med ein score på 0,615 i 2009, 0,626 i 2010 og 0,629 i 2011 har kommunen teke fleire steg i rett retning i forhold til likestilling mellom kjønna. I 2012 slutta SSB å publisere ein totalindeks for kommunane då deira erfaringar peikte mot at totalindeksen vart brukt til å rangere kommunane i forhold til kvarandre på eit detaljnivå statistikken ikkje gir grunnlag for.

Herøy kommune som Pilotkommune for likestilling og mangfald:

I etterkant av kommunestyremøte 22.11.2012 der Kommunestyret vedtok at «kvinner» skal vere eitt av seks gjennomgåande perspektiv for kommuneplanen sin samfunnsdel er Herøy kommune blitt utnemnt til *Pilotkommune for likestilling og mangfald*.

Prosjektet skal leggje til rette for at Herøy skal utviklast vidare til å bli ei attraktiv kommune som tek vare på alle innbyggjarane gjennom ei systematisk integrering av likestilling og mangfald som perspektiv i kommunen sin praksis.

Likestilling er eit omgrep som tradisjonelt har blitt kopla til likestilling mellom kvinner og menn, men likestilling er meir samansett enn som so og bør heller brukast som eit samleomgrep for fleire ulike forhold. Å gje ein klar definisjon av likestilling er ikkje lett, men ein generell forståing av omgrepet kan vere at «likestilling betyr likeverdige menneskelige utviklingsmoglegheiter for alle». Innanfor denne forståinga av «likestilling» hamnar derfor all forskjellsbehandling med bakgrunn i kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, seksuell orientering, alder, kjønnsuttrykk, sosial bakgrunn og andre forhold.

Utdrag frå *Prosjektplan* for Pilotkommune likestilling:

Stat, fylke og kommune må arbeide godt sammen for å skape en positiv samfunnsutvikling for alle. Det brede arbeidet mot usaklig forskjellsbehandling på ulike grunnlag (etnisk opphav, kjønn, nedsatt funksjonsevne) og for likestilling er viktig.

Herøy og Ulstein kommune vil gripe tak i dette og gjennom et prosjekt utforske hva som må til for å integrere et likestillings- og mangfoldsperspektiv i kommunens styringssystem. Prosjektet vil gi viktig kunnskap med overføringsverdi til andre kommuner i landet.

Prosjektet skal legge grunnlag for:

- *En kommuneplan som ivaretar ulike grupper i lokalsamfunnet*

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i at Herøy kommune er blitt utnemnt til pilotkommune for likestilling bør ein vurdere å endre det gjennomgåande perspektivet «kvinner» til «likestilling» i kommuneplanen sin samfunnsdel.


Kvinneperspektivet vil framleis vere sentralt innan dette perspektivet då Herøy tidlegare har hatt utfordringar knytt til låg deltaking i arbeidslivet, lågt utdanningsnivå og lågt inntektsnivå blant kvinner, men vil også omfatte forskjellsbehandling med bakgrunn i kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, seksuell orientering, alder, kjønnsuttrykk, sosial bakgrunn og andre forhold.

Rådmannen rår til at Formannskapet vedtek å endre det gjennomgåande perspektivet «kvinner» til «likestilling» i kommuneplanen sin samfunnsdel

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/344
		Arkiv:	614

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
14/13	Komite for næring, kultur og idrett	08.04.2013
94/13	Formannskapet	14.05.2013

UTLEIGEBUSTADER FOR UNGDOM/ARBEIDSINNVANDRARAR.

Samrøystes tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 08.04.2013

Formannskapet ser at det er behov for utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrere, og ynskjer å kartlegge dette behovet med ei kostnadsramme avgrensa oppad til kr. 50.000,-.

I kva grad kommunen vil prioritere å bygge/kjøpe utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrere, må takast stilling til i samband med budsjettet for 2014.

Tilråding:

Formannskapet ser at det er behov for utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrere, men ynskjer ikkje å bruke ressursar på analysere dette behovet utover det som ligg i mandatet til arbeidsgruppa i Bulyst-prosjektet.

I kva grad kommunen vil prioritere å bygge/kjøpe utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrere, må takast stilling til i samband med budsjettet for 2014.

Særutskrift:

- Bulystprosjektet v/ Camilla S. Hermansen
- NAV
- Egedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Assisterande rådmann

Saksopplysningar:

I møtet i komite for næring, kultur og idrett 4. mars 2013 vart det orientert om ulike problemstillingar når det gjeld bustader for ungdom/arbeidsinnvandrarar i Herøy. Det vart m.a. peika på at det bør gjerast ein analyse av behovet for slike bustader. Eg tek med fylgjande frå forskning.no av 12. februar 2013:

«Boforholdene er viktig for at Norge skal framstå som attraktiv for utenlandsk arbeidskraft, og for en best mulig integrering av utenlandske arbeidstakere i det norske samfunnet.

Men ifølge forskere som har undersøkt arbeidsinnvandrernes etablering på det norske boligmarkedet, er det mangel på samordning av integrerings- og boligpolitikken på statlig nivå.

-Det mangler for eksempel en bred kartlegging av boligforholdene blant utenlandske arbeidstakere, forteller Nova- forsker Han Christian Sandlie.

-En slik kartlegging vil være et viktig reiskap i arbeidet med å legge til rette for tilfredsstillende boforhold for arbeidsinnvandre, sier han.

.....

Økt tilflytting av arbeidsinnvandrere kan gi økt press i de lokale boligmarkedene, og endringer i bruk av de boligsosiale støtteordningene.

-Berørte kommuner bør ta med slik tilflytting i sitt planarbeid ved å samordne integrerings- og boligpolitikken, og blant annet styrke tilgangen på både midlertidige boligløsninger og meir permanente boliger, påpeker Sandlie.»

Styringsgruppa i Bulyst-prosjektet gjorde i sitt møte 13. februar 2013 vedtak om å opprette ei arbeidsgruppe for bustad med slikt mandat:

«Mandat:

- *Kartlegge kva arbeidsgjevar gjer i forhold til å skaffe arbeidstakarane bustad*
- *Kartlegge korleis arbeidstakarane skaffar seg bustad*
- *Kartlegge bustadforholda for arbeidsinnvandrarane*
- *Kartlegge finansieringsordningar for målgruppa*
- *Kva kan/bør arbeidsgjevar gjere for å sikre arbeidstakarane tilfredsstillande buforhold?*
- *Kva kan/bør kommunen gjere for å sikre m.a. arbeidsinnvandrarar tilfredsstillande buforhold?*
- *Utarbeide handlingsplan for å sikre arbeidsinnvandrarane tilfredsstillande buforhold*

Medlemer:

Camilla S. Hermansen, leiar

Representant frå Herøy kommune/eigedomsavdelinga

Roald Sporstøl

Representant frå Marine Harvest

Representant frå arbeidsinnvandrarane

Milepælsplan:

Kartleggingsarbeidet skal vere gjennomført innan 01.10.2013

Handlingsplanen skal vere utarbeidd innan 01.01.2014.»

Eg tek med mandatet til arbeidsgruppa for bustadsosial handlingsplan sjølv om målgruppa her ikkje er ungdom/arbeidsinnvandrarak generelt:

«Arbeidsgruppa skal utarbeide forslag til planprogram for revidert bustadsosial handlingsplan og fylgje krava i plan- og bygningslova, § 11-4. På bakgrunn av forslaget og eventuelle tilbakemeldingar skal planen utarbeidast. I forslaget til plan skal det også gjerast opp status på tiltak vedtatt i den gjeldande planen.

Nye tiltak må byggast på ei god analyse av utfordringane i kommunen. Gruppa må i sitt arbeid ta høgde for demografisk utvikling, samfunnsutviklinga og nye oppgåver som kommunen vil få tilført som følgje av samhandlingsreforma. Gruppa skal kome med forslag til ein strategi for utbygging av butilbod basert på målgruppe. Lokalisering skal vurderast ut frå eit behov for t.d. nærleik til anna tenestemiljø, og samlokalisering ut frå eit behov om fleksibel og effektiv bruk av personalressursar. Eksisterande bustadmasse, med eventuell omdisponering av denne, skal inngå i ei totalvurdering av bu- og tenestetilbodet. Interkommunale løysingar skal vurderast for små brukargrupper der ein vil tene på eit større fagmiljø.

Kommunen har pr. dags dato 103 plassar i sjukeheim. Planlegging av nytt omsorgssenter, auke og evt omdisponering av sjukeheimsplassar til omsorgsbustad med heildøgns bemanning, ligg utafor gruppa sitt mandat.

Arbeidsgruppa skal sørgje for brei brukarmedverknad gjennom mellom anna bruk av referansegruppe, høyringsrunder, møteverksemd mm. Arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppa.»

Vurdering og konklusjon:

Eg legg til grunn at arbeidsgruppa i Bulyst-prosjektet gjennomfører ei tilstrekkeleg kartlegging og analyse av bustadsituasjonen for arbeidsinnvandrarak i kommunen.

Når det gjeld behovet for utleigebustader for ungdom, tenkjer ein vel her i hovudsak på ungdomar som ynskjer å leige ein bustad i ein fase der ein ikkje er klar for å kjøpe eller bygge bustad sjølv. Per i dag må ungdomar skaffe seg slik utleigebustad i den private utleigemarknaden. Ungdom med tilknytning til kommunen vil nok lettare kunne skaffe seg utleigebustad i den private marknaden enn ungdom utan slik tilknytning.

Eg er i tvil om kor mykje ressursar det bør leggast ned for å analysere behovet for utleigebustader for ungdom. Det er neppe tvil om at det er behov for utleigebustader for denne målgruppa. Spørsmålet er vel meir i kva grad kommunen vil prioritere å bygge/kjøpe utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrarak. Dette spørsmålet må det takast stilling til i samband med budsjettet for 2014.

Konsekvensar for folkehelse:

Gode buforhold er positivt for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.


Konsekvensar for drift:

Dersom utleigebustadane vert sjølvfinansierande gjennom husleiga, vil dette ikkje ha andre konsekvensar enn eit eventuelt vedlikehaldsansvar.

Fosnavåg, 12.03.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/589
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/13	Formannskapet	14.05.2013

RAGNAR LEINE. SPØRSMÅL OM TOMT PÅ LEINE.

Tilråding:

1. Formannskapet viser til saksutgreiinga og finn ikkje å kunne imøtekome kravet frå Ragnar Leine om erstatningstomt i bustadfeltet Leine Ytre.
2. Formannskapet vil likevel etter ei samla vurdering sjå positivt på at born av Ragnar Leine får fortrinnsrett til ei tomt i bustadfeltet, men då på vanlege kommunale vilkår. Slik fortrinnsrett må i så fall gjerast gjeldande innan 01.09.2013.

Særutskrift:

- Ragnar P. Leine, 6094 Leinøy
- Endre Leine, Vågsholmvegen, 6090 Fosnavåg
- Advokat Lars E. Sande, Postboks 58, 6101 Volda
- Eigedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Servicetorget

Vedlegg:

- Brev frå advokat Lars E. Sande datert 03.05.2013.
- Brev frå Ragnar Leine datert 27.02.2013.
- Kart datert 2209.2010.

Saksopplysningar:

I brev frå Ragnar Leine av 27.02.2013 krev han få kjøpe valfritt ei av tomtene i bustadfeltet Leine Ytre for den opphavlege salssummen pr m² som kommunen kjøpte arealet for, men indeksregulert for perioden 1995-2012. Han krev vidare at tomta vert skjøytt over på han og at han kan disponere tomta på lik linje med annan privat eigedom/grunn.

Representantar for kommunen hadde møte med Ragnar Leine og sonen Endre P. Leine 18. april for ein gjennomgang av saka. I møtet meinte grunneigaren at han ut frå eit likskaps- og rettferdsomsyn burde ha

1. Fortrinnsrett til ei av tomtene i bustadfeltet.
2. Rett til å kjøpe tilbake tomta til prisen for råtomtegrunn, indeksregulert frå 1995.
3. Rett til å disponere tomta på lik linje med anna privat eigedom/grunn.

Representantane frå kommunen bad om at han kom tilbake med eit tilleggskriv der han uttdjupa grunngevinga for dette kravet.

Advokat Lars E. Sande svarar på vegne av grunneigaren i brev av 03.05.2013. I brevet skriv han følgjande om likskaps- og rettferdsprinsippet:

«I forbindelse med regulering til bustadfelt/skuleområde på Leine og påfølgande skjøn, fekk grunneigarane for ein stor del rett til å behalde tomter i område som var regulert til bustader, til utbygging i privat regi.

For Ragnar Leine var dette ikkje ei aktuell problemstilling fordi eigedomen hans i det alt vesentlege var regulert til off. institusjonar/skule. Han var såleis den einaste grunneigaren på Ytre Leine som ikkje fekk frådelt tomt til sine born.»

Vurdering og konklusjon:

Saka har diverre teke altfor lang tid å avklare, jfr korrespondansen som går fram av vedlegga.

Slik eg oppfattar saka meiner grunneigaren at det er i strid med likskaps- og rettferdsprinsippet at han er den einaste grunneigaren som ikkje har fått frådelt tomt til sine born. Men i dette tilfelle er det ikkje Endre P. Leine som søker om fortrinnsrett til ei tomt, men faren Ragnar Leine. I tillegg skriv Ragnar Leine i brev av 27.02.2013 at han krev at tomta vert overskjøytt på han og skal kunne disponere tomta på lik linje med annan privat eigedom/grunn. Dette tolkar eg slik at han skal ha rett til å selje tomta på den frie marknaden.

Vidare går det fram av brevet frå advokat Sande at dei andre grunneigarane som har fått rett til å behalde tomter i bustadfeltet, har bygd ut tomtene i privat regi. Den tomta som Ragnar Leine krev å få fortrinnsrett til for prisen for råtomtegrunn, er ei tomt der kommunen no kostar veg, vatn og avløp. Grunneigaren har fått erstatning

for grunnen han har avstått til bustadfeltet, og eg kan ikkje sjå at det er grunnlag for at han skal få fortrinnsrett til ei tomt i bustadfeltet til ein lågare pris enn andre tomtkjøparar (350 kr pr m²).

På dette grunnlaget finn eg ikkje å kunne imøtekomme kravet frå Ragnar Leine om erstatningstomt i bustadfeltet Leine Ytre.

Eg vil likevel etter ei samla vurdering sjå positivt på at born av Ragnar Leine får fortrinnsrett til ei tomt i bustadfeltet, men då på vanlege kommunale vilkår. Slik fortrinnsrett må i så fall gjerast gjeldande innan 01.09.2013.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 04.05.2013


Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Til
Herøy Kommune
Pb 274
v/Eigedomsavdelinga

Dato
27.02.2013

Side 1 av 1

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/589	Saksbeh. RMY
- 1 MARS 2013	
Kopi til Endre Leine Vågsholmveien 6090 Fosnavåg	
Ark.kode P 611	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 1

Grunngeving for krav om erstatningstomt vedrørende Reguleringsplan for Leine Ytre, K-sak 156/09

1 Bakgrunn

Visar til tidlegare korrespondanse i denne saka i sept 2010, januar 2011, møte med Leiar i Eigedomsavdelinga 22.sept 2010, samt telefonsamtale mellom min son (Endre P Leine) og Robert Myklebust 25.okt 2012

2 Drøfting

Grunngevinga for å krevje ei erstatningstomt blant dei 9 regulerte tomtene for eineboligar i det tidlegare skuleområdet er tufta på følgjande hovedmoment:

- 1) Mi jord var underlagt eit Byggje- og deleforbod som var lagt ned av Herøy Kommune på heile Leine Ytre frå 1977. Byggje- og Deleforbodet vart oppretthalde lovleg i 2 år, og vidare ulovleg dei påfølgjande 13 åra¹ inntil fleire grunneigarar stilte spørsmål til denne praksisen til Fylkesmannen²
- 2) I etterkant av at vart kjent at det nemnte byggje- og deleforbodet var ugyldig, vart mi jord regulert og grunnen kjøpt til skuleformål i 1994, bygging skulle ta til i 1995. I denne samanheng avsto eg frå å skilje ut tomta som «Gamlehuset» på garden sto på, sidan grunnen skulle kjøpast til skuleområde, og eg ville ikkje setje ein stoppar for ny skule med å krevje utskilt grunn i det planlagte skuleområdet.
- 3) I 1997 var planlegging og bygging framleis ikkje kome i gang, og arbeidstilsynet slo fast at drift av skulen ikkje var i samsvar med gjeldande regelverk³
- 4) Same haust vart eg kontakta av Kommunen for å signere på eit nabovarsel som gav samtykke til at paviljongar kunne settast opp i bakkant av skulen for å betre skulesituasjonen. Eg og fleire av naboane til skulen ville gå med på dette under føresetnad av at desse skulle stå i eit avgrensa tidsrom (2 år) og at planlegging/bygging av ny skule skulle være starta innan same periode. Dette ville ikkje kommunen gå med på og brukte til dels media for å setje press på meg som grunneigar for å gå med på den mellombelse løysinga⁴.
- 5) Felles skule for Leinøy var på same tidspunkt allereie eit tema for debatt, og saka enda som kjent med vedtak om bygging av noverande Einedalen skule, med påfølgjande omregulering av skuleområdet til boligformål. Det vart kommunisert frå fleire hald at ny skule på Leine ikkje var eit realistisk utfall, og at grunnen vart kjøpt meir som ei «nødløysing» frå kommunen sin side for å ikkje misse grunnen til private utbyggjarar.

3 Konklusjon

Med bakgrunn i nevnte møte(r), korrespondanse i saka, samt sakshistorikk allereie frå 1978, krev eg å få tilbakeført ei tomt frå det tidlegare skulearealet, som no er omregulert til bustadformål. Sidan eg ikkje vil stå til hinder for den godkjende reguleringsplanen ser eg vekk frå den opphavelige gamlehuset til fordel for å få kjøpe attende valfritt ei av dei andre tomtene som låg på min grunn for den opphavelige salssummen pr m², men indeksregulert ift 1995-2012. Tomta vert skjøta over på meg og skal vidare kunne disponerast på lik linje med annan privat eigedom/grunn.

Eg har og tidlegare skissert moglegheiter for eit makebyte som kan mogleggjere nok ei kommunal tomt på Leine Ytre, dette tilbodet står ved lag dersom det kan være av interesse for å løyse situasjonen og auke antalet tilgjengelige tomter for sal på Leine Ytre.

Mvh



Ragnar P Leine

¹ Søknad om forlenging og avslag frå Fylkesmannen 1979

² Utklipp frå Sunnmørsposten 3.juni 1992

³ Utklipp frå Vestlandsnytt 7.november 1997

⁴ Utklipp frå Vestlandsnytt og Sunnmørsposten

ADVOKAT
LARS E. SANDE

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/589	Saksbeh. EHT
- 3 MAI 2013	
Ark.kode P 611	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 2
Kassasjon	

Herøy kommune
v/ordføreren
6090 FOSNAVÅG

Volda, 03.05.2013

RAGNAR LEINE - SPØRSMÅL OM TOMT PÅ LEINE

Ragnar Leine har kontakta merg i samband med spørsmålet om tildeling av tomt på det tidlegare regulerte skuleområdet på Leine.

Ragnar Leine har fleire gonger vendt seg til Herøy kommune om dette spørsmålet, jfr. hans brev av 16.06.2008, 12.11.2008, 15.01.2010 og 27.02.13 og også samtalar med sakshandsamarar ved eigedomsavdelinga. Den einaste tilbakemeldinga han har fått er brev datert 01.12.2008 frå kommunen, der det er gitt uttrykk for at kommunen vil kome tilbake til saka når reguleringsplanen er godkjende, og prisen for dei "nye" tomtene er fastsett.

Ragnar Leine sitt ønske om å få tilbake tomtegrunn som han i si tid selde til kommunen som skuletomt, er tufta på likheits- og rettfærdsprinsipp.

I forbindelse med regulering til bustadfelt/skuleområde på Leine og påfølgande skjøn, fekk grunneigarane for ein stor del rett til å behalde tomter i område som vart regulert til bustader, til utbygging i privat regi.

For Ragnar Leine var dette ikkje ei aktuell problemstilling fordi eigedomen hans i det alt vesentlege var regulert til off.institusjonar/skule. Han var såleis den einaste grunneigaren på Leine Ytre som ikkje fekk frådelt tomt til sine born.

Som kjent vart reguleringsføremålet off.institusjonar/skule, ikkje realisert i og med at det ikkje vart bygd skule slik reguleringsplanen i si tid la til grunn. I staden er no området regulert til bustadføremål.

Det blir sjølv sagt å spekulere i fakta, men det er likevel all grunn til å tru at Ragnar Leine til liks med dei andre grunneigarane, hadde fått behalde bustadtomt på eigen grunn dersom ikkje heile området vart kjøpt av kommunen til eit føremål som viste seg ikkje å verte gjennomført.

Det følast derfor rett og rimeleg at Ragnar Leine no får førsteretten til å overta ei av tomtene som er innregulert på hans tidlegare eigedom. Vilåra for overtaking, må ein i tilfelle kunne kome tilbake til.

Med helsing


Lars E. Sande

Postadresse:

Postboks 58
6101 Volda

E-post:

post@advokatsande.no

Telefon:

70 07 74 00

Heimeside:

www.advokatsande.no

Telefaks:


70 07 67 53

Kontoradresse:

Halkjelsgata 1 (2. etg. Nordea bank)
6100 Volda

Organisasjonsnr.:

871 465 142 MVA



B3

B2b

Ytre Leine

FS1

A=8.4 daa

BYA maks=30%

FS2

A=3.8 daa

BYA maks=30%

Ytre Leine

Lp

A=1.3 daa

KS

A=1.1 daa


BYA maks=50%

HERØY KOMMUNE

22.09.2010 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet





Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1515
		Arkiv:	252

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
96/13	Formannskapet Kommunestyret	14.05.2013

GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK, STORT KR 15.000.000,-, I DEN NORSKE STATS HUSBANK FOR VIDAREUTLÅN

Tilråding:

Herøy kommune tek opp lån i Husbanken på kr 10.000.000,- til vidare utlån (Startlån) på dei vilkår som går fram av tilsegnsbrev og låneavtale

Særutskrift:

- Den Norske Stats Husbank
- Økonomiavdelinga, her
- NAV, her
-

Uprenta vedlegg: Kopi av lånetilsagn frå Husbanken

Saksopplysningar:

Startlån er eit godt verkemiddel for å få skaffe bustad til mange mange grupper i dagens samfunn.

Om Startlån

Husbankens ordning med Startlån er eit av regjeringas velferdspolitiske virkemiddel. Visjonen for bustadpolitikken er at "alle skal kunne bo trygt". Bustadens betydning for generell velferd og samfunnsdeltaking har de seinare åra fått økt fokus. Utan bustad er det vanskelig å delta i samfunnet, i arbeidslivet og i sosiale relasjonar, og bustad er derfor eit av fundamenta i den norske velferdspolitikken. Regjeringa har satt i gang mange programmer knytt til dette, blant anna bustadsosialt arbeid, og felles for disse programma er at fleire skal bli mest mulig sjølvhjelpne i egen bustad.

Dette var hovudargumentet for å flytte ordninga frå Eigedomsavdelinga til NAV Herøy i 2009. Sosialtenesta så kor viktig det er å få stabilisert brukarar i eigne bustadar for å kunne arbeide vidare med tiltak retta mot arbeid og aktivitet.

Målgruppe – vanskeligstilte på bustadmarknaden

Bustadmarknaden fungerer greitt for mange, men ikkje for alle. Det finnes fleire grupper som stiller svakt på bustadmarknaden, og som har behov for bistand for å komme seg inn i egna bustad eller for å oppretthalde eigen bustad. Det kan være økonomiske, sosiale eller helsemessige årsaker til problema, eller ein kombinasjon av dette.

Startlånet er behovsprøvd og kan omfatte blant anna:

- unge i etableringsfasen
- barnefamiljar
- einslege forsørgjarar
- personar med nedsett funksjonsevne
- flyktningar
- andre økonomisk vanskeligstilte

Kva gis det Startlån til

Startlån kan ytast til:

- kjøp av brukt bustad
- nybygg
- utbetring
- refinansiering av dyre lån dersom det bidrar til at husstanden får behalde bustaden

Startlån i Herøy kommune

Ved å legge Husbankens ordningar i NAV, vil ein etter kvart sjå ei endring i målgruppa frå tidlegare. Sosialtenesta ønskjer å aktivt bruke Startlån for å kunne stabilisere personar som elles vil ha store problem med å finne seg bustad og behandle bustad. Kombinert med andre virkemiddel, som til dømes bustadsosiale tenester og frivillig forvaltning, ønskjer ein å kome i posisjon til endre livssituasjonar og gjere brukaren sjølvhjelpne.

Tildelte Startlån til Herøy kommune

Oversikta syner tildelte Startlån frå 2005 og fram til i dag.

Lånennummer	Utbetalt i år	Type lån	Pålydande	Restgjeld
14633860	2012	Startlån	10.000.000	10.000.000
14632663	2010	Startlån	10.000.000	10.000.000
14632063	2009	Startlån	10.000.000	8.600.000
14631350	2008	Startlån	4.000.000	3.280.000
14631206	2007	Grunnlån	780.000	701.636
14630711	2007	Startlån	2.000.000	1.499.995
14629842	2006	Startlån	3.000.000	2.113.634
14628979	2005	Startlån	4.000.000	2.880.000

Sum			43.780.000	39.075.265

Talet på tildelte Startlån har ikkje økt veldig i denne perioden, 2006 var heller eit unntak med eit tildelt lån. Av tabellen ser ein også at snittsummen på låna har økt noko. Dette heng saman med ein sterk bustadmarknad, samt ein praksis kor ein for å sikre låna mest muleg heller vil lånet heile beløpet og ha 1. prioritet enn å toppfinansiere og ha 2. eller 3. prioritet. I 2011 og 2012 har trenden vore at ein har hjelp lånesøklarane med den «eigenkapitalen» som bankane krev for at også dei skal kunne låne ut til bustad.

Risiko og erfaringar

I følgje Lindorff tar kommunen liten risiko med å innvilge Startlån. Reelle tap vil komme først når ein bustad er begjært tvangsseld. Enten i form av at bustaden ikkje blir seld for lånesummen, eller at omkostningane ved tvangssalet reduserar summen til under lånesum. Det kan også førekome tap dersom kommunen har 2. eller 3. prioritet i bustaden og salssummen først og fremst dekkjer 1. prioritets pantehavar.

Det er pr i dag ikkje dokumentert noko tap på ordninga, sjølv om fleire lånetakarar opp gjennom åra har fått inkassovarsel frå Lindorff og nokre bustadar er tvangsselt. Sjølv om det skulle stå igjen ein rest på lånesummen etter at salet/tvangssalet er gjennomført, vil Lindorff halde saka ope og krevje restbeløpet når lånetakarane igjen får midlar.

Porteføljeoversikt akkumulert for perioden 01.01.2012 – 31.12.2012

Oppdatert per 17.04.2013

Type lån	Antal aktive	Til utlån
Etableringslån	12	424 054,-
Startlån	40	28 117 655,-
Utbetringslån	2	45 724,-
Lån til innkasso	6	201 382,-
Lån til overvåking	3	2 628 818,-
Totalt	63	31 417 633,-

Vurdering av Startlånordninga

Det siste halvanna året har ein sett ei dreining i kven som søker startlån. Presset på startlånordninga har auka, og fleire tilhøve er med på og bidra til dette.

Ein opplever ein auke i talet på toppfinansieringssaker.

Denne auken verkar å ha direkte tilknytning til finansdirektoratet sine nye reglar, om og i hovudsak ikkje finansiere utover 85 prosent av eigeidoms marknadsvardi. Dei resterande 15 prosent vert ofte kravd som eigenkapital. Med dagens husprisar er 15 prosent ein nokså stor sum. Det er ikkje mange av dei som er i etableringsfasen som har slike summer oppsparte. Desse kjem til oss, og søker startlån for å finansiere dei resterande 15 prosent.

Mange arbeidsinnvandrerar har bestemt seg for å slå seg ned i Herøy, og kjøpe seg bustad. Ein del av desse opplever problem med å få lån, sjølv om dei har folkeregistrert adresse her og kan vise til arbeid. Dette på grunn av manglande historikk i kundeforholdet hjå banken. På same tid er leiemarknaden i Herøy nokså

pressa. Det gjer at det er både vanskeleg og dyrt å finne ein stad og leige. Spesielt bustader eigna for barnefamiljar er ei utfordring prismessig. Desse vender seg då mot startlånordninga.

I alle saker praktiserar vi krav om nøkternheit til bustad som skal kjøpast, summane til toppfinansiering vert av den grunn sjeldan høgare enn 300 000 – 400 000 kr.

Sakshandsaming av startlån pr 2013

Rutinane for sakshandsaming av startlånsøknadar vedtekne i 2010 (F-sak 118/11) vert fylgde hjå NAV Herøy, men ein ser at på grunn av endringane som har funne stad i marknaden og hjå bankane, er dei mogne for ei evaluering. Ei ytterlegare presisering av kva grupper som skal prioriterast, og kva kriterier som skal ligge til grunn for å kvalifisere til låneopptak er naudsynt for å få ei føreseieleg og rettferdig handsaming av kvar enkelt sak.

Saman med Sande, Vanylven, Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta har Herøy eit samarbeidsforum, Sjustjerna Husbanken. Dette forumet har sett ned ei arbeidsgruppe som per i dag arbeidar med å rullere eit sett med retningslinjer tilpassa dagens situasjon.

Arbeidsgruppa består av representant frå Herøy, Volda og Vanylven. Arbeidet er planlagt ferdig i løpet av april, og vil etter endeleg gjennomgang i forumet verte framlagt for politisk handsaming i kommunane.

Behov for startlån

Det har funne stad ei dreining siste åra både i regjering og i Husbank, mot ei tenking der bustaden som velferdspolitisk verkemiddel står sentralt.

Dette i kombinasjon med tilhøva skisserte under avsnitt om vurdering av startlånordninga, gjer at behovet for ei finansieringsordning som er behovsprøvd er meir uttalt enn nokon gong. Det gir grunn til å anta at behovet for vidare midlar vil vere på same nivå som åra før, eller større.


Det er per i dag søkt om tilskot for vidaretildeling for 2013, ein søknad vi ikkje enno har fått svar på. Dette i kombinasjon med rullerte retningslinjer, meir i tråd med dagens situasjon, vil vonaleg bidra til at ein ved utgangen av 2013 betre kan sjå omfanget av dei siste års endringar, og få ein peikepinn på behovet for låneopptak i 2014.

Fosnavåg, 18.04.2013

Erlend Krumsvik
-Rådmann-

Geir Egil Olsen
-avd.leiar-

Sakshandsamar: Therese Moe Øye og Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/605
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
97/13	Formannskapet Kommunestyret	14.05.2013

ÅRSMELDING SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR 2012.

Tilråding:

Årsmeldinga for Søre Sunnmøre Landbrukskontor 2012 vert godkjend.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Vedlegg:

- Årsmeldinga for Søre Sunnmøre Landbrukskontor 2012

Saksopplysningar:

Eg kar ingen merknader til årsmeldinga.

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at årsmeldinga for Søre Sunnmøre Landbrukskontor 2012 vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 03.05.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



ÅRSMELDING 2012

SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 2013/605	Saksbr. 07K
- 2 MAI 2013	
Ark.kode P	004
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 1
Kassasjon	

Innleiing

Søre Sunnmøre Landbrukskontoret (SSL) er eit interkommunalt selskap danna av kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Selskapet er organisert etter § 27 interkommunalt samarbeid i Kommuneloven og vart oppretta 01.01.1994.

Føremålet med SSL er å vidareføre verksemda til det statlege landbrukskontoret. Oppgåvene til selskapet er å arbeide med rådgjeving og sakshandsaming etter dei til ei kvar tid gjeldande lover og regelverk for slik kommunal verksemd og elles for SSL spesielt.

Kommunane som er tilslutta SSL skal betale tilskot til drifta av selskapet, der storleiken av tilskotet gjer at drifta vert fullfinansiert. Fordeling av tilskot er avtala med ei slik prosentvis fordeling:

Herøy kommune: 43 %

Ulstein kommune: 29 %

Hareid kommune: 28 %

Styret for SSL for 2011 - 2015

Kommune	Medlem	Varamedlem
Herøy	Gry Olaug Dimmen Jarl Grimstad	Tor Sindre Steinsvik Svein Ulrik Helt Brubakk
Ulstein	Wenche Osnes Låbakk Olav O. Dimmen	Einar Nevstad Oddny Våge Ulstein
Hareid	Annika Brandal Hallgeir Teigene	Anders Riise Kristian Fuglseth

Val av styreleiar og varaleiar går på omgong mellom kommunane. Skifte av leiar i kommunevalperioden er ved årsskifte.

Styreleiar for toårsperioden 2012 – 2013: Gry Olaug Dimmen

Nesteleiar for toårsperioden 2012 – 2013: Jarl Grimstad

Forhandlingsutval for 2012 – 2013: Gry Olaug Dimmen, Wenche Osnes Låbakk og Hallgeir Teigene.

Styret sin oppgåver

Styret sine oppgåver er å vedta budsjett, årsmelding og rekneskap. Samt å opprette eller inndra stillingsheimlar og fastsette løn til dei tilsette. Det ligg og til styret sine oppgåver å godkjenne arbeidsoppgåver/ oppdrag ut over det lovpålagde og fastsette gebyr for desse oppgåvene.

Styret har halde 3 møter i løpet av året og handsama 19 saker.

Forhandlingsutvalet gjennomførde lønsforhandlingar den 10. og 11. oktober. Det vart forhandla med Delta, Fagforbundet og Naturviterne.

Det vart signert ny leigeavtale med S-Flis as for 5 år, avtala vart inngått med føresetnad om utbetringar ved kontoret.

Tilsette ved SSL

Kontoret har hatt slik bemanning gjennom året.

Stilling	Tilsett	Kommentar
Landbrukssjef – 100 %	Anne Kathrine Løberg	
Landbruksrådgjevar – 100 %	Oddvar Gjerde	
Fagkonsulent – 80 %	Kristin Myrene	Ho har avtale om å arbeide i 80 % stilling fram til 01.07.2013. Etter eiga ynskje ville ho gå attende til 100 % stilling frå 01.01.2013.
Sekretær – 50 %	Marianne S. Nerland	Etter lønsforhandlingane fekk Marianne endra stilling til konsulent.
Rådgjevar naturforvaltning – 50 %	Janne Bareksten tok til i stillinga 06.02.2012.	Stillinga vart gjort om frå 50 % stilling som fagkonsulent skogbruk.

Fram til Janne Bareksten tok til i stillinga var kontoret underbemanna med ei halv stilling. Kristin Myrene sin 20 % permisjon er ikkje erstatta.

Det vart vore gjennomført ein medarbeidarsamtaler med alle tilsette i løpet av året.

Sjukefråvær gjennom året er 1,7 %.

SSL sine oppgaver innafor landbruk og viltforvaltning

Kontoret leverer i dag lovpålagde kommunale tenester innafor landbruksforvaltning og viltforvaltning til dei tre eigarkommunane. I tillegg kjøper Sande kommune dei kommunale skogforvaltningstenestene av kontoret. Ut over dei lovpålagde tenestene gir kontoret og noko rettleiing til gardbrukarar innafor fagområda. Det vert mellom anna utarbeida gjødselplanar.

Produksjonstilskot og avløysartilskot

Det er to søknadsfristar for produksjonstilskot kvart år. Fram mot fristane er det stor pågang med spørsmål frå gardbrukarane. I etterkant ligg det og ein del arbeid med kontroll av skjema samt stikkprøvekontroll på gardsbruka. Nokre bønder sender sjølv inn søknaden elektronisk, men vi opplever at det enno er mange som søker hjelp med oss. Vi hjelpe dei som ynskte det med papirskjema, men ser at vi bør legg til rette for ei dataløysing som gardbrukarane kan nytte her ved kontoret.

Kommune	Produksjonstilskot januar 2012 *		Produksjonstilskot august 2011		Avløysartilskot 2012	
	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot	Tal på søkjarar	Utbetalt tilskot
Herøy	57	2 186 478,-	58	2 762 860,-	33	751 047,-
Ulstein	29	1 690 127,-	32	3 155 850,-	23	717 150,-
Hareid	20	842 840,-	24	1 951 820,-	17	477 877,-

*Tilskot i januar vert ikkje betalt ut til produsentar som berre driv produksjon av grovfor eller har birøkt.

Avløysing under sjukdom

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Handsama saker	2	2	5
Utbetalt refusjon 2012	70 055,-	4 550,-	94 150,-

SMIL midlar

Gjennom ordninga med Særskilde miljøtiltak i landbruket vert det mellom anna løyvd tilskot til inngjerding av beite, restaurering av bygningar, hydrotekniske tiltak og tilrettelegging i kulturlandskapet for allmennheita. Lokal strategi for tildeling av midlar vert revidert kvart fjerde år, neste revisjon er for perioden 2013 til 2016. Dei som får løyvd midlar har frist på 3 år for å gjennomføre tiltaket. Om nødvendig kan fristen forlengast med 2 år.

Søkjarar som ikkje får løyvd midlar eine året vert vurdert for tildeling seinare år.

Det er mange søknadar "i systemet" til ei kvar til og handsaminga krev ein del ressursar ved kontoret.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Inndregne midlar frå tidlegare år	165 875,-	93 350,-	10 000,-
Tildelte midlar i 2012	150 000,-	120 000,-	120 000,-
Løyvde midlar i 2012	315 875,-	213 350,-	130 000,-
Tal på søkjarar i 2012	12	2	6
Tal på søknadar frå tidlegare år, handsama i 2012	9	11	4
Tal på løyvde søknader i 2012	15	7	7
Tal på søknadar som vert avslegen	1	0	0

Regionalt miljøprogram – RMP

Ordninga har som føremål å fremje tiltak som tek i vare kulturlandskapet og som reduserar forureining.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på søkjarar i 2012	26	15	3
Utbetalt tilskot i 2012	326 684,-	69 065,-	22 450,-

NMSK mildar

Nærings- og miljøtilskot i skogbruket vert i all hovudsak nytta til skogplanting og stell av ungskog. Det vert førebels løyvd lite midlar til våre kommunar, då hogstaktiviteten er liten. Bruk av midlar krev god marknadsføring.

Kommune	Herøy	Ulstein	Hareid	Sande
Tildelte midlar i 2012	25 000,-	25 000,-	25 000,-	25 000,-
Løyvde midlar i 2012	0,-	0,-	0,-	0,-

BU saker

På søknader om bygdeutviklingstiltak gir vi tilråding før saka handsamast av Fylkesmannen. Det vart gitt uttale til ei sak i Ulstein kommune. Søknaden var frå Eiksund bygdelag på kr 300 000,-.

Jord- og konsesjonslovsaker, reguleringsplanar og kommuneplanar

Kontoret gir fagleg uttale i søknader som skal handsamast etter jordlova i Herøy og Ulstein kommune. I Herøy vert sakene handsama politisk Maritim- og teknisk komitè. I Ulstein kommune vert sakene handsama i Teknisk utval. Enkle saker vert avgjort administrativt i begge kommunane etter uttale frå landbrukssjefen. Vi saksutgreier søknader om konsesjon og legg dei fram for politisk handsaming.

I Hareid kommune vert alle saker etter jord- og konsesjonslova handsama i Næring- og miljøutvalet og landbrukssjefen står for saksutgreiinga.

Vi gir uttale til reguleringsplanar i alle kommunar.

Vi har vore med i prosessen med kommuneplanarbeidet i Hareid kommune. Herøy kommune starta opp sitt arbeid med kommuneplan og vi gir innspel på kjerneområde landbruk og kulturlandskap. Vi tek og del i arbeidsgruppa som jobbar med innspela til kommuneplanen. Det er særst viktig at landbrukskontoret tek del i heile prosessen med kommuneplanarbeidet.

I tillegg tek vi del i arbeidet med Forvaltingsplan for Runde fuglefredingsområde og arbeidet med vassforskrifta i Hareid kommune.

Tal på uttale i saker	Herøy	Ulstein	Hareid
Jordlova	19	12	4
Konsesjonslova	2	2	0
Reguleringsplanar	8	3	3
Vegbygging, naust, flytebrygger, massedeponi	13	0	0

Planlegging og rettleiing

Vi gir noko rettleiing på søknader om investeringstilskot og lån som går til Innovasjon Norge. Det er i stor grad landbruket sin eigne organisasjonar og rekneskapskontor som står for slik rettleiing.

Vi gir og landbruksfagleg uttale i trygdesaker m.m. der det trengs økonomiske vurderingar av landbruksfagleg art, samt saker om tidlegpensjon i landbruket.

Gjødselplanar

Arbeidet med å lage gjødselplanar har drege litt ut i tid. Det har vore utfordringar knytt til å få plass nytt dataprogram. Vi har samarbeida med landbrukskontora i Vanylven og Sande for opplæring i dataprogrammet. Målsettinga er å få laga gjødselplanar for dei som har tinga plan før sesongen 2013.

Skogforvaltning

Orkanen Dagmar i romjula 2011 ga ei stor auka i førespurnader til kontoret frå nyåret og framover våren. Mykje skade vart synfart og det tok mykje tid i telefonen for å svar på spørsmål. I fyrste runde handla det om å rettleie dei som var råka og lage ei oversikt over skadeomfanget.

Det vart sendet ut brev til alle skogeigarane i kommunen med informasjon om opprydding av vindfall og om tilskotsordningane i skogbruket. 14. februar inviterte vi alle skogeigarane som var råka til informasjonsmøte på Kjeldsund ungdomssenter. Møtet vart og annonsert. Det møtte om lag 80 deltakarar. Møtet vart arrangert i samarbeid med Søre Sunnmøre Skogeigarlag og vi fekk god hjelp av skogbruksleiar Håkon Eliassen i Allskog til det faglege programmet.

Trongen til praktisk kunnskap var stor og vi tok initiativet til å få til eit Aktivt Skogbruk kurs i vindfallhogst. Kurset vart arrangert hos Geir Øvrelid på Øvrelid i Hareid med Hans Fjerdrumsmoen som instruktør.

Begge arrangementa fekk god omtale i pressa.

I tillegg ligg administrasjon av skogfondsordninga og søknader om bygging av landbruksveggar til kontoret. Det vart handsama 2 søknader om bygging av traktorveggar i Hareid og 1 søknad i Herøy.

Viltforvaltning

Kontoret er sekretær for Nemnd for vilt, fiske og friluft i Herøy kommune og sekretær for Viltnemnda i Ulstein kommune. I Hareid kommune er har vi saksutgreiing for Næring- og miljøutvalet.

Innafor saksområdet er det særst mange saker om hjort og grågå. Det kom ny føreskrift om forvaltning av hjortevilt på nyåret med ein del endringar. For å få ut god informasjon om endringane inviterte vi til eit informasjonsmøte i kvar kommune. Møta vart arrangert 13. august i Hareid, 15. august i Herøy og 22. august i Ulstein.

	Herøy	Ulstein	Hareid
Tal på politisk handsama saker	24	42	13

For tida ligg og sekretariatet for Søre Sunnmøre Hjorteviltutval til kontoret. Denne oppgåve ambulerar mellom medlemskommunane.

Andre oppgaver ved SSL

Hoppid.no

Kontoret er og lokalt Hoppid-kontor for Herøy, Ulstein og Hareid. Gjennom førstlinetenesta gir vi enkel rettleiing til etablerarar og løyver tilskot frå det lokale Hoppid-fondet.

Drøftinga om plasseringa av fystelinetenesta i kommunane har halde fram gjennom året utan at det har vore landa ei ny løysing. I påvente av ei avklaring har tenesta halde fram her ved kontoret. Oppgåva har vore løyst på enklaste vis ved å gje enkel rettleiing og å handsame søknadar om avklaringsmidlar. Fylkeskommunen tildelte kr 200.000,- i nye avklaringsmidlar i 2012.

Dragsundbygg IKS

Vi sel og tenesta som *dagleg leiar* for Dragsundbygg IKS. Dette er eit interkommunalt selskap der Herøy, Hareid, Volda, Sande og Vanylven kommune er eigarar. Bygget vert leigd ut til Mattilsynet og Kystlab. Det har vore 4 styremøte og representantskapsmøte.

Andre leigetakarar

Eit av kontora våre vert leigd ut til skogbruksleiar Håkon Eliassen i Allskog. Om lag ein dag pr veke har Morten Feiring i Landbruks Nordvest "gjestekontor plass".

Drift av kontoret

I samband med fornying av leigekontrakt med huseigar vart kjøkenet fornya med oppvaskmaskin og kjøleskap. Det var og installert varmepumpe.

Ny dataløysing kom på plass i løpet av hausten. Serveren vart flytta og vi leiger no servertenesta av Herøy kommune. Støyplagene i fellesarealet vart vesentleg redusert og det vart ein ny kvardag for alle.

Det vart og investert i nye telefonar og nytt telefonsystem. Endringa gjer at vi kan kople elektronisk kalender til telefonane og kundane får melding når vi ikkje er tilstades. Dei gongene kontoret held stengt kan vi no kople sentralbordet vidare til Servicekontoret i Herøy kommune. Investeringa vil gje ein betre service til kundane.

Arbeidet med ny heimeside vart starta opp på tampen av året. Vi held fram med avtala med Fantastiske Osberget. Dei lagar ny design og vi tek sjølve arbeidet med å legge inn informasjon.

Dragsund 25.04.2013

Gry Olaug Dimmen /s
leiar

Wenche Osnes Låbakk
styremedlem


Annika Brandal
styremedlem

Jarl Grimstad /s
nestleiar

Olav O. Dimmen /s
styremedlem

Hallgeir Teigene /s
styremedlem


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2013/624
		Arkiv:	A03

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
98/13	Formannskapet	14.05.2013
	Kommunestyret	23.05.2013

OPPLÆRINGSKONTORET HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN - OMORGANISERING/ENDRING AV VEDTEKTENE

Tilråding:

Herøy kommunestyre tek organisasjonsendringa av Opplæringskontoret til vitande.

Herøy kommunestyre godkjenner dei nye vedtektene, jfr. vedlegg i saka.

Herøy kommunestyre stadfestar at etablert praksis for val av styrerepresentantar til styret i Opplæringskontoret blir etablert som formell ordning; Rådmannen utpeikar kommunens representant til styret.

Særutskrift:
Opplæringskontoret
Hareid kommune
Herøy kommune
Ulstein kommune
Vanylven kommune

Vedlegg:

Nye vedtekter for Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre

Saksopplysningar:

Saka er utarbeida likelydande til kommunane Herøy, Sande, Ulstein, Hareid og Vanylven.

Historikken til kontoret

Opplæringskontoret vart oppretta av Hareid kommune i 1995 med bakgrunn i Reform 94, der fleire kommunale fag vart gjort til lærefag. Fylkeskommunen såg behovet for ei samordning av ressursane og kontakta Hareid kommune med ynskje om å stifte eit interkommunalt opplæringskontor som dekte ytre søre Sunnmøre. Frå 1. januar 1999 vart kontoret oppretta med medlemskommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein som eigarar.

Frå 1. januar 2008 vart også Vanylven kommune med. I 2008 opna styret for at private barnehagar kunne vere medlemmer. Alle verksemdar som skal driva opplæring, må vera godkjende av fylket. Til no er fire private barnehagar medlemmar i Opplæringskontoret.

Skildring av omorganiseringa

I 2010 vart det fremja forslag frå dåværande rådmann i Herøy, Rune Sjurgard, om å sjå på den uklare organiseringa av Opplæringskontoret. Styret for opplæringskontoret har sidan arbeidd med å få på plass ei tydelegare organisering. Nye vedtekter er utarbeidd som følgje av dette.

Til no har Opplæringskontoret vore administrativt knytt til Område for Ressurscenter i Hareid kommune. I den nye organiseringa vil kontoret verta fristilt og registrert som eiga bedrift i Brønnøysundregisteret, som ei forening. Opplæringskontoret vil flytte frå Hareid kommune sine lokale, til eige kontor ved Ullshav i Ulsteinvik, med eigen rekneskapsfører. Styret har arbeidsgjevaransvar og Årsmøtet er øvste mynde.

Vedtektene

Dei nye vedtektene er endra for å tilpassa seg den nye organisasjonsforma.

Organisasjonsforma vert den same som for andre opplæringskontor i fylket og medlemsbedriftene betaler 1000 kr/år i avgift for å vere medlem i kontoret. Det var ikkje medlemskontingent i dei gamle vedtektene, men med medlemsavgift får kommunane og private bedrifter vere medlem til ei kvar tid, sjølv når dei ikkje har lærling. Nytt er også at dei private medlemsbedriftene får med ein felles representant i styret.

Ein har gått vekk frå at Opplæringskontoret berre er for kommunale fag. Ved å opne for andre fag kan ein halde oppe økonomien i kontoret i eventuelle nedgangsperiodar.

Representasjon i styret

Spørsmålet om kven som skal sitja i styret, politikarar eller administrasjon har vore drøfta undervegs i prosessen. Til no har representantane i styret vore utpeika frå administrasjonen, med grunnlag i relevant fagkunnskap, ei ordning som vert tilrådd vidareført med grunnlag i erfaringane så langt.

Til Årsmøtet – som er Opplæringskontoret sitt eigarorgan – kan kvar medlemsbedrift møta med minst ein representant i tillegg til styremedlemmane.

Vurdering og konklusjon:

Ettersom kommunane er eigarar av kontoret må organisasjonsendringar godkjennast av det enkelte kommunestyre.

Det er ei felles interesse at ein får på plass ei tydelegare organisering av Opplæringskontoret, det skjer gjennom dei føreslegne endringane i vedtektene som årsmøtet behandla i møte 18.03.13.

I kraft av sitt eigarskap må kommunane dessutan sikra seg styring, kontroll og innsyn i tråd med vedtekne Retningslinjer og rutinar for eigarskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement.

Fosnavåg, 07.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Sakshandsamar:
Torhild Aakre Støylen
Personalrådgjevar Sande kommune



**VEDTEKTER
FOR
OPPLÆRINGSKONTORET FOR SØRE SUNNMØRE.**

- Vedtak på årsmøte den 9. mai 1996.
- Godkjent Yrkesopplæringsnemnda 1996.
- Endra på årsmøte i mars 2002.
- Endra på årsmøte 28.mars 2008.
- Godkjent Yrkesopplæringsnemnda mars 2013.

§ 1 NAMN

Kontoret sitt namn er: «Opplæringskontoret for søre Sunnmøre»
Organisasjonsform: Foreining

§ 2 FØREMÅL

På vegne av medlemsbedrifter på søre Sunnmøre, er føremålet til Opplæringskontoret å legge til rette opplæring for lærlingar og lære kandidatlar i tråd med Opplæringslova. Opplæringskontoret er eit samarbeidsorgan mellom fleire bedrifter som har teke på seg opplæringsansvar i samsvar med fastsette læreplanar i aktuelle fag.

Opplæringskontoret skal koordinere og støtte medlemmane si fagopplæring og medverke til at opplæringa held god fagleg kvalitet.

Kontoret skal representere kommunane og medlemsbedrifter ut mot elevlar i vidaregåande skule, samt vere bindeledd og kontaktperson mellom skule og lærebedrift. Kontoret skal aktivt arbeide med informasjonsformidling på opplæringsplassane.

Kontoret skal gje råd om opplæringstilbod, analysere opplæringsbehov og utvikle planar for opplæring.

§ 3 MEDLEMSKAP

Medlemmar er kommunar og private bedrifter på søre Sunnmøre.

Søknad om medlemskap i Opplæringskontoret frå andre kommunar/bedrifter, eller offentlege etatar, vert avgjort av styret.

Medlemmar vert tekne opp etter at avgift, fastsett av kontoret sitt årsmøte, er betalt.

Utmelding frå Opplæringskontoret skal eventuelt skje med eitt år skriftleg varsel. Alle lærlingar som har oppretta kontrakt gjennom/med Opplæringskontoret, skal fullføre si læretid gjennom dette forholdet, sjølv om bedrifta seier opp sitt medlemsforhold før kontraktfesta læretid er avslutta.



§ 4 OPPLÆRINGSKONTORET OG MEDLEMSBEDRIFTENE SITT ANSVAR

Opplæringskontoret har som føremål å vere eit serviceorgan for opplæringsbedriftene som er tilslutta kontoret.

Opplæringskontoret pliktar å:

- ✓ søkje etter lærlingar og halde seg oppdatert med behovet for, og tilgang på, lærlingar innan dei aktuelle faga.
- ✓ teikne lærekontrakt med lærlingen og plassere vedkomande i ein eller fleire medlemsbedrifter. Det må ligge føre opplæringsplan for kvar einskild lærling.
- ✓ vere med å gi råd og hjelp slik at konflikhtar som oppstår i høve til læreforholdet kan løysast.
- ✓ vere ansvarleg for å sende oppmelding til fagprøve til utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal i god tid før læretida går ut.
- ✓ arbeide for omplassering av lærling til ny opplæringsbedrift dersom ein lærlingkontrakt ikkje kan vidareførast grunna innskrenkar eller permitteringar ved ei anna medlemsbedrift.

Utdanningsavdelinga i Fylkeskommunen skal:

- ✓ godkjenne lærekontrakten og lærebedrift(ene) som det er inngått lærekontrakt/opplæringsavtalar med.

Medlemsbedriftene pliktar å:

- ✓ varsle Opplæringskontoret i fall opplæringa ikkje kan vidareførast grunna permitteringar, innskrenkingar eller andre tilhøve ved medlemsbedrifta.
- ✓ ta i mot lærlingar i den grad det er praktisk mogleg, og gi dei allsidig praksis i samsvar med opplæringsplanen
- ✓ skjøtte arbeidsgivaransvar for lærlingane



§ 5 ØKONOMI

Drifta av Opplæringskontoret er finansiert gjennom etableringstilskot, årsavgift frå medlemsbedriftene, driftstilskot og lærlingstilskot.

Alle tilskot vert formidla til Opplæringskontoret, som igjen fordeler tilskota til lærebedriftene. Årsmøtet avgjer kor stor del av tilskotet som skal fordelast på lærebedriftene.

Løn, sosiale kostnader og andre kostnader i forbindelse med lærlingens tilsettingsforhold skal dekkast av medlem eller lærebedrift.

Årsavgift for medlemsbedriftene blir regulert av årsmøtet. Rekneskapen for Opplæringskontoret blir revidert av godkjend revisor som blir vald av årsmøtet.

Dersom tilskotssatsane vert endra/fell bort, eller at andre tilhøve gjer at den vert underskot på driftsmidlar, pliktar dei som er med i Opplæringskontoret å dekke dette underskotet etter ein fordelingsnøkkel basert på kor mange månadsverk lærlingen har vore i verksemda.

Eventuelt overskot skal delast etter same fordelingsnøkkel.

Ved eventuell oppløysing av kontoret skal alle midlar og eigendelar overførast til medlemsbedriftene.

§ 6 ÅRSMØTE

Årsmøtet er Opplæringskontoret sitt øvste mynde. Ordinært årsmøte skal som hovudregel gjennomførast innan utgangen av mars månad kvart år.

På årsmøtet kan kvar medlemsbedrift og arbeidstakarorganisasjonane møte med minst ein representant, i tillegg til styremedlemmane.

Ved avstemming har den valde arbeidstakarrepresentanten ei stemme. Representanten for dei private bedriftene har ei stemme. Medlemskommunane har ei stemme kvar.

Årsmøtet vert innkalla med minst 14 dagars varsel av styret sin leiar. Innkallinga skal vere skriftleg og ha oversikt over dei sakene som skal handsamast.

Årsmøtet skal handsame følgjande saker:

- Årsmelding
- Rekneskap med bruk av årsoverskot eller dekking av underskot
- Budsjett
- Val av godkjend revisjon



- Val av styrerepresentantar med personlege vararepresentantar
- Val av leiar og nestleiar
- Val av valnemnd
- Fastsetjing av årsavgift for medlemskap i Opplæringskontoret
- Endring av vedtekter
- Andre saker nemnt i innkallinga eller som årsmøtet vil ta opp

Årsmøtet avgjer vanlege årsmøtesaker ved alminneleg fleirtal.

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal.

For årsmøtet blir det ført protokoll som skal underteiknast av møteleiar samt ein representant valt av årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte blir halde i fall styret finn det naudsynt, eller når meir enn 1/3 av medlemsbedriftene i Opplæringskontoret krev det.

§ 7 STYRET

Opplæringskontoret for søre Sunnmøre blir leia av eit styre valt av årsmøte.

Styret skal bestå av minimum 1 medlem frå kvar kommune med personleg vara, 1 frå dei private medlemsbedriftene med vara, og 1 frå arbeidstakarorganisasjonar, med vara.

Leiar og nestleiar blir valt separat av årsmøtet og for to år om gongen. Andre representantar i styret med vara, blir og valt for to år om gongen. Kvart år er minst to, men likevel høgst tre av styret sine medlemmar på val.

Styremøte blir halde minst tre gonger i året. Styremøte skal elles haldast når leiar eller minst tre av representantane i styret finn det naudsynt.

Frå styremøta skal det førast protokoll som blir underteikna av protokollførar og leiar.

Utdanningsavdelinga kan kallast inn til årsmøte og styremøte, og har rett til å vere tilstade med ein representant. Denne har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

Styret er vedtaksført når fire av medlemmane er tilstades.



§ 8 ADMINISTRASJON

Opplæringskontoret har dagleg leiar.

Tilsette ved Opplæringskontoret blir tilsett av styret.

Arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Opplæringskontoret ligg til styret.

Opplæringskontoret har kontraktansvar for lærlingane i kontoret, og skal føre tilsyn med opplæringa i lærebedriftene tilslutta Opplæringskontoret gjennom fagleg leiar i det faget lærekontrakten gjeld.

Opplæringskontoret må ha løpande kontakt med utdanningsavdelinga.

Dagleg leiar har det øvste administrative ansvaret for drifta av kontoret og skal:

- drive kontoret etter instruksar og regelverk som til ei kvar tid gjeld
- førebu saker for styret og etter avtale med styreleiar, kalle inn til styremøte
- vere sekretariat for styret
- saman med Yrkesopplæringsnemnda ha ansvar for formidling av elevar til læreplassane i Opplæringskontoret


§ 9 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektsendringar blir handsama på årsmøte og skal godkjennast av Yrkesopplæringsnemnda.

Opplysing av Opplæringskontoret kan berre skje på ordinært årsmøte og krev 2/3 fleirtal.

Delegasjonssaker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane



Gv Bensin AS

Myklebustvegen 67
6092 FOSNAVÅG

DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	WM	Saksnr.	2013/1
Utvalssaksnr:	9/13	Arkiv:	U63
		Vedtaksdato:	15.04.2013

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Søknad om serveringsløyv

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" § 3 pkt. 1, vedteke K-sak 91/02, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt

Vedtak:

Gv Vensin AS, org.nr 999234569, får serveringsløyve som omsøkt ved bensinstasjon i Myklebustvegen 67.

Opningstider kvardagar og laurdag i tida 08.00-24.00, søndag 09.00-24.00.

Styrar for løyvet er Rikke Remøy.

Vedtaket er gjort med heimel i serveringslova § 3.

Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skriftleg og grunngjeven. Klaga sendast til Herøy kommune, pb 274, 6099 Fosnavåg.

Saksopplysningar:

GV Bensin AS søker om serveringsløyve for bensinstasjon i Myklebustvegen 67. Opningstidene skal vere kvardagar og laurdag i tida 08.00-24.00. Søndag i tida 09.00-24.00.

Skatteoppkrevjaren har ikkje merknader i saka.

Styrrar for løyvet er Rikke Remøy som har etablerarprøven.


Vurdering og konklusjon:

Søklar fyller krava i serveringslova og løyve vert gitt som omsøkt.

Wenche Moltu

Referatsaker

Referatsaker



NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2012/33

Arkivkode
L12

Dato
18.04.2013

REGULERINGSPLAN FOR FOSNAVÅG HAMNE - VURDERING/TILBAKEMELDING

Bakgrunn

Formannskapet handsama forslag til reguleringsplan for Fosnavåg hamn i møte 19.2.2013. Rådmannen rådde til at reguleringsplanen vart sendt over til kommunestyret for slutthandsaming.

Formannskapet gjorde slikt vedtak:


Formannskapet sender saka attende til administrasjonen. Ein ber om at følgjande vert nærare vurdert/avklara:

- *Alternativ lokalisering av busslomme med sikte på å frigi noko areal til bustadformål.*
- *Omgjering av vern av bygningar på Notaneset. Ein ber om at det vert teke kontakt med fylkeskommunen med sikte på omgjering av bygningsvernet for nausta på Notaneset.*

Samferdselsdepartementet la i møte 12. april fram Stortingsmelding nr. 26. Nasjonal transportplan 2014-2023 (NTP) for Statsråd. I NTP er utdjuing er Fosnavåg hamn gitt prioritet, ved at det er sett av 50 millionar kroner. Oppstart er sett til 2014. Kystverket krev at det må liggje føre godkjent reguleringsplan som ivaretek fiskeriinteressene i området, før utdjuing kan skje. Det hastar såleis med å få godkjent reguleringsplanen for Fosnavåg hamn.

Vurdering

Administrasjonen har sett nærare på alternativ lokalisering av busslomme med sikte på frigjeving av areal til bustadformål. Ein har etter ei grundig vurdering kome til at det er rom for ei tomt på om lag 940 m² innanfor området, som i reguleringsplanforslaget er foreslått utlagt til friområde.



Forslag til plassering av bustadtomt.

Forslaget ovanfor, er etter administrasjonen si vurdering ei god løysing. Løysinga medfører ikkje endringar av tilkomstvegen til Vågsholmen og planlagd busslomme på Notaneset. Busslomma med inn- og utkøyring er plassert på gunstigaste punkt i forhold til vegen som fører til Vågsholmen (høgder og kurvatur).

Synfaring vart gjennomført 12. mars 2013. Fråsegn frå kulturavdelinga etter synfaringa vart motteken 8. april 2013. Møre og Romsdal fylkeskommune ved kulturavdelinga viser til deira tidlegare motsegn i saka (datert 22.11.2012) og til synfaringa 12. mars 2013. Kulturavdelinga opprettheld motsegna mot reguleringsplanforslaget. Det vil sei at dei krev at alle nausta (4 stk.) på Notaneset skal vernast. Kommunen må no ta stilling til motsegna.

Sakshandsamar har vore i dialog med kulturavdelinga, for å drøfta alternative løysingar. Etter administrasjonen si vurdering har ein følgjande alternativ:

1. Halde området med naust på Notaneset unna rettsverknad, medan ein stadfestar resten av planen i påvente av vidare saksgong.
2. Kommunen kan be om at saka vert lagt fram for fylkeskulturutvalet, som kan overprøve kulturavdelinga si motsegn.

Ut i frå at det no hastar med å få godkjent reguleringsplanen for Fosnavåg hamn rår rådmannen til ein tek området på Notaneset ut av reguleringsplanforslaget i påvente av vidare saksgang. Alternativ 2 til løysing vil ta vesentleg lenger tid og er såleis ikkje å anbefale.

Det vert lagt opp til ein grundigare presentasjon i møtet.

Med helsing

Berit Sandvik Skeide

Goksøy Camping

6096 Runde

Tlf. 700 85 905 / 924 12 298

www.insel-runde.de camping@goksoyr.no

Til Herøy kommune

v/ den dette måtte vedkome.

Er adressaten feil eller ansvaret delt, gjer vél og send til rette instans.

TOALETTSITUASJONEN FOR DAGSBESØKJANDE PÅ RUNDE: STENGDE DØRER!

Det er søndag 21.04.13. Turistsesongen er så smått i gang, men talet på dagsturistar har alt vore høgt lenge, spesielt i helgene. I påska var her tidvis parkeringskaos. Eigentleg er her ein jamn straum av dagsbesøkjande også gjennom heile vinterhalvåret. Runde har vorte eit populært utfartsmål heile året. Det er for så vidt positivt, og dei fleste vintergjester er folk frå distriktet som er på kombinert utflukt og trimtur. Altså snakkar vi om folkehelse – noko det bør leggjast til rette for.

Å måtte "tre av på naturens vegne" under turar i skog og mark er noko dei fleste godt kan leve med. Men når så mange trakkar på eit så lite område, attpåtil stort sett i ope lende og bebygde område, vert det annleis. Øya er berre 6,4 kvadratkilometer, men har kanskje opp mot 100.000 besøkjande i året. I praksis nyttar gjestene likevel berre mindre enn halvparten av grunnflata, og trykket vert tilsvarande stort. Truleg går over 50.000 av dei besøkjande på fjellet. Desse har rimelegvis "behov" både når dei skal opp og ikkje minst når dei kjem att. Det må altså vere tilgjengelege toalett skal dette fungere. Eigentleg burde det vere avtrede på fjellet også; Mange er der halve eller heile dagen. Men vi har då 2 offentlege toalett, vil ein kunne innvende. Javisst, men dei er stengde store delar av året! Og kven får då "lov å vere offentlig toalett"? Jau, private bedrifter innan servéring og overnatting, til dels også private heimar, men i hovudsak campingplassen!

Goksøy Camping er inne i sin 40. sesong. Kor mange 100.000 "verdige trengande" vi har måtta "hjelp" desse åra, er uråd å talfeste. Men fordi vi, til skilnad frå dei fleste andre, som berre skummar fløyten, kjenner ansvar og er tilgjengelege heile året, får vi ta støyten også frå folk som ikkje vil anna enn "lette på trykket". Dette vert heilt feil; Ei privat bedrift er ikkje noko offentlig toalett, og no tek vi endeleg bladet frå munnen!

Det stod lenge eit perfekt plassert offentleg toalett ved søre molo på hamna. Sjølv om huset var gammalt og primitivt, hadde alt for kort "sesong" osv., var det til god hjelp. Uverdige forhold for besøkjande og utriveleg tilstandar i naustkrøp og langs kaiene vart eliminerte. Men så fann kloke hovud på at dette av ein eller annan uforståeleg grunn måtte vekk. Underteikna tilbød å fjerne det gratis (ta det hit for vidare bruk). Hilbron Runde kunne rive det for 2.500,- I staden troppa 10-12 mann opp og gjorde jobben over fleire dagar. "Motorsagmassakren" var det kalla på bygda. Kostnaden vågar vi ikkje å anslå, men hadde i alle fall dekt eventuelle, nødvendige reparasjonskostnader.

Så kom dette altoppslukande miljøsenderet på banen, sjarmerte folk flest, presse, grunneigarar og det offentlege i senk med "véltalenheit" og ein grøn og ein blå flekk logoen. Forskning vart visst ei bisak; Med andre sine pengar skulle vi som driv reiseliv konkurrerast av banen! Også kommunen gjekk inn med pengar; Ein halv million for å stille toaletta til rådvelde for offentleg bruk, samt fast årleg tilskot til drift. Det kunne sanneleg vi andre også ha tenkt oss! Men ok, sjølv om toalettet er vanskeleg å finne og heilt feilplassert i høve til behovet, er det der, fint og funksjonelt, og pengane går rett på konto. Kva meir kan ein ønskje? Jau, at det er ope!! No nettopp, etter at bankar og det offentlege strauk gamle millionar og skaut inn nye, "skal vi verte endå betre", sa Hareide (!!) i flg. pressa. Ein start ville ha vore å låse opp døra!

Så har vi parkeringsplassen i Goksøy, stor og praktisk med ditto pent toalett, også her betalt av det offentlege. Eigar har vore sagt å vere Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen, drivar kommunen. Dessverre er også dette anlegget feilplassert. Men igjen: Ok, plassen er der, huset står der. Då må dørene låsast opp - toaletta må vere tilgjengelege!!

Dette vil vi ikkje finne oss i lenger; Dette er ikkje rett! Alt no kjem det kvar dag dusinvis av folk til oss og klagar over stengde dører. Vi kan ikkje avvise dei; Det er berre å tenkje seg sjølv i tilsvarande situasjon! Om kort tid er her hundrevis, for ikkje å seie tusenvis av menneske på øya kvar dag. Tilgrisinga aukar igjen. Bak det låste toalettet på parkeringsplassen ser det stadig ut som ein svinesti, trass i at vi for skam skuld ofte ryddar på annan manns eigedom; Ein dritjobb kan ein trygt kalle det. I krøpa langs hamna er det også meir ekskrement igjen. Dette går ikkje, vi sel jo trass alt rein natur, trivsel og velvære.

Skulle det vere vanskeleg å få opna dørene både på den eine og den andre plassen, er det berre å overføre driftstilskot til oss. Får vi i tillegg ein halv million til opprustning, er vi berre velvilje og lovar å ta imot "verdige trengande" med opne dører! For i praksis var, er og vert det vi som uansett må hjelpe dei fleste likevel, strategisk plassert som vi ligg.

Det er freistande å ta med litt om vertskapsrolle og turistinfo også, for i grove trekk er det same problema der: Kort/dårleg tilgjengeleg info og lite forståing for folk sine problem og området sine behov. Vi driv uansett nesten døgnopen heilårsinfo, men får ikkje noko for det heller. For den summen turistinfoen opererer med, kunne vi ha drifta offisielt 12 månader i året og hatt pengar til overs for kjøp av endå meir PR i utlandet enn vi alt gjer. Men andre

gode medspelarar enn Sunnmøre Kredittbank/Sunnmørsbanken/Nordéa til marknadsrente har vi aldri hatt. Ei offentleg krone har aldri tilfalle oss. Prinsippielt bør det vel vere slik også. Men samstundes bør det vere likt for alle. Det er det altså ikkje.

Uansett undrar det oss mykje at ingen synest å ville nytte seg av 40 års bransjeerfaring og elles Knut Asle sitt lange liv på Runde. Vi kan det meste om det meste, er no dei absolutte seniorane i bransjen og handterer, sidan Inguna kom med på laget for 10 år sidan, rundt 10 språk. Er det fordi vi er "berre ein campingplass"?

Mvh

Goksøyr Camping

Inguna og Knut Asle Goksøyr

Fra: postmottak
Sendt: 22. april 2013 08:14
Til: Arkiv
Emne: FW: TOALETTSITUASJONEN FOR BESØKJANDE PÅ RUNDE

Helsing

HERØY KOMMUNE

Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: Goksøyr Camping [mailto:camping@goksoyr.no]
Sendt: 22. april 2013 00:20
Til: postmottak
Emne: TOALETTSITUASJONEN FOR BESØKJANDE PÅ RUNDE

Herøy kommune

Sjå vedlegg.

Mvh
Goksøyr Camping
Knut A. Goksøyr
N-6096 Runde

Tel. 00 47 700 85 905

www.insel-runde.de
www.goksoyr.no
www.runde.nl